

Retorikk i framstillinga av naud

- ein kvalitativ studie av naudhjelpsorganisasjonen Leger uten grenser sin kampanje *Glemte Kriser 2014* på nett.



Øyvind Aase Fluge

Masteroppgåve i medievitskap

Institutt for informasjons- og medievitskap

Universitetet i Bergen



1.0 Innleiing	s. 4
1.1 <i>Generell introduksjon</i>	s. 4
1.2 <i>Tematikk</i>	s. 5
1.3 <i>Aktualitet: Glemte Kriser, Smurfs PSA og Theas bryllup</i>	s. 6
1.4 <i>Compassion fatigue</i>	s. 10
2.0 Problemstilling	s. 12
2.1 <i>Forklaring og bakgrunn</i>	s. 12
2.2 <i>Mål ved forskning</i>	s. 13
2.3 <i>Formulering av forskings spørsmål</i>	s. 13
3.0 Teori	s. 14
3.1 <i>Forskingslitteratur</i>	s. 14
3.2 <i>Liknande forskning</i>	s. 16
3.3 <i>Plassering av problemstilling iht. til tidlegare forskning</i>	s. 17
3.4 <i>Retorikk</i>	s. 18
3.5 <i>Multimodal og visuell retorikk</i>	s. 19
4.0 Metode	s. 20
4.1 <i>Kvalitativ innhaldsanalyse</i>	s. 20
4.2 <i>Protocol analysis/tenke-høgt-lesingsstudie</i>	s. 21
4.3 <i>Relevante omgrep</i>	s. 24
5.0 Materiale	s. 30
5.1 <i>Materiale og studieområde</i>	s. 30
6.0 Framgangsmåte	s. 33
6.1 <i>Plan for innsamling av data</i>	s. 33
6.2 <i>Ressursar og tilgang</i>	s. 33
7.0 Analyse	s. 34
7.1 <i>Kvalitativ innhaldsanalyse med fokus på retoriske verkemiddel i Leger uten grenser sin kampanje på nett: Glemte kriser 2014</i>	s. 34
7.2 <i>Protocol analysis/tenke-høgt-lesingsstudie av retorisk resepsjon i Leger uten grenser sin kampanje på nett: Glemte kriser 2014</i>	s. 34

8.0 Hovuddel.....	s. 36
8.1 <i>Kvalitativ innhaldsanalyse.....</i>	s. 36
8.1.1 <i>Inventio: innhald og argumentasjon.....</i>	s. 36
8.1.2 <i>Dispositio: struktur.....</i>	s. 48
8.1.3 <i>Elocutio: stil og uttrykk.....</i>	s. 50
8.1.4 <i>Appellform: ethos, pathos og logos.....</i>	s. 52
8.1.5 <i>Oppsummering: compassion fattigve - mengde informasjon, negative formuleringar, identifikasjon og handling - maktesløyse.....</i>	s. 55
8.2 <i>Protocol analysis/tenke-høgt-lesingsstudie.....</i>	s. 58
8.2.1 <i>Introduksjon av studiet, framgangsmåte overfor respondentar og tekniske problemstillingar.....</i>	s. 58
8.2.2 <i>Samtale med respondent 1.....</i>	s. 62
8.2.3 <i>Mengde informasjon.....</i>	s. 66
8.2.4 <i>Negativ informasjon.....</i>	s. 71
8.2.5 <i>Identifikasjon.....</i>	s. 76
8.2.6 <i>Handling – maktesløyse.....</i>	s. 81
8.2.7 <i>Oppsummering.....</i>	s. 88
9.0 Konklusjon.....	s. 90
10.0 Diskusjon.....	s. 92
10.1 <i>Aktualitet.....</i>	s. 93
10.2 <i>Compassion fatigue og vinkling i media.....</i>	s. 94
11.0 Kjelder.....	s. 96

1.0 Innleiing

1.1 Generell introduksjon

Framstillinga av naud i media og pressa er eit tema som blir diskutert fram og attende. Ein må på ein eller annan måte få fram budskapet om at andre menneske lever i ekstrem naud. Dette er eit spørsmål som er særst aktuelt både for journalistar, pressebyrå, naudhjelpsorganisasjonar og generelt for dei fleste medieaktørar i samfunnet. Det å vise fram naud i media er viktig, men til same tid vanskeleg og til tider særst komplisert. Dette fordi ein har eit ansvar overfor publikum om å vise kva som faktisk skjer, men samstundes spare dei som er ramma for overdriven eksponering i offentlegheita. Bilete som viser dei faktiske tilhøva i ei konfliktsone, menneske som har mist alt eller er i ferd med å gjere det, skildringar av vald og sjukdom, går ofte igjen. Dette er tema som stadig er til stades i nyheitsbiletet.

Det eg har merka meg, er at fleire naudhjelpsorganisasjonar til tider konsentrerer seg om å få fram ulike nisjar innanfor naudhjelpsarbeid, i staden for å konsentrere seg om å teikne eit større bilete. Men samstundes kan ein kanskje seie at dei nyttar seg av, til tider, alt for snevre framstillingar som vanskeleg kan femne om dei ulike dimensjonane det overordna omgrepet naudhjelp representerer. Ein forenkler altså framstillinga av eit prosjekt slik at det vart enklare for folk å oppfatte. Men korleis kan dette ha noko føre seg? Vil ein oppnå at folk har lettare for å engasjere seg i naudhjelpssaker dersom budskapet er lettfatteleg, eller kan slike framstillingar eksempelvis vere med på å fremje teorien om *Compassion fatigue*?

Compassion fatigue er eit omgrep som har dukka opp innafor medieforskinga som eit resultat av at ein i media i dei seinaste åra presenterer stadig fleire bilete og saker frå område eller land som er råka av ekstrem naud. Det vere seg krig, epidemiutbrot, naturkatastrofar, etc. Som eit resultat av dette meiner fleire forskarar, kommunikasjonarbeidarar og journalistar at dette har ført til ei form for *compassion fatigue* blant publikum. Det vil altså seie at dei som vert utsette for all denne medierte lidinga, ikkje klarar å ha medkjensle med alle individa som openbart er råka av ei eller anna form for ekstrem naud.

Elisabeth Eide freistar også å røre ved denne tematikken i si bok *De der nede – Reportasje utenfor alfarvei* (2001). Ho spør seg om det verkeleg er slik at ein journalist frå det rike Europa *kan* kome til eit stadium der ho snakkar på vegne av andre (slik dei heile tida gjer) på ein måte som gir meining (i tydinga ikkje-hierarkisk, fri for kolonianismens og

nykolonianismens spor) for *dei andre, der nede* (Eide, 2001, s. 24)? Boka består av fleire aktuelle journalistiske utanriksartiklar og i innleiinga freistar Eide å konkludere slik:

Et av de journalistiske idealene; å vere den «lille manns forsvarer», harmoniserer med denne måten å tenke på. Slikt forsvar inngår i mediernes samfunnsoppdrag, som kan sies å vere å ta vare på menneskeverdet. I globaliseringens tidsalder er det i større grad enn før også et globalt ansvar fordi vi i vesten i dag er i stand til å påføre den andre «fjernkontrollerte lidelser» (Spivak 1996:277) ved små tastetrykk (Eide, 2001, s. 25).

Denne overeksponeringa og *kravet* om å føle medkjensle ved kvar einaste anledning ein opnar ei avis eller nyttar seg av eit medium, ville då føre til *compassion fatigue*, altså at ein stenger ute det grusomme som vært vist framføre ein. Ein kan altså seie at ein vert apatisk ovanfor den medierte lidinga ein opplever.

1.2 Tematikk

Mange naudhjelpsorganisasjonar, som eksempelvis Unicef og PLAN Noreg, nyttar seg i større grad av alternative framstillingar og måtar å nå folk på. Det eg ønskjer, er å undersøkje korleis publikum oppfattar og tolkar det arbeidet naudhjelpsorganisasjonar faktisk gjer gjennom basert på korleis organisasjonane sjølv vel å presentere seg. Ikkje korleis dette vært vidareformidla visuelt i generelle nyheiter gjennom ulike mediekanalar som eksempelvis aviser og fjernsyn. Dette fordi det er ei nyttig avgrensing av forskingsfeltet mitt. Ein kan difor kanskje nytte seg av dette arbeidet dersom ein vel å gjere ein analyse av visuell argumentasjon innanfor ulike mediekanalar. Eg ønskjer å sjå på naudhjelpsorganisasjonanes eigen journalistikk og produksjon av mediemateriale. Tematikken til dette prosjektet er inspirert av medieteoriar samt medieforskning som har reist kritikk mot korleis ein framstiller naud i media. Frå mi side er det eit ønskje å sjå på om det er noko ved denne kritikken. Med dette temaet freistar eg å bidra til forskning på dette feltet og at arbeidet mitt kan knytast opp mot vidare forskning på emnet.

Birgitta Höijer (2011) freistar å skildre kvar det vil vere nyttig å sjå på denne typen forskning og korleis ein kanskje kan sjå eit tolkingsmønster i samfunnet for korleis folk forstår seg på humanitære kriser. Ho presiserer at diskursen for global medkjensle ligg i kryssingspunktet mellom politikk, humanitære organisasjonar, media og publikum (Höijer, 2011, s. 376). Vidare seier ho at:

The media may be seen as an intermediate link between the level of social situations, in which audiences' interpretations and responses develop, and humanitarian organizations and politics (Höijer, 2011, s. 376).

Gjennom omfattande mediedekning har biletet av den fjerne lidinga til andre menneske blitt ein del av den ordinære borgar sine inntrykk av konflikter og kriser i verda (Höijer, 2011, s. 376). Bilete, eller visuelle framstillingar av naudhjelps- eller humanitære katastrofar, kan seiast å vere ein viktig måte for oss å forstå kva som går føre seg. Ein kan ved hjelp av enkle visuelle uttrykk illustrere delar eller essensen av eit naudhjelpsprosjekt. Dette vil sjølvsagt vere forenkla framstillingar, som på si side kan kritiseras for å vere snevre, men samtidig skape merksemd og interesse for det aktuelle prosjektet. Dersom ein skal knyte dette opp mot ei form for retorisk analyse kan det vere interessant å byrje med å eksempelvis sjå på korleis store selskap nyttar seg av humanitær sponing som ein del av sin eiga marknadsføring. Höijer er også inne på dette og presiserer at dette er eit fenomen som både kan sjåast på som kynisk utnytting av andre menneskes liding for propagandistiske føremål, men også uttrykk for genuin medkjensle (Höijer, 2011, s. 377). Dersom ein skal knyte det opp mot ein retorisk analyse, vil det vere interessant å spørje seg om korleis dette kan styrkje truverdnet til eit selskap om dei eksempelvis støttar opp om eit naudhjelpsprosjekt. Vil ei slik humanitær sponing vere med på å styrkje selskapets *ethos*, kan ein eksempelvis spørje seg sjølv om.

1.3 Aktualitet: Glemte kriser, Smurfs PSA og Theas bryllup

Dette er eit aktuelt tema fordi det tar føre seg noko som er og har vore ein viktig del av vestleg kultur i lang tid. I våre dagar eksisterer det tallause organisasjonar som alle på sin måte freistar å gjere sitt for å minske naud rundt om i verda. Det kan vere alt frå små lokale initiativ til store internasjonale prosjekt ført an av kommersielle selskap. På lik linje med andre kommersielle selskap er det store inntekter som, i tillegg til å bistå dei som treng det, går til pressekampanjar og promotering av det arbeidet organisasjonen gjer. Ein kan altså seie at det eksisterer ein marknad der dei ulike organisasjonane konkurrerer om å få flest mogleg givarar. I teorien er det donasjonar som skal kunne halde slikt arbeid gåande og for å kunne få flest mogleg til å gje pengar til den enkelte organisasjonen gjeld det å vere synleg.


Compassion fattigue vil som tidlegare nemnt vere det overordna tematiske omgrepet denne studien knyter seg opp mot. I det neste kapitlet vil eg freiste å legge fram den aktuelle forskinga rundt dette omgrepet, men først er det viktig å få fram nokre eksempel på korleis naudhjelpsorganisasjonar kan seiast å ta i bruk alternative grep for å kome seg rundt denne *tilstanden* av compassion fattigue. Som materiale for denne oppgåva har eg valt presse- og publikumskampanjen *Glemte kriser*. Dette er ei årleg liste *Leger utan grenser* presenterer og den inneheld *ti kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for* (Leger utan grenser, 2014). På nettsida for denne kampanjen forklarar dei føremålet med lista slik:

Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis. Som i Den sentralafrikanske republikk. Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år. Få eller ingen har brydd seg. Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene. I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for. Derfor må vi åpne øynene (Glemte kriser 2014, 2014).

Måten dei presiserer problemet på, er sers relevant for diskusjonen rundt *compassion fattigue*. Dei ønskjer altså å setje fokus på dei krisene som forsvinn i mylderet av medias presentasjon av krisesituasjonar.

Eit eksempel som kan illustrere denne samanhengen nærare er UNICEF Belgia sin PSA (Public Service Announcement) frå 2005 der dei nytta seg av Smurfane for å illustrere krigens katastrofale sider. Denne PSA-en vart brukt i eit forsøk på å samle inn \$150,000 til tidlegare barnesoldatar i Burundi, Kongo og Sudan (Hatfield, Hinck, Birkholt, 2007, s. 144). I artikkelen *Seeing The Visual in Argumentation: A Rhetorical Analysis of Unicef Belgium's Smurf Public Announcement* av Katherine L. Hatfield, Ashley Hinck og Marty J. Birkholt vert presseoffiser Philippe Henon sitert på at dei tradisjonelle bileta av liding frå den tredje verda har mist si makt til å bevege publikum. Han vert sitert på følgjande;

The public's resistance to the more traditional advertising campaigns can be explained by the fact that people have gotten "used" to seeing traditional images of children in despair in (mostly) African countries. Those images are broadcasted or published almost daily and people are no longer "surprised" by seeing them and most certainly don't see them as a call for action (P. Henon, personal communication, January 6, 2006).



Figur 1: Smurf Public Announcement (google.com, 2014).

I dette tilfellet nyttar ein seg altså av ei uortodoks framstilling av krigens konsekvensar. Dei nyttar seg av eit popkulturelt fenomen og sett det inn i kontekst for å eksplisitt illustrere korleis krig *ser ut*. I skrivande stund har også PLAN Noreg eit pågåande prosjekt i Noreg som rettar fokus mot barnebruder. Gjennom sida theasbryllup.blogg.no har PLAN Noreg konstruert ei fiktiv historie om Thea, ei norske jente på 12 år, som skal gifte seg med 37 år gamle Geir. Konstruksjonen baserer seg på korleis, det i i-landet Noreg, ville vore om ein framleis hadde arrangert ekteskap. Bloggen vart konstruert slik at det skulle sjå ut som om den var skriven av ei 12 år gamal jente. Den skapte eit voldsomt oppstyr, og mange engasjerte seg sterkt i kommentarfeltet på sida. Det første innlegget på bloggen såg slik ut:

Hei! I dag skal vi ha besøk av Geir som er han som jeg skal gifte meg med. Det er litt kleint egentlig :-P Han har jo vært hos oss før og da har jeg hilst på han, men det var jo før at jeg visste at jeg skulle gifte meg med han så alt er jo på en måte anderledes nå som at jeg vet det..... (theasbryllup.blogg.no, 2014).

Gjennom vidare blogginnlegg frå Thea får me presentert refleksjonar, både visuelt og gjennom tekst, som skal illustrere korleis mange barnebruder elles i verda gjerne tenkjer når barndommen deira så brått vert avslutta. Dette er sett i ein vestleg kontekst med tanke på at fleire skal kunne kjenne seg igjen i tilværet til dei jentene som faktisk er i slike situasjonar.



Figur 2: Theas Bryllup (theasbryllup.blogg.no, 2014).

Desse kampanjane eller denne tendensen hjå fleire naudhjelpsorganisasjonar, fører fram til det som vil vere problemstillinga for dette studiet. Eg kjem til å sjå nærare på kvifor det er så mange organisasjonar som nyttar seg av alternative framstillingsmetodar når dei freistar å vekke folk si interesse for naudhjelpssaker. I sitatet frå pressesjefen i UNICEF Belgia kjem det fram at folk er *vane* med å sjå dei klassiske framstillingane av naud. Eg ønskjer gjennom dette studiet å sjå om bruk av retorikk, korleis den er strukturert, appellerer og beveger, kan vere det som framkallar compassion fatigue. Utifrå desse tankane har eg produsert følgjande problemstilling:

Korleis oppfattar publikum den retorikken Leger uten grenser nyttar seg av i si framstilling av Glemte kriser 2014?

Med denne problemstillinga freistar eg å sjå om det finst ein samanheng mellom retorikk og compassion fatigue, og om korleis eksempelvis retorisk struktur og situasjon kan verke inn på om ein lesar av kampanjen til Leger uten grenser vert ramma av compassion fatigue eller ikkje. I kapt. 2.0 *Problemstilling* og i kapt. 3.3 *Plassering av problemstilling iht. til tidlegare forskning* vil problemstillinga verte introdusert og forklart nærare.

1.4 Compassion fattigue

I dette kapittelet ønskjer eg å vise grunnlaget for teorien om *Compassion fatigue*. Birgitta Höijers artikkel *The Discourse of Global Compassion: The Audience and Media Reporting of Human Suffering* (2004) vil vere difor vere viktig. Denne artikkelen har vore utgangspunktet for arbeidet mitt, men eg freistar også å legge fram litt av bakgrunnen for å nytte seg av dette omgrepet innafor medievitskapen.

I artikkelen presiserer ho at det i vestleg politikk, media og i befolkninga generelt er eit aukande fokus på menneskeleg naud i samband med fjerne humanitære katastrofar og krigar (Höijer, 2004, s. 375). Vidare argumenterer ho for at det er gjort lite forskning på korleis publikum oppfattar og tolkar det medierte bilete av fjerne humanitære kriser. Ho meiner at det eksisterer ein konvensjonell tendens der publikum er forventa å reagere som gode borgarar gjennom å vise medkjensle og rasjonelt engasjement (Höijer, 2004, s. 375).

I denne samanhengen er det også relevant å nemne *Luc Boltanski* og *Susan D. Moeller*. Höijer nyttar seg også av desse to i si forskning.

Under introduksjonen i *Compassion fattigue: How the Media Sell Disease, Famine, War and Death* freistar Moeller å gjere greie for kva dette omgrepet er og korleis det på mange måtar kan seiast å vere den uerkjende årsaka til at internasjonale reportasjer ofte feilar overfor publikum (Moeller, 1999, s. 2).

It is at the base of many of the complaints about the public's short attention span, the media's peripatetic journalism, the public's borebom with international news, the media's preoccupation with crisis coverage (Moeller, 1999, s. 2).

Ho skildrar vidare *compassion fatigue*, ikkje som eit omgrep som er til for å skildre ein tilstand blant publikum, men som eit fenomen som er uungåeleg dersom medias framstilling av naud held fram slik den gjer og difor også ein tilstand som i aller høgste grad er tilfelle for media sjølve (Moeller, 1999, s. 2). Dette sett ho på spissen ved å vise, slik ho ser det, korleis ein eigentleg skal tolke konsekvensane av denne tilstanden.

Compassion fatigue is not an unavoidable consequence of covering the news. It is, however, an unavoidable consequence of the way news is now covered (Moeller, 1999, s. 2).

Compassion fatigue handlar altså ikkje berre om at vi som konsumentar av nyhende er trøytt av å sjå dei same bileta frå ulike katastrofar. Det handlar meir om at vi er trøytt av å sjå den same framstillinga og tolkingane av desse bileta og katastrofene slik dei vert presenterte i media. Vi bryr oss altså, men vi klarer ikkje å engasjere oss som ein følge av korleis informasjonen vert presentert.

Luc Boltanski snakkar i si bok *Distant Suffering: Morality, Media and Politics* (Boltanski, 1999) om *politics of pity*, eit omgrep han har vidareført frå *Hannah Arendts* essay *On Revolution* (1990) (Boltanski, 1999, s. 3).

In the terms of politics of pity, however, good fortune and misfortune are conditions that define separate groups. The politics of pity regards the unfortunate together en masse, even if, we shall see, it is necessary to single out particular misfortunes from the mass to inspire pity (Boltanski, 1999, s. 4).

Det eg vil freiste med denne studien, er å føre vidare ein del av forskinga til Höijer. Eg ønskjer å sjå på korleis naudhjelpsorganisasjonane framstiller seg sjølve og kva dette har å seie for korleis publikum oppfattar det arbeidet dei gjer, sett i kontekst med det arbeidet Höijer og andre forskarar har utført i samband med termen *Compassion fatigue*. For å gjere dette ønskjer eg å analysere den retorikken naudhjelpsorganisasjonar nyttar seg av. Organisasjonen eg freistar å analysere er *Leger uten grenser* og pressekampanjen deira *Glemte Kriser 2014*.

Ved å gjennomføre ein retorisk analyse av pressemateriale nytta av *Leger uten grenser*, freistar eg å finne ut korleis den multimodale retorikken eller argumentasjonen, som i utgangspunktet var intendert av organisasjonen, vart oppfatta av publikum.

For å kontrollere det eg finn fram til, gjennom den retoriske analysen vil eg setje det opp mot ein *protocol analysis* eller *tenk-høgt-analyse*, der eg freistar å finne ut om ein slik konstruert visuell argumentasjon verkeleg vert oppfatta av publikum.

2.0 Problemstilling

2.1 Forklaring og bakgrunn

Den overordna problemstillinga for denne oppgåva baserer seg på eit utval av spørsmål eg har arbeidd med for å konkretisere det eg ønskjer å forske på. Desse spørsmåla er alle knytte til det eg freistar å sjå nærare på, nemleg korleis naudhjelpsorganisasjonar nyttar seg av retorikk i form av konstruksjon av multimodal argumentasjon i si framstilling av seg sjølve.

Kva kan den medierte framstillinga av naudhjelpsorganisasjonen Leger uten grenser ha å seie for korleis publikum reagerer på budskapet dei presenterer?

Korleis vert konstruksjonen av visuell retorikk i Leger uten grenser sitt pressemateriale oppfatta?

Kan konstruksjonen av mutlimodal retorikk i Leger uten grenser sitt pressemateriale ha noko å seie for korleis publikum oppfattar organisasjonen sin eigen definisjon av seg sjølv som ein naudhjelpsorganisasjon?

Desse problemstillingane er forskjellige formuleringar av det temaet eg ønskjer å ta føre meg. Eg ønskjer altså å sjå på konstruksjon av retorikk i Leger uten grenser sin medieprofil og om dette er konstruksjonar som også kan oppfattast av publikum og om dei reagerer på denne retorikken. For å definere ei klår problemstilling for mi forskning har eg nytta meg av desse tre for å definere følgjande problemstilling:

Korleis oppfattar publikum den retorikken Leger uten grenser nyttar seg av i si framstilling av Glemte kriser 2014?

Eg vél å nytte meg av ei slik formulering fordi den avgrensar området eg har valt å analysere data frå, samstundes som den presiserer den teorien eg ønskjer å knyte temaet opp mot. Dette vil også kunne opne for ein breiare diskusjon av emnet i etterkant av næranalysen. Eg vil utforske eksisterande teori samstundes som eg parallelt nyttar meg av analysar av

pressemateriale frå Leger uten grenser for å eksemplifisere korleis ein kan sjå om det er samanhenger i praksis.

2.2 Mål ved forskning

Det eg ønskjer å oppnå med forskinga mi er å vise korleis naudhjelpsorganisasjonar nyttar seg av retorikk si i framstillinga av seg sjølve. Dette fordi eg meiner det er nødvendig å sjå på korleis organisasjonane *sjølve* framstiller naud, eg ser altså ikkje på den medierte framstillinga som pregar nyheitsmedia. Eit viktig premiss for dette er at ein ikkje lar den konkrete *nauda* vere det einaste pressedekninga eit område får. Dette fordi det etter mi meining kan generere misforståingar av tilhøve, eksempelvis i område eller land der anna pressedekning enn ved eit konkret naudhjelpsprosjekt er lite sannsynleg. Dette perspektivet finn ein klare trekk av blant anna hjå *Elisabeth Eide*. Eg nyttar meg av boka hennar *De der nede – Reportasje utenfor allfarvei* (2001) i samband med å definere målet mitt for denne forskinga. Ho stiller spørsmål ved korleis ein journalist frå vesten verkeleg kan snakke på vegne av andre, *de der nede* (Eide, 2001, s. 24).

Som nemnt, er det nemleg kritikken av *framstillinga* eg ønskjer å sjå om det er hald i. Ved å sjå på korleis organisasjonen Leger uten grenser vél å framstille seg sjølv vil ein kunne seie noko om det er organisasjonane sjølve som kan seiast å stå inne for ei slik framstilling eller ikkje. Dersom resultatet eksempelvis kjem ut slik at det viser seg at organisasjonen *ikkje* kan klandrast for ei slik framstilling, vil det vere relevant å diskutere om det kan vere i dei generelle media at denne framstillinga er gjeldande.

2.3 Formulering av forskingsspørsmål

Her skal presenterast ulike forskingsspørsmål eg har nytta meg av både i samtaler med mine intervjuobjekt og i samband med den kvalitative innhaldsanalysen eg har gjort av pressemateriale frå Leger utan grenser:

Korleis framstiller naudhjelpsorganisasjonen Leger uten grenser seg sjølv?

Har dette noko å seie for korleis publikum oppfattar organisasjonen?

Har retorikken dei fører, noko å seie for korleis publikum reagerer på budskapet?

Korleis fremjar organisasjonen retorikk gjennom multimodale verkemiddel?

Korleis vært fotografi og tekst nytta i kombinasjon som eit retorisk verkemiddel?

Desse spørsmåla har eg definert utifrå målet ved forskinga, om korleis ein kan avdekke om retorikken i denne kampanjen kan påverke ein lesar og om ho vert ramma av compassion fatigue eller ikkje.

3.0 Teori

3.1 Forskingslitteratur

Eg vil freiste å gjere ei retorisk analyse av det materialet organisasjonane sjølve har laga og presenterer seg gjennom. Materialet for dette studiet vil vere Leger uten grenser sin pressekampanje *Glemte kriser 2014*. Eg kjem til å forklare denne kampanjen nærare i kapt. 5.0 *Materiale*. Dette vil eg så kombinere med ei *Protocol analysis* eller ein tenke-høgt-studie.

Det eg ønskjer å kome fram til, er om det er skilnader på korleis organisasjonen ønskjer å framstille seg sjølve, og om den oppfatninga publikum får av organisasjonen, basert på organisasjonens eigen retorikk, samsvarer med dette.

Av bøker eg nyttar meg vil blant anna *De der nede – Reportasje utanfor alfarvei* (2001) nemnast på ny. Denne boka har vore relevant for å definere utgangspunktet for den spesifikke tematikken for studien. Artikkelen *Journalisten og «De der nede» (Vesten og resten)* (1999) av Eide, knytt til det same temaet som boka, vil også bli inkludert i denne samanhengen. Eit eksempel frå denne artikkelen som er relevant for min tematikk, er avsnittet *Elendighetsreportasje*, der ho argumenterer for at folk vert interessante i kraft av *sin misære* (Eide, 1999, s. 17). Dette er særrelevant dersom ein dreg linjene tilbake til Höijer og *Compassion Fattigue*. Ho presiserer at *Elendighetsreportasjer* kan vere heilt på sin plass – verdas fattigaste finst – men stiller så spørsmål ved om dei i høveleg grad vert supplert med opplysningar om personar som gjer noko med skjebnen sin (Eide, 1999, s. 17).

Eit anna relevant eksempel frå denne teksta finn ein under avsnittet *De andre, nede (The Subaltern)* der Eide presenterer ein teori av *Gayatri Chakravorty Spivak* om den andre, den underordna (The Subaltern), kan snakke (Eide, 1999, s. 11). Eide diskuterer dette vidare slik:

Hun skildrer en skeiv verdensorden, der også den kritiske radikale europeer er opptatt av å hegne om sitt prosjekt: å bevare Vesten som subjekt, ved å late som dette subjektet med sine ideologier ikke har noen geopolitiske begrensninger: Vesten (historisk: Europa) blir betraktet som den allmenngyldige normen (Eide, 1999, s. 11).

Det vil altså vere den retoriske teorien som er utgangspunktet for denne forskinga og difor vil det vere nyttig å presisere kva retoriske omgrep eg ønskjer å knyte opp mot dette. Teoriane om *ethos*, *pathos* og *logos* vil fungere som leiande omgrep, men eg ønskjer også å sjå på meir spesifikke tekniske omgrep. Øivind Andersens bok *I retorikkens hage* tek for det meste føre seg den klassiske retorikken. Dette er ei bok som freistar å gjere greie for tydinga av retoriske omgrep og korleis ein kan nytte dei i ein analyse. Den tar føre seg klassiske omgrep og omsetjingar, noko eg har brukt for å forklare tydingar av den retoriske teorien. Eg kjem også i stor grad til å nytte meg av Tormod Eides bok *Retorisk leksikon* då denne, slik Andersens bok gjer det, freistar å enkelt gjere klårt kva dei enkelte omgrepa tyder og korleis ein skal nytte seg av dei. Desse bøkene vil, saman med teoriane til Jens Kjeldsen, Barry Brummet og Anders Johansen, altså stå i sentrum for analysen. Andre teoribøker om retorikk eg ønskjer å nytte meg av, er blant anna *Rhetoric in Antiquity* av Laurent Pernot (2005). *Rhetoric in Antiquity* freistar å gje eit historisk overblikk over korleis retorikken fungerte i praksis, samstundes som den presenterer definisjonar av konkret teori.

Fleire av desse bøkene tek for seg retorikk i sin antikke form. Desse skal difor fungere meir som verktøy for å grunnge nyare omgrep. Nyare retorisk teori kjem eg til å ta føre meg i kapitel 3.4 *Retorikk*.

Sjølv om dette prosjektet har eit retorisk utgangspunkt, vil eg også nytte meg av anna relevant medieteorii. Eksempelvis vil offentlegheitsteori vere relevant. Det vil vere til hjelp i diskusjon av tematikken fordi den freistar å skildre sosiale konstruksjonar av sosiale fenomen i media eller i andre kontekster. Ein kan til dømes trekke inn sosial konstruksjon som eit av utgangspunkta for ønsket om å skape ein visuell argumentasjon.

I hovudsak ønskjer eg å nytte meg av retorisk teori for å undersøke dette temaet, men det er også andre delar av medieteorien eg meiner det kan vere relevant å trekkje inn. Innanfor visuell kommunikasjon er som nemnt *framing* eit velkjent omgrep. Det tar føre seg korleis media eller avsendar vél å forme budskapet han eller ho vil presentere. Det vil seie at ein redaksjon eksempelvis bestemmer seg for kva verkemiddel dei nyttar seg av og korleis dei vil utforme nyheitene sine. Framing vil ikkje vere eit analyseverktøy i dette arbeidet, men det er viktig å ha i bakhovudet for å forstå korleis ein organisasjon som Leger uten grenser, i dette tilfellet som avsendar av budskapet, har definisjonsmakt.

Ein definisjon av dette finn ein hjå Pan og Kosicki (1993) der dei definerer framing som:

A frame serves as a meta-communicative message that displays itself in a text through various framing devices, such as word or image choice, metaphors, symbols, and stereotypes (Pan & Kosicki, 1993, s. 67).

For å forstå den konteksta eg ønskjer å plassere forskinga mi i, vil eg også knyte offentlegheitsteori opp mot tematikken. Her vil eg nytte meg av bøkene til *Jostein Gripsrud*, *Hallvar Moe*, *Anders Molander* og *Graham Murdock*. Samlingsverket deira *The Public Sphere* inneheld fleire interessante perspektiv på offentlegheitsteori. Eg kjem til å nytte meg av denne som eit supplerande oppslagsverk til diskusjonsdelen av forskinga. Dette fordi det er retorikken som skal gje grunnlaget for analysen. Men som eg tidlegare har nemnt, vil bruken av anna relevant mediet teori i denne forskinga knyte seg opp mot diskusjonen av det som vore resultatet av analysen.

For resepsjonsdelen av denne studien vil eg i hovudsak nytte meg av to verk. Den første er ei doktorgradsavhandling frå Universitetet i København. Den er skriven av *Mette Bengtsson* og har tittelen *For borgeren, tilskueren eller den indviede? En praksisorienteret retorisk kritik af avisens politiske kommentarer* (2014). I denne studien nyttar ho seg av ein tenke-høgt-studie medan ho samstundes parallelt utfører eit slags kvalitativt intervju. Denne avhandlinga vil vere viktig for korleis eg legg opp min metode. Slik som Bengtsson har gjort det i si avhandling, kjem eg også til å nytte meg av det ho kallar eit *hovedværk om metoden* (Bengtsson, 2014, s. 52) nemleg boka *Protocol Analysis: Verbal Reports as Data* (1993). Boka er skriven av *Karl Anders Ericsson* og *Herbert A. Simon* og eg kjem til å nytte denne for å grunnge mine metodiske val. Kombinasjonen av desse to vil vere grunnleggjande i min studie. Bengtsson si avhandling vil fungere som ein slags modell, medan *Protocol Analysis: Verbal Reports as Data*, vil fungere som eit teoretisk grunnlag.

3.2 Liknande forskning

Ved Universitetet i Bergen har eg ikkje funne tidlegare arbeid som samsvarer heilt med det eg ønskjer å ta føre meg, men to masteroppgåver med liknande tematikk har eg funne i *Gunhild Digernes Jakobsens* (2008) *Verdensbilder og selvbilder : norske bistands- og misjonsorganisasjoners bilder av Afrika : en studie av Norges Røde Kors og Norsk Luthersk*

Misjonssambands tekster om Kenya og Etiopia i periodene 1980-1985 og 2000-2005 og Camilla Gangsaas Sogns (2012) Journalister og ideelle organisasjoner : - En kvalitativ analyse av relasjonen mellom journalister og informasjonsmedarbeidere i ideelle organisasjoner.

Dette er to masteroppgåvar som tar for seg liknande tematikk, men det viste seg også etter mine litteratursøk at desse var dei einaste oppgåvene som direkte kunne relaterast. Kombinasjonen av den teorien og det temaet eg vil ta føre meg har eg ikkje klart å finne fram til.

Mette Bengtssons doktoravhandling, som eg presenterte i føre kapitel, har eg nytta som inspirasjonskjelde for å utforme metoden for denne studien. Difor vil denne studien også kunne seiast å bere likskapar med hennar arbeid, sjølv om det skil seg tematisk.

Höijers (2004) artikkel, som eg presenterte tidlegare, må også reknast som liknande forskning i den grad at me arbeidar rundt omgrepet *compassion* og nyttar av oss av *respondentar*. Ho tek for seg ulike diskursformer for medkjensle, og kjem i konklusjonen fram til at:

The large number of reports on suffering and the repetitive and stereotyped character of the depictions may tire the audience out (Höijer, 2004, s. 391).

I høve til min studie vil dette vere noko eg ønskjer å arbeide vidare med. Det vil vere interessant sjå korleis dette spørsmålet kan undersøkjast nærare i lys av retorikk.

3.3 Plassering av problemstilling iht. tidlegare forskning

Arbeidet med dette temaet vil freiste å kombinere idear frå Elisabeth Eide med forskning Birgitta Höijer, Luc Boltanski og Jens Kjeldsen allereie har gjort. Dette vil legge grunnlaget for korleis ein skal forstå problemstillinga. Eg vil også inkludere masteroppgåvene til Gunnhild Digernes Jakobsen og Camilla Gangsaas Sogn. Gjennom å trekke fram tidlegare masteroppgåver frå Universitetet i Bergen kan ein betre bygge vidare på kunnskap som allereie har blitt utarbeidd for institusjonen. Ein kan som nemnt, knyte desse arbeida saman reint tematisk, men sidan me nyttar oss av ulike teoretiske perspektiv og tilnærmingar vil det vere vanskeleg å skildre ein felles tradisjon som alle kan seiast å høyre til under. Fellestrekket er at ein tek føre seg å sjå på *ideelle organisasjonar* eller *naudhjelpsorganiasjonar*.

3.4 Retorikk

Den retoriske teorien eg kjem til å nytte meg av i denne studien, vil vere ein kombinasjon av antikk retorikk og nyare retorisk teori. Dette ønskjer eg å gjere fordi eg meiner det er viktig å kunne forstå dei antikke definisjonane av omgrep samstundes som ein har i tankane at dette nettopp er antikke definisjonar. Den antikke retorikken vil fungere som eit grunnlag for den nyare retoriske teorien.

Jens Kjeldsen sine bøker Retorikk i vår tid og Hva er retorikk? har i denne samanhengen vore viktige for å kunne trekke desse linjene. Eksempelvis seier Kjeldsen i *Retorikk i vår tid* at ein ikkje kan overtyde nokon om ein ikkje er einige med nokon om noko anna i forkant (2006, s. 151). Utgangspunktet for ein parts argumentasjon må alltid vere at ein deler felles og allmenne synspunkt med dei ein vender seg til (2006, s. 151). Dette er ein viktig synsmåte i samband med denne studien og det samspelet som oppstår mellom Leger utan grenser og dei som skal forstå budskapet i *Glemte kriser 2014*. I boka *Hva er retorikk?* skildrar han kva funksjon retorikken har.

Som fag gir studiet av retorisk kommunikasjon oss forståelse for hvordan mennesker overbeviser og overbevises. Det er ikke noen liten ting, for evnen til å overbevise med ord og symboler skiller oss fra dyrene. Å forstå hvordan vi overbeviser hverandre, er derfor å forstå hva som gjør et menneske til et menneske. Det er da også en av de mest sentrale oppgavene for den humanistiske retoriske forskningen: utforskingen av hva det vil si å vere menneske. Som fag bidrar retorikken altså med viten og kunnskap om mennesket og dets kommunikasjon (Kjeldsen, 2014, s. 81).

Desse bøkene er viktige for korleis eg i arbeidet med denne studien har kombinert den antikke definisjonen av dei klassiske apellformene med nye og oppdaterte tolkingar. Kjeldsen presenterer i begge desse bøkene klassiske tolkingar av *ethos*, *pathos* og *logos*. Men, dei vert også nytta i ei modernisert kontekst og omgrepa kan på mange måtar seiast å vere tilpassa retoriske situasjonar som er relevante for den tida me lever i.

Det er også andre verk som har vore viktige for mitt arbeid. Dette er bøker som freistar å forstå retorikken gjennom vår tids multimodale mediekvardag. Dei tek føre seg retorikken gjennom kanalar som har sitt utspring i utviklinga av moderne teknologi. *Rhetoric in Popular Culture* (2006) av Barry Brummet og *Rhetoric Online* (2007) av Barbara Warnick har difor vore viktig for å etablere eldre retorisk teori i ei moderne mediekontekst.

I *Rhetoric in Popular Culture* skildrar Brummet retorikken inn i ei samfunnsmessig kontekst. Retorikken er med på å avgjere kva for eit samfunn det er vi ønskjer å leve i og kva for menneske me ønskjer å vere.

As we go through life experiencing and enjoying music, clothing, architecture, food, and so forth, we are also participating in rhetorical struggles over what kind of society we will live in and what sort of people we will be (Brummet, 2006, s. 5).

Barbara Warnick (2007) snakkar om ein offentleg diskurs på nett. Ho knyter dette opp mot korleis organisasjonar, slik som blant anna Leger uten grenser, kanskje kan nytte seg av internett for å skape engasjement og debatt i samfunnet (s. 8).

Does the use of the World Wide Web and other new media by political campaigns, social activists, media reformers, government agencies, nongovernmental organizations (NGOs), and other entities foster citizens involvement, open deliberation, and public participation in policy formation (Warnick, 2007, s. 8)?

Ho presenterer også eit spørsmål som går på korleis nye media kan vere med på å underbygge den offentlege diskursen og kva det kan ha å seie for dei viktige avgjerdene som vedkjem samfunnet (Warnick, 2007, s. 8).

Modern Rhetoric (1972) av Cleanth Brooks og Robert Penn Warren. Denne har eg nytta for å finne ei modernisert tolking av det ein gjerne kallar talens oppbygging. Teoriane eg har henta frå denne boka er stort sett tekniske og vil bli presenterte i kapitel 4.3 *Relevante omgrep*.

I tillegg har eg nytta meg av ei rekke artiklar frå tidsskriftet *Argumentation and Advocacy* (Winter & Spring 2007). Her fann eg mellom anna fram til ein artikkel som tar føre seg *Smurfs PSA* som eg har nytta meg av i innleiinga saman med *Theas bryllup* for å skildre aktualiteten til temaet. Men i hovudsak har eg altså nytta meg av desse for å finne fram til tankar og teori om retorikk der modernisering av klassiske omgrep og visuell retorikk er tema.

3.5 Multimodal og visuell retorikk

Denne forskinga vil som nemnt freiste å gjere greie for korleis den retoriske framstillinga av Leger uten grenser sin kampanje verkar inn på korleis ein lesar oppfattar organisasjonen. I kapitel 5.1 *Materiale og studieområde* forklarar eg korleis biletmaterialet til

organisasjonen vert nytta i denne studien. Sjølv om fokuset ligg på retorikken i teksta, vil det også vere viktig å sjå på det visuelle og kombinasjonen mellom desse. Med den metoden eg har sett meg føre å nytte, vil det difor vere særskild relevant å også seie noko om non-verbale retorikk. Dette fordi den i aller høgste grad vil ha mykje å seie for korleis subjekta oppfattar den budskapet som vert presentert framføre dei. Det er altså den retorikken som ikkje finst i teksta, men i bileta og som ikkje på nokon helst måte vart uttrykt verbalt, men som organisasjonen like fullt nyttar seg av i sitt forsøk på å overtyde subjekta (dei potensielle lesarane). I dette arbeidet vil ikkje analysen av den non-verbale retorikken organisasjonen nyttar seg av, vere hovudføremålet, men heller eit supplement til teksta som er presentert på nettsida til kampanjen. Dette vil då seie komposisjon av bilete, utsjånad, og andre visuelle, non-verbale faktorar som på sin eign måte kan bidra til at organisasjonens retorikk verkar meir overtydande, altså retorikk som ikkje kan knytast til tekst. Eg er utelukkande interessert i det visuelle materialet dei presenterer gjennom det biletmaterialet dei nyttar seg av i sin argumentasjon. Men det vil likevel vere viktig for dette arbeidet å gjere greie for både eksisterande teori og den faktiske den non-verbale retorikken som er til stades i samtalsituasjonen mellom organisasjon og subjekt.

4.0 Metode

4.1 *Kvalitativ innhaldsanalyse*

I denne oppgåva vil eg nytte meg av tekstanalyse. Det vil vere ei retorisk analyse av *Glemte kriser*-kampanjen til Leger uten grenser. Eg freistar med dette å avgrense feltet mitt for datainnsamling, sidan det i utgangspunktet er organisasjonens tekstlege retorikk eg ønskjer å ta føre meg. For å få resultat som viser til publikums oppfatning av organisasjonen vil det vere relevant også å utføre ei resepsjonsstudie for å prøve ut resultata av tekstanalysen.

Like fullt er det med den retoriske analysen at oppgåva mi byrjar. Eg ønskjer å prøve det Leger uten grenser freistar å fram gjennom sin intenderte visuelle argumentasjon opp mot det publikum oppfattar og om dette kan samsvare. For å finne fram til dette vil eg først gjere min eigen retoriske analyse av materialet for deretter å prøve både mine egne teoriar opp mot det Leger uten grenser vil få fram gjennom sin visuelle profil.

For å samle saman data har eg i utgangspunktet sett føre meg å arbeide med ein todelt analyse. Den todelte analysen vil, som nemnt, bestå av ein eigen retorisk analyse og ein analyse av data som eg vil utdrive gjennom eit *tenke-høgt-studie* med eit bestemt utval av

personar. Valet falt på ein slik todelt metode fordi eg meiner at i dette tilfellet vil vere interessant å få eit todelt resepsjonsperspektiv. Eitt sett frå forskar sitt perspektiv og eitt frå publikums perspektiv.

For å forme kriteria for den kvalitative innhaldsanalysen vil eg nytte meg av bøkene *Metodebok for mediefag* (2007), skriven av Helge Østbye, Karl Knapskog, Knut Helland og Leif Ove Larsen, samt *Social Research Methods* (2012) av Alan Bryman. Dette er bøker som gjer greie for korleis ein skal utføre medievitenskapleg forskning. I *Metodebok for mediefag* vert det i skildringa av den kvalitative tekstanalysen presisert at den set seg føre eit perspektiv, eit omgrep og ei problemstilling som gir analysen retning og reiskapar til å forstå tekstene med (Østbye m. fl., 2007, s. 58). Kapitlet frå denne boka om korleis ein utfører ein slik tekstanalyse, er viktig for dette arbeidet, spesielt avsnittet som knyter retoriske framstillingar og retorisk teori opp mot forskinga. Det vil nemleg vere relevant å sjå på kva *diskurstype* tekstene høyrer inn under. Dette er ein distinksjon som manifesterer seg på eit anna nivå enn sjanger, og har å gjere med korleis teksta organiserer dei opplysningane ho kjem med (Østbye m. fl., 2007, s. 69). Det eksisterer altså tre slike diskurstypar, slik det kjem fram av Østbye, Knapskog, Helland og Larsen si bok. Desse diskurstypane er; *beskrivande*; legg vekt på romlege forbindelsar mellom dei elementena diskursen handlar om, *forteljing*; markerer tidsmessig og kausale forbindelsar mellom elementa, *argumenterande*; diskursar freistar å overtyde mottakaren om noko (Østbye m. fl., 2007, s. 70). Det vil vere den *argumenterande* diskursen eg ønskjer å ta føre meg i denne oppgåva.

4.2 Protocol analysis/tenke-høgt-studie og kvalitative intervju

Although human brains can handle... tasks with awesome speed, it is difficult for modern citizens to keep up with the flood tides of information that surround them. Coping strategies are needed to reduce processing burdens. Accordingly, people have developed numerous strategies that reduce the number of messages that are actually processed (Graber, 2001, s. 18).

Eg kjem i hovudsak til å nytte meg av doktorgradsavhandlinga *For borgeren, tilskueren eller den indviede? En praksisorienteret retorisk kritik af avisens politiske kommentarer* (2014) skriven av Mette Bengtsson ved Københavns Universitet som hovudkjelde for utforming av min metode. Dette fordi hennar metode kombinerer resepsjon med sosial

interraksjon. Slik ho sjølv forklarar det, har metoden hennar vore ein kombinasjon mellom ein protokollanalyse og eit kvalitativt intervju. Ho grunnjev dette valet slik:

Jeg bruker ikke metoden i traditionel forstand, men som et utgangspunkt for at tale om en tekst med en læser, og en viktig del af metoden er derfor den interaktion, der er mellem respondente og intervieweren, hvor metoden til tider kan minde om et kvalitativt forskningsinterview, eller hvad jeg her benævner et simultant uddybende interview, og hvor intervieweren er fysisk placeret over for respondente (Kvale 1997) (Bengtsson, 2014, s. 54)

Eg ønskjer, på same måte som Bengtsson, å snakke om ein tekst med lesaren. Situasjonen vil altså arte seg på ein slik måte at respondent les den teksta dei får lagt føre seg, og ved visse punkt vil forskar interagere med respondent og kome med spørsmål. Dette tyder med andre ord at eg i stor grad legg meg etter modellen Bengtsson har nytta seg av. Men eg kjem også, slik som Bengtsson, til å ta føre meg nokre av hovudelementa ved protokollanalysen som metode. Det inneber å skildre nokre av kriteria til *Karl Anders Ericsson* og *Herbert A. Simon* slik dei blir presentereret i boka *Protocol Analysis: Verbal Reports as Data* (1993).

Thought processes can thus be described as a sequence of states, each state containing the end products of cognitive processes, such as information retrieved from long-term memory, information perceived and recognized, and information generated by inference. The information in state is relatively stable and can thus be input to a verbalization process and reported orally. However, the retrieval and recognition processes delivering the end products, the information, to attention cannot be reported (Ericsson, Simon, 1993, s. 13).

Som bakgrunn for tanken om å kombinere kvalitativ intervju metode med protocol analyse i dette prosjektet, har eg i stor grad nytta meg av boka *Det kvalitative forskningsintervju* av *Steinar Kvale* og *Svend Brinkmann*. Dette er ei bok som både ser filosofisk og teknisk på det å utføre eit kvalitativt intervju prosjekt. Den har vore essensiell for å definere spørsmål og tankegang rundt dette arbeidet. I byrjinga av boka definerer han kort ein metode for korleis ein kan dele det kvalitative forskningsintervjuet inn i sju fasar (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38). Desse sju fasane kjem eg også til å nytte meg av i dette prosjektet. Dei sju fasane er: 1) *tematisering* av eit intervju prosjekt, 2) *design*, 3) *sjølvve intervjuet*, 4) *transkribering* eller *utskrivning* av intervjuet, 5) *analyse*, 6) *verifikasjon* og 7) *rapportering*

(Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38). Etter å ha presentert dei ulike fasane går han vidare og framhevar kor viktig det er å klargjere og omgrepsfeste kva som skal vere temaet for intervjuet, før sjølve intervjuet (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38). Vidare presierer han det slik:

Like viktig er det at man planlegger alle syv intervjufasene før man begynner å intervjuer (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38).

Eit anna aspekt som er interessant og som vil vere relevant for dette arbeidet, er måten Kvale og Brinkmann nyttar seg av Sokrates sin filosofiske dialog for å skildre korleis ein skal tenke rundt slik intervju. Under kapitlet *Filosofiske dialoger og forskningsintervjuer* nyttar dei seg av Platons *Symposion* og brukar det som bakgrunn for å forklare korleis ein kan forstå sjølve intervjusituasjonen (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38). Den filosofiske dialogen er ein barsk form for interaksjon, som søker sann viten gjennom ein diskursiv argumentasjon og kan til tider seiast å vere ubarmhjerdeleg streng (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38). Dei nyttar seg vidare av C. S. Dinkins (2005, s. 124) som har skildra dei generelle prinsippa i Sokrates' intervjuteknikk og presenterer så ei liste over slik, basert på arbeidet til C. S. Dinkins, Sokrates' forhøyr fungerer (Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38):

- 1) *Sokrates møter ein person som utfører ei handling eller set fram ein påstand som Sokrates ønskjer å teste.*
- 2) *Sokrates ber personen om å kome med ein definisjon av sentrale omgrep.*
- 3) *Sokrates og respondenten (eller «medforskaren»), her nyttar dei seg av Dinkins' nemning) avleier nokre konsekvensar av definisjonen.*
- 4) *Sokrates peikar på ein mogleg konflikt mellom dei avleiande konsekvensane og ei anna overtyding respondenten har. Respondenten får deretter valet mellom å forkaste overtydinga eller definisjonen.*
- 5) *Respondenten forkastar som regel definisjonen sidan overtydinga er for viktig – kunnskapsmessig eller eksistensielt – til at han eller ho vil gje henne opp.*
- 6) *Det vart sett fram ein ny definisjon, trinna vert tatt opp att.*

(Kvale, Brinkmann, 2009, s. 38)

Denne revitaliseringa av Sokrates sine teknikkar er viktig fordi den seier noko om at ein ikkje alltid skal ta for lett på dei ein intervjuar. Ein må sjølv sagt ta omsyn til at respondentane vil vere sårbare, men ein må også kunne tillate seg å stille spørsmål ved forklaringane deira. For å få gode forskingsresultat må ein vere førebudd på å vere kritisk.

Østbye m. fl. (2007) skisserer to viktige implikasjonar i samband med kvalitative intervju. Desse framstår følgjande:

For det første: Hvordan skal forskeren gå fram for å sikre relevante (valide) innsikter? For det andre: Hvordan skal forskeren gå fram for å sikre at forskningsetiske prinsipper blir ivaretatt overfor dem som blir intervjuet og/eller observert (Østbye m. fl., 2007, s. 96)?

Desse implikasjonane vert viktige fordi det seier noko om korleis forskaren skal gå fram med tanke på å få gode resultat frå arbeidet sitt, men også med tanke på å ta vare på respondentane som er med i studien. Det desse to implikasjonane freistar å seie noko om, er at ein forskar som utfører publikumsstudiar, må både kunne ta omsyn til mennesket som tek del, men også kunne ta grep om samtalen for å få så gode resultat som ønskjeleg. Det er her altså snakk om ein balansegang mellom ønsket om eit godt resultat og ivaretaking av rettane til respondentane.

Dersom ein ser dette i samanheng med det Kvale og Brinkmann hevdar, så kan ein konkludere med at det er viktig å både ha kontroll over samtalen, vere kritisk, men også kunne ta omsyn.

4.3 Relevante omgrep

Det som vil danne grunnlaget for den retoriske analysen, er retorisk teori og retoriske omgrep henta frå bøkene *I retorikkens hage* av Øivind Andersen, *Retorisk leksikon* av Tormod Eide. Eg ønskjer å knyte klassiske retoriske omgrep opp mot studien min, omgrep som framleis er relevante i moderne tid. Av den grunn ønskjer eg å nytte meg av Andersen og Eide sine bøker, sidan dei gjer greie for den antikke forma for retorikk, og gjennom desse bøkene gje prosjektet mitt eit grunnlag i den klassiske retorikken. For å knyte dette opp mot meir moderne retorikk nyttar eg meg mellom anna av *Jens Kjeldsen*, sidan han bind den klassiske retorikken opp mot dagens bruk og til ei modernisering av den retoriske tradisjonen.

Enthymem eller den retoriske syllogismen er eit omgrep eg bruker. Eg meiner det er særst relevant for dette prosjektet. Øivind Andersen forklarar omgrepet ved å seie at poenget med eit enthymem er at det er ein forkorta eller ufullstendig syllogisme, der den generelle premissen (oversetninga) ikkje er klart uttrykt, men underforstått (Andersen, 1995, s. 148).

Dette kan vere eit verkemiddel som kanskje vert endå meir kraftfullt når ein ser det i visuelle framstillingar.

Valerie J. Smith (2007) freistar i artikkelen *Aristotle's Classical Enthymem and The Visual Argumentation of The Twenty-First Century* å knyte den klassiske teorien om enthymem opp mot moderne visuell argumentasjon. Her presiserer ho ein definisjon av entymemet som, i følgje henne, er ein av dei mest generelt aksepterte, den er henta frå *Introduction to Logic* av Copi og Cohen (1994):

An argument that is stated incompletely, the unstated part of it being taken for granted. An enthymeme may be of the first, second, or third order, depending upon whether the unstated proposition is the major premiss, the minor premiss, or the conclusion of the argument (s. 688).

Seinare presiserer ho Aristoteles sin definisjon av enthymemet, som kanskje eigentleg er meir kompleks enn slik me tolkar den i dag.

The differences might be summed up in this way: the Aristotelian enthymeme (1) often involved premises that were merely probable, thus leading to conclusions that were only generally or usually true; (2) allowed for the ethical and emotional dimensions of argument as well as for the logical; and (3) depended for its success in persuasion on the consensus that existed or was generated between the speaker and the audience (Corbett, 1984, s. 18-19).

Denne premissen kan ein også finne i Øivind Andersens (1995) bok *I Retorikkens Hage*. Andersen snakkar i denne boka om "tvingande teikn" og dette ligg ganske nært det Smith freistar å forklare.

Det ligger i sakens natur at taleren bare sjelden kan bevise noe, selv om han av og til kan bygge på «tvingende tegn» (tekmerion). At en mann har feber, er et tvingende tegn på at han er syk; at en kvinne har melk i brystene, er et tvingende tegn på at hun har født (AR I.2.18). Men for det meste må taleren argumentere på grunnlag av svakere tegn eller altså det Aristoteles kaller sannsynligheter (eikota; også semeia) (s. 140).

Enthymemet fungerer i denne samanhengen som ein verktøy for å samanlikne Leger uten grenser sin intensjon med den intensjonen eller underliggande budskapet respondentane oppfattar. Det vil altså fungere som eit retorisk verktøy.

Kairos, den retoriske situasjonen. Dette omgrepet er også viktig verktøy i analysen sidan det går ut på å definere når retorikk er verksam (Andersen, 1995, s. 148). Den retoriske situasjonen vert innanfor moderne retorisk teori definert som situasjonar der det vert skapt og der det vert brukt og – ikkje minst – der det *trengst* retorikk (Andersen, 1995, s. 148).

Talens oppbygging, då helst gjennom dei seks klassiske delane av ein tale; *exordium*, *narratio*, *propositio*, *confirmatio*, *refutatio*, *peroration* vil også vere viktig, ikkje som spesifikke omgrep knytt opp mot analysen, men som underliggande teoretiske aspekt (Andersen, 1995, s. 45-46). Dei gjeldane omgrepa for talens oppbygging i denne studien vil likevel vere *inventio*, *dispositio* og *elocutio*. Dette for å kunne avgrense analysen av kampanjens struktur. Desse har også dedikerte kapittel i tekstanalysen, der eg ser på nettsidas retorikk og oppbygging i samanheng med klassisk teori. Desse tre omgrepa utgjer talens, eller i dette tilfellet tekstas forarbeidsfase (Kjeldsen, 2009, s. 37). I *inventio* vil talaren freiste å utforske emnet, finne idear og argument til sin tale (Kjeldsen, 2009, s. 38). I *dispositio* ordnar talaren stoffet på ein føremålstenleg og overtydande måte (Kjeldsen, 2009, s. 38). I *elocutio* gjennomarbeider talaren den språklege utforminga (Kjeldsen, 2009, s. 38).

Dersom ein skal kunne konstruere ein argumentasjon, meiner eg at ein vil kunne identifisere desse ulike klassiske delane av ein tale i den aktuelle argumentasjonen. Dette er ikkje eit system som nødvendigvis alle må tenkje gjennom før dei produserer eit argument eller ei tale, men det er likevel noko eg meiner ein kanskje kan spore i korleis dei fleste av oss vil organisere sin måte å argumentere på. Andersen forklarar dette ved at retoriske reglar ikkje er konstruert i eit vakuum, men at teoriane har vakse fram fordi «visse personar har notert seg og sidan samla under ein hatt alt det som veltalende menneske har gjort heilt av seg sjølve. Det er derfor ikkje veltalenheit som er født av systemet; systemet har veltalenheita til opphav (Andersen, 1995, s. 221). Talekunsten er *prinsipielt* ei systematisk vidareutvikling av naturleg tale:

Talens utgangspunkt er naturen,; kunstens utgangspunkt er iakttagelse. Det er på samme måte som legekunsten. Menneskene merket seg at noe var bra for helsen og noe ikkje, og av slike iakttagelser gjorde de en kunst (Andersen, 1995, s. 221).

Det vil også vere relevant å sjå på det Andersen kallar figurlære (Andersen, 1995, s. 67). Figurar og tropar er kort sagt måtar å seie ting på som bryt med vanleg uttrykksmåte (Andersen, 1995, s. 67). Grunnen til at ein nyttar seg av det overordna omgrepet figurlære, er fordi figur på gresk vert *skhema* og latin *figura*, noko som har tydinga *ytre form, gestalt*

(Andersen, 1995, s. 67). Men ein kan samstundes seie at tropen – på gresk/latin *tropos/tropus*, ei *vending* eller ein *vri* – er det felles prinsippet som ligg til grunn (Andersen, 1995, s. 67). Tropen vil nettopp vere interessant fordi det er noko me får når me nyttar oss av visse ord i staden for dei orda som eigentleg høyrer til saka, og som altså er naturlege, normale eller meir nærliggande (Andersen, 1995, s. 70).

Til dette er det nærliggande å trekkje inn teoriane til *Cleanth Brooks* og *Robert Penn Warren* og deira meir moderne tolking av konstruksjon av argumentasjon.

I boka *Modern Rhetoric* (1972) tek dei føre seg å vise korleis ein kan nytte seg av retorikk i eit moderne samfunn og legg her til grunn nokre viktige punkt for korleis ein kan bygge opp den retorikken ein nyttar seg av når ein freistar å overtyde andre gjennom ei tekst.

Under kapitelet *The Main Intention*, freistar dei å forklare kva ei teksts form og funksjon er. Det inneber at alle tekster har sannsynlegvis blitt skapt for å oppnå eit føremål, ha ein funksjon eller å fremje eit poeng. Alle elementa av ein tekstleg komposisjon bør bidra, direkte eller indirekte, til å oppnå den funksjonen, eller det poenget (Brooks, Warren, 1972, s. 43).

Vidare presenterer dei noko dei kallar for «*The Forms of Discourse*» eller diskursformer. Dei ulike diskursformene inneber: *exposition*, *argument*, *description* og *narration* (Brooks, Warren, 1972, s. 44). Med desse diskursformene freistar dei å skildre ei form for strukturering av moderne retorikk. *Exposition* vil då ha som intensjon å forklare noko, eksempelvis, å gjere noko klart for lesaren, analysere ein situasjon, å definere noko eller å gje retningslinjer. Intensjonen er altså, i korte trekk, å informere (Brooks, Warren, 1972, s. 44) *Argument* kan forklarast med intensjonen om å få nokon til å endre meining, holdning, standpunkt eller følelsar (Brooks, Warren, 1972, s. 44) *Description* er å ha ein intensjon om å få lesaren så levande engasjert som mogleg i det forfattaren av teksta har tolka gjennom sine sansar (eller fantasi), å få lesaren til å "føle" det som vært skildra. Det som vert skildra, kan vere alt som me kan oppfatte gjennom sansane, natur, ei travel bygate, ein katt eller ein hest, ansiktet til ein person, lyden av ei stemme, lukta av eit gammalt loft eller eit stykke musikk (Brooks, Warren, 1972, s. 45) *Narration* vil vere intensjonen ved å presentere ei hending til lesaren, kva som hende og kvifor det hende. Hendinga sjølv kan både vere stor eller triviell, ein krig eller ein fotballkamp, ein presidentkampanje eller ein piknikk; men uansett kva det dreiar seg om, så er intensjonen å gje inntrykk av rørsle i tid, å gje eit umiddelbart inntrykk av den aktuelle hendinga, kjensla av å vere vitne til at det skjer (Brooks, Warren, 1972, s. 45).

Det er klart at Leger uten grenser har ein intensjonen ved denne kampanjen. Desse fire diskursformene kan tolkast som verktøy for å strukturere denne intensjonen. I denne samanhengen nyttar eg meg av det for å skildre korleis Leger uten grenser strukturerer informasjonen sin og korleis den er retorisk.

Dei antikke definisjonane av *ethos*, *pathos* og *logos* vil, som tidlegare nemnt, vere viktige. Som omgrepsdefinering vil den klassiske teorien vere nyttig, men i dette prosjektet er dei nytta i ein moderne kontekst og det vil difor vere meir relevant å sjå på fornya tolkingar av desse. Andersen presenterer den antikke definisjonen slik:

«Den som holder tale skal ikke bare «tale». Han skal gjøre tre forskjellige ting: belære, behage, bevege. Det er først med Cicero at dette trekløveret får hjemstavsrett. Han kaller dem talerens tre oppgaver eller plikter (officia oratoris). De kan setjes i forbindelse med de tre Aristoteliske bevismidlene: Belære gjøre taleren gjennom «logos». Behag er en mild og god fornemelse som skyldes talerens karakter (ethos); bevegelse får følelsene i sving (pathos) (Andersen, 1995, s. 42).

Kjeldsen presenterer ein moderne og meir relevant definisjon. Han dreg fram at retorikken byrja som ein talekunst, men i våre dagar nyttar vi oss også blant anna av bilete for å overtyde (Kjeldsen, 2014, s. 30). Ein har alltid nytta seg av ein sakleg argumentasjon for å overtyde, men det kan sjå ut som om talarens karakter (etos) har fått ei ny tyding, for dagens talarar er autentiske og snakkar med eit naturleg og kvardagsleg språk (Kjeldsen, 2014, s. 30). Det same kan på mange måtar seiast om *pathos*. Dei store kjensleladde orda kan eksempelvis bytast ut med eit bilete som illustrerer dei kjenslene ein freistar å skildre med ord. Kjeldsen illustrerer dette ved å forklare skiljet mellom *tanke* og *følelse* (Kjeldsen, 2014, s. 45). Det vil altså seie at *logos* og *pathos* på mange måtar ikkje lenger går hand i hand i det politiske landskap eksempelvis.

Kjeldsen freistar å skildre korleis retorikken, i ein moderne kontekst, framleis er viktig for å forstå samfunnet, sjølv om det sidan Aristoteles og Cicero har endra seg relativt mykje.

Noen ganger gjør vi klokest i å følge magesfølelsen. Så hvis du ønsker å påvirke og overtale andre mennesker, må du appellere til deres sanser og påvirke deres følelser. Men du må aldri glemme å appellere til hodet. Du må ha gode grunner og overbevisende argumentasjon. Og samtidig må du ha hjertet med deg. Du må ha vilje og intensjon, vinne tilhørernes tillit slik at de oppfatter deg som troverdig. Dette synet på mennesket

kan vi kalle for «talerens antropologi». Mennesket står i sentrum, ordet begynner med taleren, og taleren er en enhet av fornuft, følelse og vilje. Hun anvender språket for å forandre verden. Dette synet anerkjenner at mennesket både er hode, mage og hjerte, og at vi derfor bare kan, men også bør appellere til 'både' sakens rasjonalitet (logos), tilhørernes følelser (patos) og talerens troverdighet (etos) (Kjeldsen, 2014, s. 94).

Vidare vil det også i samband med denne studien vere relevant å sjå på retorisk identifikasjon. Wess (1996) tar føre seg dette i si bok *Kenneth Bruke – Rhetoric, Subjectivity, Postmodernism*. Han presenterer Burke sitt syn på identifikasjon og retorikk på denne måten:

In pure identification there would be no strife. Likewise, there would be no strife in absolute separateness... But put identification and division ambiguously together, so that you cannot know for certain just where one ends and the other begins, and you have the characteristic invitation to rhetoric. Here is a major reason why rhetoric, according to Aristotle, «proves opposites» (Wess, 1996, s. 188-189).

Wess argumenterer så for Burke sitt «forslag» om at den viktigaste premissen for den gamle retorikken var å *overtyde*, medan det innafor den nye retorikken kan vere *identifikasjon* (Wess, 1996, s. 189). Dette kan då inkludere ein delvis *medvitslaus* faktor i samband med det å appellere (Wess, 1996, s. 189).

5.0 Materiale

5.1 Materiale og studieområde

Det eg ønskjer å analysere i dette prosjektet, er det presse materialet som Leger uten grenser presenterer seg gjennom. Det vil i hovudsak vere tekstene som dei sjølve produserer og presenterer på nettsida si. Eg ser også på bileta dei nyttar seg av, men eg legg mindre vekt på dei i analysen. Den meiningsberande teksta på nettsida er det som står i fokus. Ved å avgrense det på denne måten håpar eg å understreke den tematikken som er gjeldande for dette arbeidet, nemleg korleis organisasjonen framstiller seg sjølve gjennom retoriske verkemiddel og om ein i dette kan sjå ei spesifikk form for retorikk som framkallar compassion fatigue hjå lesaren. Eg ønskjer altså i vid forstand å analysere *tekster* i form av ei multimodal presentasjon på ei nettside.

Alan Bryman presiserer i si bok *Social Research Methods* at informasjon som kjem direkte frå organisasjonar, nettopp slik som Leger uten grenser, vil vere av stor verdi for den som skal utføre studiar som omhandlar større organisasjonar (Bryman, 2012, s. 551). Vidare noterar han seg noko som eg også ser på som definerande for det eg ønskjer å studere, nemleg:

People who write documents are likely to have a particular point of view they want to get across (Bryman, 2012, s. 551).

Dei dataene eg ønskjer å sjå på er altså, slik Bryman seier det, data som allereie er «der ute» og som berre ventar på å bli samla og analysert. Dei har ikkje blitt produsert som følge av ein førespurnad frå forskarar (Bryman, 2012, s. 534). Dette er materiale ein kan *lese*, der omgrepet *å lese* vært nytta i vid forstand sidan det for mi oppgåve vil knyte seg opp mot det multimodale. Eg kjem til å nytte meg av fire kriteria når eg hentar ut det materialet eg ønskjer å studere. Desse vært presentere av *J. Scott* (1990) og dei er å finne i boka til Bryman (Bryman, 2012, s. 544). Desse fire kriteria seier noko om korleis ein skal gå fram for å få definere den vitskapelege verdien av å nytte dokument som kjelder for forskning. Eg vél å leggje desse kriteria til grunn slik at det samsvarer med det utvida tekstomgrepet eg allereie har presentert.

J. Scott presenterer altså fire kriteria for å vurdere kvaliteten av dokument eller tekster. Desse er *Authenticity*, *Credibility*, *Representativeness*, *Meaning* (Bryman, 2012, s. 544). I

dette prosjektet kjem eg til å bruke norske omsetjingar av desse omgrepa. Dette fordi det vil gjere det enklare i eventuelle diskusjonar og språket vil naturleg nok flyte betre. Eg vél altså å nytte meg av desse omsetjingane; *autensitet, kredibilitet, representasjon* og *tyding*. Om ein definerer *Glemte Kriser 2014* som eit *dokument* eller ei *tekst* så vil det altså krevje at den er *autentisk, kredibel, representativ* og at den har ei *tyding*.

Det materialet eg ønskjer å nytte meg av er altså ein pressekampanje på nett produsert av organisasjonen Leger uten grenser, ein kampanje som kan reknast for å vere retorisk. Det teoretiske studieområdet mitt vil då falle på det ein i vid forstand kan kalle ein *multimodal tekst*. Dette vil vere Leger uten grenser sine eigenproduserte tekster som har som funksjon å presentere organisasjonen og definere det arbeidet dei driv med. Eksempel på dette vil vere bilete som er meint å illustrere organisasjonen sjølv eller ulike prosjekt som vert illustrerte gjennom skriven tekst. Først og fremst ønskjer eg å sjå på visuelle uttrykk der ein kombinerer både tekst og bilete, men det vil også vere relevant å sjå på bilete der tekst ikkje vært nytta. I samband med dette trekkje inn Bryman (2012), som presenterer tre ulike roller fotografiet har hatt i samband med samfunnsvitskapeleg forskning.

Illustrative – Photographs may have a role whereby they do little more than illustrate points and therefore enliven what might otherwise be a rather dry discussion of findings.

As data – Photographs may be viewed as data in their own right. When based on research-generated photographs, they become essentially part of the researcher's field notes. When based on extant photographs, they become the main source of data about the field in which the researcher is interested.

As prompts – Photographs may be used as prompts to entice people to talk about what is represented in them. Both research-driven photographs and extant photographs may be used in this way. Sometimes, research participants may volunteer the use of their photographs for this kind of use (Bryman, 2012, s. 547).

Slik det kjem fram av *Glemte Kriser* så vil rolla til bileta i denne studien i hovudsak befatte seg med å vere *illustrerande* for teksta. Men, i resepsjonsdelen kan det vere nyttig å bruke dei *as prompts* for å få folk til å opne seg og klare å kommentere på teksta.

Anders Johansen (2008) freistar i si bok *Talerens troverdighet* å skildre tydinga av fotografiet og den statusen det fekk, som ein måte å presentere truverdige framstillingar av

menneske på. Han seier at fotomediet verka, på meir enn ein måte, demokratiserande. For ein rimeleg penge og med ubetydeleg tidsbruk kunne alle og ein kvar no bli foreviga, og det med ei attgjeving så nøyaktig og naturtru at den ikkje stod tilbake for noko maleri (Johansen, 2008, s. 245). Med tida har sjølvstekt fotomediet utvikla seg og det kan i våre dagar manipulerast, slik som tidlegare kunstmalarar manipulerte malarkunsten. Men biletet kan framleis seiast å eige dei same demokratiske og personleggjerande kvalitetane, om enn det eksisterer måtar å manipulere det på. Dette er det Johansen tek opp og skildrar denne utviklinga slik;

Fotografiet trekker i same retning som kringkastingsmediene. Det kan framstille politikeren slik portrettmaleriet gjorde det en gang: med maktens insignia, i gloriøs positur, under henvisning til klassiske forbilder, dvs. som noe i retning av et sjeldent, men allmenngyldig tegn. Trengs det ytterligere idealisering, er det bare å retusjere i vei. Men kameraet selv er mekanisk. Det fastholder hva man plasserer foran det – ikke objektivt riktignok, men i dets konkrete aktualitet og individualitet. Konvensjoner, som malerens hånd så vanskelig gjør seg fri fra, vet det ingen ting om. Det uforlignelige ved trekk og holdninger, og det grått ordinære – alt dette som gjør den avbildete til et individ som alle andre – setjer seg meir insisterende igjennom her enn i maleriets tilfelle (Johansen, 2008, s. 248).

Nettopp dette er noko av grunnen til at eg ønskjer å ta føre meg fotoet som analysemateriale. Korleis kan ein nytte seg av fotografiet for å fremje og understreke eit argument? Det fotografiet framstiller, kan vere demokratiserande, men vil det ha den same effekten dersom det er manipulert til å få fram det argumentet som er ønskt av organisasjonen? Når eit foto vart presentert som ein del av ein meiningsbærande tekst er det naturleg å knytte desse to saman når ein studerer retorikken. Foto kan altså illustrere og understreke ein bodskap, det kan ein sjå i utdraga frå både Bryman og Johansen. Difor er det nødvendig å sjå på samspelet mellom tekst og foto dersom det er tydeleg at dei er høyrer saman.

6.0 Framgangsmåte

6.1 Plan for innsamling av data

I dette prosjektet har datainnsamlinga vore gjennom tekstanalyse og tenke-høgt-lese-studium av respondentar. Tekstanalysen har eg gjennomført ved å granske heimesida til Leger uten grenser, der *Glemte kriser* har si eiga dedikerte side. Respondentane vart i hovudsak rekrutterte gjennom Studentersamfunnet i Bergen. I samband med rekrutteringa brukte eg «snøballmetoden» der ein kjend kontakt kom med forslag til andre som kunne inkluderast, som igjen kom med sine forslag til andre kontaktar (Gentikow, 2005, s. 80).

Resultatet vil kombinere svara frå intervjuet med den retoriske tekstanalysen. Ved å gjere dette kan eg sjå spesifikt på kva organisasjonen sjølv ønskjer å oppnå og vurdere om dette er noko som kan oppfattast av publikum. Fordi eg vél å ikkje nytte meg av kvantitativ metode, vil eg ikkje kunne seie noko konkret om korleis dette vert oppfatta, men det vil vere mogleg å drøfte dette på bakgrunn av dei resultata eg håpar å kome fram til. Ein vil utifrå resultata kunne drøfte ulike måtar for korleis publikum kan tolke den visuelle argumentasjonen og korleis organisasjonen framstår.

6.2 Ressursar og tilgang

Dei fagressursane eg kjem til å nytte meg av er i hovudsak dei ved Universitetet i Bergen. For litteratur og søk har eg nytta meg av Bibliotek for samfunnsvitskap og Bibliotek for Humaniora ved UiB. Rettleiar for oppgåva har vore Jens Kjeldsen som er professor ved det Samfunnsvitskapelege fakultetet. Han er tilknytt retorikkgruppa ved det same fakultetet.

7.0 Analyse

7.1 Kvalitativ innhaldsanalyse med fokus på retoriske verkemiddel i Leger uten grenser sin kampanje på nett: Glemte kriser 2014

Den kvalitative innhaldsanalysen eg har gjort i samband med denne studien, er meint å fungere som eit utgangspunkt for å forstå denne kampanjen som ein retorisk heilskap. Den vil i hovudsak vere eit verktøy for å kunne forstå korleis respondentane reagerer på denne teksta i kampanjen. Teksta i denne samanhengen må ein forstå i utvida forstand. Det vil altså seie at bilete, video og skriven tekst fungerer som ein heilskap. Eg har i hovudsak fokusert på den skrivne teksta i analysen, men eg legg likevel vekt på at heilskapen i det visuelle er viktig. I tekstanalysen har eg freista å finne fram til delar ved teksta som kan seieast å vere retoriske eller fungerer som del av ein argumentasjon. For å skildre dette vil eg vise til retorisk teori som kan seiast å vere relevant. Dette viser eg ved å trekke ut eksempel frå kampanjen der eg vurderer dei opp mot retorisk teori. Eksempla er henta både frå framsida og frå utvalde artiklar som er hyperlenka til gjennom framsida. Hovudfokuset i analysen ligg på framsida, men eg har også analysert oppbygginga og komposisjon av artiklane sidan det har vist seg at den er den same i alle artiklane.

7.2 Protocol analysis/tenke-høgt-lesingsstudie av retorisk resepsjon i Leger uten grenser sin kampanje på nett: Glemte kriser

Contemporary society is filled with a variety of complex visual images. In paintings and sculptures, movies, magazines, television programs, commercial and political advertisements, and World Wide Web sites, visual communication is «pervasive in everyday discourse» (Groarke, 1996, p. 105). Although few would disagree with Blair's (1996) claim that 'images... are enormously powerful influences on attitudes and beliefs' (p. 23), the mechanism of this influence is less understood (Smith, 2007, s. 114).

Desse mekanismane som Smith her omtalar, er det eg ønskjer å gå nærare inn på med min analyse. Skilnaden i dette tilfellet at det her dreiar seg om kommunikasjon gjennom ei nettside

og at det i hovudsak dreiar seg om bilete som er underlagde ei tekst for å kunne vere meiningsberande. For å gjere dette har eg altså utført det ein kallar ein tenke-høgt-lesestudie eller ein protokollanalyse. Gjennom denne teksta kjem eg til å nytte megbruke ordet «*respondentar*» når eg viser til deltakarane i studien. Sitata vil også ha vere nummererte i underteksta slik at det vert enklare for lesaren å halde oversikt. I teksta vil det altså kunne framstå slik: «*Respondent freistar å skildre... Han sa blant anna...*» eller «*Respondenten seier... Ho meinte at...*». Respondentane vil altså ikkje bli nemnde med namn, men vil bli omtala som *han*, *ho* eller *henne*. Dei er også refererte til i teksta med *nummer* og *sidetal*. Dette for å kunne vise til kvar i transkripsjonen av samtalen sitatet er henta frå. I teksta vil det framstå på følgjande måte «(*Resp. ?, s. ??*)».

I denne analysen har eg nytta meg av to respondentgrupper der den eine fungerer som ei kontrollgruppe for den andre. Utvalet mitt består av personar som er studentar ved Universitetet i Bergen og kontrollgruppa vil då vere personar som ikkje studerer ved universitetet. Det er altså ei gruppe med personar som *studerer* og ei gruppe med personar som *ikkje studerer*. Utdanningsnivået i kontrollgruppa varierer, men eg har likevel valt å ikkje la *fullført utdanning* vere eit av kriterium. Dette gjer eg fordi eg ikkje ønskjer at denne gruppa skal framstå som ei generalisering av ei gruppe menneske som av ulike årsaker ikkje studerer. Studentane i hovudgruppa er alle medlemmer av studentorganisasjonen Studentersamfunnet i Bergen. Engasjementet varierer, og dei ulike respondentane er tilknytt ganske ulike delar av denne organisasjonen. Dette utvalet er heller ikkje meint å fungere som ei generalisering, men skal tene til å finne fram til studentar som på ein eller annan måte kan seiast å vere engasjerte. Det var viktig å finne fram til studentar som kunne argumentast for å eige eit visst *engasjement* i noko, fordi det svarer til teorien om compassion fatigue.

8.0 Hovuddel


8.1 Kvalitativ innhaldsanalyse

8.1.1 *Inventio: innhald og argumentasjon*

Nettsida til Glemte Kriser har ein forholdsvis enkel komposisjon. Fargebruken er minimalistisk og dei visuelle verkemidla er ikkje knytte opp mot biletebruk, men i fargekombinasjonen mellom dei ulike delane av teksten. Eit eksempel på dette kan ein sjå på korleis dei nyttar seg av utheva raud skrift. Dette ser ein både øvst på sida, øvst til venstre, og lenger nede i teksta. Raud er ein farge mange har sterke assosiasjonar til. Raud er også hovudfargen i logoen til Leger uten grenser, noko som også kan vere med på skape assosiasjonar til sjølve organisasjonen hjå lesaren. Det verkar i alle fall som eit bevisst grep når ein les seg nedover på sida og ser at dei ti ulike krisene har tittelen i denne fargen. Det er berre titlane som har denne fargen, den tilhøyrande ingressen er svart.

Når ein først kjem inn på sida, er det einaste *biletet*, eit stillfoto frå ein video, med teksta «*denne filmen skal du se med lukkede øyne*». Det er også eit bilete øverst til høgre, men dette er eit bilete som er integrert i sjølve nettsida og er difor ikkje utelukkande meint for denne delen av nettsida.

Stillbiletet frå videoen er av ei kvinne som lukkar auga. Dette, i kombinasjon med teksta «*denne filmen skal du se med lukkede øyne*», kan seiast å vere eit multimodalt retorisk verkemiddel som kombinerer tekst og bilete. Det er ein tydeleg instruks, og utan denne instruksjonen ville filmen, eller funksjonen til biletet, kunne ha falle bort. Ein kan altså seie at bilete og tekst *komplementerer* kvarandre og utgjer ein retorisk heilskap.



Figur 3: Framside 1 (Glemte kriser 2014, 2014).

Denne visuelle kombinasjonen eller dette verkemiddelet kan også seiest å underbygge litt av den tankegangen som kanskje ligg bak denne kampanjen, noko ein også kan sjå igjen i sjølve teksta lenger ned på sida. Dette er noko som vil vere viktig når ein vurderer den retoriske situasjonen som oppstår når ein som lesar går inn for å lese denne nettsida.

Den enkle framstillinga på framsida er med på å underbygge viktigheita av informasjonen. Det er korte setningar, som alle inneheld informasjon om det som er det mest vitale ved den aktuelle krisa. Vidare følgjer bilete av korleis resten av framsida ser ut:

Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis.

Som i Den sentralafrikanske republikk.

Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år.

Få eller ingen har brydd seg.

Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene.

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene.

Glemte kriser:

Tsjad: forventet levealder 51 år
Sykdommer som enkelt kunne vært behandlet dreper hundretusener i Tsjad, hvor de fleste lever uten leger, medisiner og helsehjelp.

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag
På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen.

Figur 4: Framside 2 (Glemte kriser 2014, 2014).

Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land
Vold og konflikt driver mennesker fra hjemmene sine nordvest i Pakistan. Internflyktingene mangler mat, helsetjenester og tak over hodet.

Vaksinemangel tar liv i kriser
I akutte humanitære kriser er det ikke vold og skader som tar flest liv, men smittsomme sykdommer som meslinger, lungebetennelse og diaré.

Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt
Over 60 000 maliere har flyktet fra vold og konflikt til nabolandet Mauritania. Nå lever de under livsfarlige og uverdige forhold i ørkenen.

Multiresistent tuberkulose smitter 1400 mennesker hver dag
Den dødelige sykdommen er motstandsdyktig mot vanlige tuberkulosemedisiner. Bare én av fem får behandlingen de trenger.

Guinea: Bunnløs helsekrise
Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag.

Figur 5: Framside 3 (Glemte kriser 2014, 2014).

Lassa: Dødelig blødningsfeber rammer hundretusener
Hvert år dreper lassafeber 5000 mennesker i Vest-Afrika. Det finnes ingen vaksiner, og dagens medisiner er altfor dyre for de fattige som rammes.

Kala azar: Feberen som dreper 30.000 hvert år
Den dødelige sykdommen som først og fremst rammer fattige har utdaterte medisiner og smertefull behandling.

En av tre har ingen lege å gå til
Hvert år dør 13 millioner mennesker av smittsomme sykdommer, fødselskomplikasjoner og underernæring. De fleste dødsfallene kunne vært unngått med tilgang på helsehjelp.



Postadresse:
Postboks 8813 Youngstorget
0028 Oslo
Org.nr.:NO 977 097 495

Besøksadresse:
Hausmannsgate 8, 0186 Oslo
For gaver til Leger Uten Grenser, ring tlf: 08898
Innsamlingskonto: 50100547500
epost@legerutenengrenser.no
Resepsjon: 23 31 86 00 (09:00 - 16:00)

Om oss
Kontakt oss
Tilbakemeldinger

Pressevakta 45 25 29 95 (ikke SMS)

Figur 6: Framside 4 (Glemte kriser 2014, 2014).

Informasjonen som kjem fram av denne nettkampanjen kan skildrast med følgjande stikkord. Det er *mykje informasjon* og det er *negativ informasjon*. Hovudfokuset i teksta på denne sida kan seiast å ligge på å informere om det negative ved den aktuelle krisa. Dette kan ein sjå på framsida og i alle artiklane. *Problemet*, er det som vert presentert først, og vidare følgjer inngåande informasjon om dette, før ein heilt til slutt presenterer den *positive informasjonen*. Tekstene er også komplementerte av bilete som på mange måtar kan seiast å understreke *problemet*, sjølv om dei i seg sjølve ikkje kan seiast å vere ekstreme skildringar. Kombinasjonen av bilete og tekst er altså det som er med på å bygge opp under den negative konnotasjonen. Biletet har altså i dette tilfellet ein *illustrerande* funksjon.

Det er ei klar overvekt av fokus på å få fram den negative informasjonen i presentasjonen av desse krisene. Strukturen fungerer slik at den i alle ledd, på ein eller annan måte, visuelt eller tekstuel, fokuserer på det som er *negativt*.

Ein kan eksempelvis illustrere dette ved å vise til korleis artiklane er bygde opp. Der kjem den positive informasjonen, det som Leger uten grenser faktisk utrettar, heilt til slutt i artikkelen.

Framsidas funksjon er å presentere lesaren for dei ti krisene som Leger uten grenser har valt ut. Den byrjar med å introdusere lesaren for problemet, for så å presentere lista over dei faktiske krisene. Videoen, eller biletet, er også meint som ein del av introduksjonen til det overordna problemet. Dei byrjar altså med å introdusere og bygge opp argumentasjonen, for

så å presentere *bevis* gjennom lista over dei ti krisene som denne kampanjen tek føre seg. Presentasjonen av dei ti krisene, eller bevisføringa i argumentasjonen, kan sjåast på som den delen der den negative informasjonen kjem klårast fram. Alle krisene har sin eigen tittel og ingress, og informasjonen som kjem fram av desse er utelukkande negativ.

Nettsida kan oppfattast som rein og enkel. Det er få visuelle verkemiddel, og det er ingenting som kan seiast å skrike etter merksemd. Dette ser ein både i biletb Bruken og i teksta. Teksta på framsida har aldri andre fargar enn raud og svart. Raud vert nytta til å utheve titlar, medan ingressen står i svart. Den einaste andre fargen som vert nytta til teksta er tittelen til videoen. Det kjem av at denne er lenka opp mot nettsida via programmet *Vimeo*, som har sitt eige design på teksta og det er difor sannsynleg at dette ikkje har noko å gjere med Leger uten grenser sine preferansar for bruk av farge.

Den utheva raude skrifta verkar også som indikator på kva delar av teksta som fungerer som hyperlenker. Desse hyperlenkene fører lesaren vidare inn på eigne sider eller artiklar, som vedkjem den tittelen ein trykker på. Dette fungerer som ei vidare bevisføring eller argumentasjon for kva som er prekært ved den aktuelle krisa.

Den negative tendensen held fram dersom ein vél å gå inn på artiklane. Ein må i kvar einaste artikkel på denne sida lese seg gjennom heile teksta før ein kjem fram til den positive informasjonen. Før ein kjem så langt har ein altså måtta lesa seg gjennom inngåande skildringar av tilhøve som for mange vil vere sær tung lesing.

Her kan ein sjå nokre eksempel frå korleis teksta framstår inne i artiklane. Ein kan her også sjå at dei titlane som høyrer til kvart enkelt avsnitt, også ber det negative fokuset med seg:

Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land



Vold og konflikt driver mennesker fra hjemmene sine nordvest i Pakistan. Internflyktingene mangler mat, helsetjenester og tak over hodet.



Figur 7: Artikkel (1 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land (Glemte Kriser 2014, 2014)

Talsperson	Kart
<p>Siden 2004 har rundt fem millioner mennesker blitt drevet på flukt fra konflikt og vold nordvest i Pakistan. De siste årene har rundt én million internt fordrevne vært registrert i disse regionene, og i juni 2014 økte tallet til én og en halv million i følge FN's høykommissær for flyktinger. Fattigdom, vold og ustabilitet hindrer internflyktingene i å oppsøke helsehjelp.</p>	
<p>Drevet på flukt i bølger av vold, ustabilitet og naturkatastrofer</p> <p>I 2013 var væpnet konflikt hovedårsaken til at mennesker måtte flykte fra hjemmene sine i Pakistan. Det nordvestlige Pakistan er preget av konflikt og sekterisk vold, og dette har ført til en kontinuerlig strøm av internt fordrevne mennesker i denne regionen.</p>	
<p>Mange av de internt fordrevne har vendt hjem siden 2004, men ofte kommer de tilbake til ødelagte hjem og eiendommer, fattigdom og gjeld, og mangel på tilgang til grunnleggende ting som helsetjenester.</p>	
<p>Enda større deler av den pakistanske befolkningen har i perioder blitt fordrevet på grunn av flomkatastrofer. Mellom 2010 og 2012 var rundt 15 millioner mennesker internt fordrevne i landet på grunn av flom.</p>	
<p>Vanskelig å telle</p> <p>Det er vanskelig å samle nøyaktige tall på antall internt fordrevne, både på grunn av mangel på effektive registreringsmetoder og fordi stadig nye mennesker blir fordrevet samtidig som andre igjen vender hjem. Ikke alle fordrevne grupper i Pakistan er offisielt anerkjent som internflyktinger. Den ustabile situasjonen er en utfordring for humanitære aktører, og hindrer dem i å nå fram med hjelp til de internt fordrevne.</p>	
<p>I tillegg til de internt fordrevne huser Pakistan omkring 1,6 millioner afghanske flyktinger som har flyktet over grensa.</p>	
<p>Kan ikke reise hjem</p> <p>I 2009 nådde antallet internt fordrevne i nordvest et foreløpig toppunkt med 3 millioner. Mange av disse har siden returnert hjem, men vedvarende ustabilitet, ødeleggelser av hus og manglende gjenoppbygging av tjenester og infrastruktur hindrer mange i å reise tilbake.</p>	
<p>Det er internflyktingene i flyktingleirene som har de største grunnleggende behovene, på grunn av dårlige hygieniske forhold og mangel på rent drikkevann. Om sommeren blir det ekstremt varmt i flyktingleirene, og familier sover utendørs, noe som gjør dem mer sårbare overfor myggbårne sykdommer som malaria og denguefeber.</p>	

Figur 8: Artikkel (2 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land (Glemte Kriser 2014, 2014)

Mangler mat og helsetjenester

De fleste internflyktingene bor i vertssamfunn utenfor leirene. Blant disse lever to tredjedeler under fattigdomsgrensa og har ikke tilgang på grunnleggende ting som mat og helsetjenester. Pakistanske myndigheter og det nasjonale og internasjonale samfunnet forsøker å bedre situasjonen, men mange grupper mennesker faller utenfor myndighetenes kriterier for å bli registrert som internt fordrevne. Disse får for eksempel ikke tilgang til matrasjoner. Dermed blir ikke den humanitære innsatsen i tilstrekkelig grad rettet mot dem som har de største behovene.

Tilgangen på helsetjenester er dårlig. Mange har ikke råd til medisinsk hjelp. Mange internflyktinger er skeptiske til å oppsøke helsehjelp fordi de er på et fremmed sted. Selv når det finnes tilgjengelige helsesentre, vil de kun oppsøke det dersom de er veldig syke. Kvinner trenger som regel følge av et mannlige familiemedlem, og har ikke mulighet til å komme alene.

Hva gjør Leger Uten Grenser?

Leger Uten Grenser jobber tilbyr kirurgi, fødselshjelp og akuttmedisinske tjenester i flere sykehus og helsestasjoner nordvest i Pakistan. Leger Uten Grenser har også prosjekter i Kurram Agency og De føderale stammeområdene (FATA) med kun pakistanske hjelpearbeidere.

Barn som er internflyktinger har ikke alltid fått de grunnleggende vaksinene, og Leger Uten Grenser behandler ofte smittsomme sykdommer som meslinger og kusma. Hvis barna i tillegg er underernærte vil de være enda mer sårbare overfor disse sykdommene.

Det er vanlig å se gravide kvinner som ikke har hatt noen form for oppfølging under svangerskapet før fødsel. Mange har komplikasjoner under graviditeten som ikke blir behandlet, som mangelsykdommer, infeksjoner eller underernæring. De mødre som kommer til sykehuset for å føde, må som oftest reise igjen med en gang etter fødsel, fordi det som regel ikke er noen som tar seg av de andre barna hjemme.

Mange av de internt fordrevne søker seg til storbyene og havner i slumområder. I Pakistans største by, Karachi, driver Leger Uten Grenser fødestuer og legesenter i slummen.

Leger Uten Grenser driver også prosjekter i Balutsjistan sørvest i Pakistan, regionen med noen av de verste helseindikatorerne i landet. Befolkningen her er rammet av både sekterisk vold og naturkatastrofer, og Leger Uten Grenser jobber med å øke tilgangen til blant annet fødselshjelp og grunnleggende helsetjenester.

Vil du vite mer?

Postadresse: Besøksadresse: Om oss

Figur 9: Artikkel (3 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land (Glemte Kriser 2014, 2014)

Med overskrifta *Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land* og ingressen *Vold og konflikt driver mennesker fra hjemmene sine nordvest i Pakistan*. *Internflyktingene mangler mat, helsetjenester og tak over hodet* vidarefører artikkelen det negative utgangspunktet som allereie er etablert på framsida. Ein kan også sjå at teksta vidare ber det same preget. Eksempelvis kan ein sjå dette i mest alle titlane dei har valt for dei ulike avsnitta, bortsett frå den som kjem til slutt. *Drevet på flukt i bølger av vold, ustabilitet og naturkatastrofer, Vanskelig å telle, Kan ikke reise hjem, Mangler mat og helsetjenester, Hva gjør leger uten grenser* (Glemte Kriser 2014, 2014)? Under kvar av desse titlane følgjer informasjon som er relevant for tittelen. Informasjonen i desse avsnitta er også negativt lada og tittelen kan såleis seiast å vere ein god illustrasjon for det som står i brødteksta.

Inne i artiklane kan ein også sjå andre hyperlenker som leier inn på tilleggsinformasjon som er relevant. Desse hyperlenkene fungerer som tekstbokser som opnar

seg når ein klikkar på dei med musepeikaren. Dei har følgjande titlar *talsperson* og *kart*, som ein finn heilt øvst plassert under biletet, og *Vil du vite mer?*, som ein finn heilt nedst på sida etter siste avsnitt (Glemte Kriser 2014, 2014).

Det som også vert klårt etter litt lengre lesing er at denne kampanjen i all hovudsak er basert på tekst. På framsida er det eit bilete heilt øvst og det same gjeld for alle artiklane. Inne i artiklane er det også lagt to bilete inn som hyperlenker. Desse ligg under lenkene *Talsperson* og *Kart*. Desse bileta kan berre sjåast dersom ein klikkar på hyperlenka, elles ligg dei gøymde vekk og framstår som ein del av bileteteksta. Artiklane er som nemnt i hovudsak baserte på tekst, medan bileta fungerer illustrativt. Det er teksta i artiklane som er berande for den argumentasjonen Leger uten grenser fører. Det er i all hovudsak gjennom teksta at lesaren skal oppfatte budskapet, bileta fungerer som illustrasjonar. Dette gjeld både for framsida og artiklane. Tekstbruken på framsida er, i seg sjølve minimal, men i artiklane er det større tilfang. Men, om ein ser på forholdet mellom biletebruk og tekstbruk på framsida, og totalt sett, så kan ein likevel argumentere for at det er *mykje* tekst.

Mengde informasjon kan altså seiast å ha noko å gjere med fokus på tekst. Dette fordi det er gjennom teksta ein får den inngående informasjonen om desse krisene. Det kan ein sjå i dette eksempelet frå framsida:

Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis.

Som i Den sentralafrikanske republikk.

Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år.

Få eller ingen har brydd seg.

Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktinger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene.

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene.

Glemte kriser:

Tsjad: forventet levealder 51 år
Sykdommer som enkelt kunne vært behandlet dreper hundretusener i Tsjad, hvor de fleste lever uten leger, medisiner og helsehjelp.

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag
På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen.

Figur 10: Framside 2 (Glemte kriser 2014, 2014).

Dette er altså slik nettsida ser ut under biletet på framsida og ein kan allereie her sjå at fokuset har skifta frå det visuelle til det tekstlege. Slik er det også dersom ein skrollar seg vidare nedover på nettsida.

Om ein tek for seg føre seg å knyte teorien om enthymemet opp mot det organisasjonen her nyttar biletet til, så kan ein tenke seg at bilete og tekst er ein del av ein argumentasjon. Når ein skal argumentere for eit syn kan ein ikkje alltid nytte seg av konkrete bevis. Enthymemet byggjer på det ein gjerne kallar *tvingande teikn*. Med tvingande teikn meiner ein at den underliggande konklusjonen i ein argumentasjonen ikkje vert uttalt. Med dette som bakteppe kan ein altså diskutere korleis dette biletet kan seiast å vere eit visuelt verkemiddel for den argumentasjonen Leger uten grenser fører i teksta. Tekst og bilete komplementerer kvarandre.

Dersom ein eksempelvis ser føre seg at eit enthymem i denne samanhengen er:

Folk som lukkar auga for kriser, bryr seg ikkje om andre menneske.

Då kan ein argumentere for at ein lesar kan konstruere eit enthymem som ser slik ut:

Eg lukkar augene, eg bryr meg altså ikkje om andre menneske.

Ved å definere enthymemet på denne måten kan ein seie at det Leger uten grenser freistar å gjere, er å knyte det å *ikkje engasjere seg* eller å *lukke auga* for akutte kriser, opp mot det å ikkje bry seg. Det kan altså vere den underliggande konklusjonen som Leger uten grenser vil at lesaren skal kome fram til sjølv. Denne argumentasjonen kjem også fram av teksta, som går nærare inn på nettopp det at ein må "opne auga" for akutte kriser.

Argumentasjonen som vert presentert i dette tilfellet, kan difor på mange måtar seiast å vere multimodal. Den nyttar seg av tekst for å *legge fram* problemet og bilete/video for å *illustrere* årsaka til problemet. Den retoriske situasjonen sirklar difor rundt eit problem og ei årsaksforklaring. Biletet/videoen er altså ei årsaksforklaring. Dette vert ekstra tydeleg når ein ser på illustrasjonen på førre side.

Eksempel 1, *enthymem*:

Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år.

Få eller ingen har brydd seg (Glemte Kriser 2014, 2014).

Dette er eitt av to utdrag frå teksta som byggjer opp under enthymemet for denne argumentasjonen. Utdraget er henta frå ingressen som introduserer dei ti krisene. Her kan ein argumentere for at teksta komplementerer eller fullfører den argumentasjonen som ikkje er uttalt, altså «*eg lukkar auga, eg bryr meg altså ikkje om andre menneske*». Dette fordi kombinasjon av det som står i teksta og dei visuelle verkemidla øvst på sida kan seiast å gje publikum denne assosiasjonen. Eit eksempel er bruken av orda «*få*» eller «*ingen*». Orda kan ikkje i seg sjølve knytast direkte til ein anklage, men dersom ein vedgår at dette faktisk er ein retorisk situasjon, så kan desse orda få ei annan tyding som følgje av den konteksten dei vert nytta i. «*Få*» eller «*ingen*» kan difor kanskje få tydinga «*oss*», «*vi*», «*du*» eller «*eg*». Vidare i teksta nyttar dei seg faktisk også av ordet «*vi*».

Eksempel 2, *retorisk situasjon*:

Tsjad: forventet levealder 51 år

Sykdommer som enkelt kunne vært behandlet dreper hundretusener i Tsjad, hvor de fleste lever uten leger, medisiner og helsehjelp (Glemte Kriser 2014, 2014).

Dette er i utgangspunktet ein effektiv måte å korte ned mengden informasjon på framsida med. Alle dei ti krisene vert presenterte på same måte, med tittel og ein eller to utfyllande setningar.

Men, sjølv om det er korte og konsise setningar, så betyr ikkje det at mengda informasjon som vert presentert, også er lita. Dette vart også klart etter samtalanene med dei ulike respondentene. Mengda med informasjon som vert presentert på denne framsida, er eigentleg ganske omfattande. Ti ulike kriser, alle desse krisene ramar eit stort tal menneske, krisene har ulike årsaker, dei har ulik geografisk tilknytning og fleire andre kjenneteikn som, sjølv om det er korte og konsise framstillingar, gjer at det for ein lesar vert veldig mykje informasjon å prosessere.

Dette er sjølvsagt ein vanskeleg balansegang for ein organisasjon slik som Leger uten grenser, sidan det nettopp er viktig å informere om at det faktisk skjer veldig mykje vondt i verda. Men, når form og framstilling er så gjennomgåande lik og informasjonen så ulik, kan det føre til at folk misforstår nettopp det faktum at dei ulike krisene har ulike årsaker, utfall og omfang. Moeller (1999) skildrar nettopp kor vanskeleg dette kan vere.

The harder job is to retain the public's interest long enough to educate (s. 99).

Ho diskuterer vidare bildebruken i media, der ho nyttar den ikoniske bruken av det sveltande barnet som premiss for diskusjonen. Der ein i media ofte nyttar seg av den same framstillinga, det sveltande barnet, kan ein også knyte det inn i ein diskusjon rundt denne nettsida, nemleg til det at fleire liknande framstillingar kan føre til at publikum blir ramma av compassion fatigue.

Repeating the iconic starving children images is a short-term strategy that, if continued, and ultimately contribute's to an audience's decline into compassion fatigue (Moeller, 1999, s. 99).

I denne samanhengen er det ikkje bilete det er snakk om, men form og framstilling av tekst og difor, kan ein seie, konkret og meiningbrande informasjon.

Som nemnt, så består introduksjonane til desse gløynde krisene av korte og konsise tekster. Dei tek som regel for seg klare fakta, og det verkar som dei freistar å unngå altfor billetelege framstillingar. Men, det finst likevel unntak. Denne setninga er henta frå sida og er ei av svært få av desse introduksjonane som nyttar seg av eit mindre nøytralt valt ord.

Eksempel 3, *retorisk situasjon*:

Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt

Over 60 000 maliere har flyktet fra vold og konflikt til nabolandet Mauritania. Nå lever de under livsfarlige og uverdige forhold i ørkenen (Glemte Kriser 2014, 2014).

Her har dei altså delt ingressen inn i to ulike setningar. Den første setninga er informativ og kan seiast å framstå ganske nøytral. Den informerer om det som skjer i den aktuelle situasjonen og sjølv om ord som flukt, vald og konflikt for mange vil vere assosiert med noko negativt, så kan det argumenterast for at det er nødvendig sidan det faktisk er det som skjer i det aktuelle området. Men, i den andre setninga kan det argumenterast for at

ordvalet er mindre nøytralt. Livsfarleg og uverdig er to adjektiv som hjå mange vil kunne framkalle ein negativ assosiasjon. Det har allereie i den førre setninga blitt forklart kva årsaka er, kor mange som er råka og kvar hendingane utspelar seg geografisk. Då kan ein tenke seg at den andre delen av setninga er meint som ei skildring av korleis enkeltmennesket i Mauritania oppfattar denne krisa. Dersom dette er tilfelle, kan ein argumentere for at dette blir veldig mange dimensjonar for ein lesar å ta innover seg. Mengda informasjon er altså stor, sjølv om det i utgangspunktet framstår som ei kort og konsis framstilling.

Kjeldsen (2014) presenterer ei skildring av retorikken om korleis ord i situasjonar, som vil vere retoriske, og kva nettopp kontekst kan ha å seie for korleis ein bodskap eller argumentasjon vart oppfatta.

Nei, i hverdag og politikk har ingen ord en fast og utvetydig betydning. Hva ord betyr, avhenger av de omkringstående ord og av situasjonen de brukes i. Selv om denne foranderligheten og flertydigheten noen ganger kan skape problemer for oss som kommuniserer, er den ikke et språklig problem vi bør utrydde. Den er i stedet språkets egen smidighet og fleksibilitet, som gjør det mulig for oss å uttrykke oss mer nyansert og presist, variert og levende (s. 93).

Dette er ein viktig premiss for korleis retorikk fungerer. Den retoriske konteksta eller den retoriske situasjonen, slik den potensielt framstår i tilfellet der lesar møter denne nettsida, er særst viktig. Det er også noko eg freistar å sjå nærare på gjennom samtalanane mine med respondentane i dette prosjektet. Eitt av introduksjonsspørsmåla tek mellom anna føre seg kva assosiasjonar lesaren har til naudhjelpsorganisasjonar og vil difor kunne ha noko å seie for den retoriske situasjonen som oppstår i møte mellom den aktuelle lesaren og nettsida.

8.1.2 *Dispositio: struktur*

Dersom ein nyttar seg av desse diskursformene i analysen av denne teksta, kan ein seie at intensjonen ved denne teksta er å *informere, argumentere, skildre* og *fortelje*. Dette kan seiast å vere den overordna *strukturen* i kampanjen. Leger uten grenser ønskjer altså å *informere* om desse ti gløynde krisene. Dei ønskjer også å *argumentere* for at «vi» må opne auga for desse krisene. Ein kan også sjå av teksta at dei freistar å gje levande *skildringar* av dei ulike krisene. Dei konstruerer også *forteljingar*. Dette er klare trekk ein kan finne i denne teksta og informasjonen kan difor seiast å vere strukturert på denne måten. I eksempla under vil eg freiste å skildre korleis dette er noko som legg grunnlaget for korleis Leger uten grenser freistar å kommunisere med lesaren. Under følgjer nokre eksempel frå det som kan reknast som den forklarande delen av teksta på framsida, nemleg introduksjonen.

Eksempel 4, *exposition*:

Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis (Glemte Kriser 2014, 2014).

Her kan ein argumentere for at dei freistar å informere om det som er utgangspunktet for denne kampanjen, altså det at sjølv med all den informasjonen som er tilgjengeleg i dagens samfunn så er det likevel mykje me ikkje veit om menneske som opplever akutte kriser.

Eksempel 5, *argumentation*:

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene (Glemte Kriser 2014, 2014).

Her presiserer dei igjen den argumentasjon som kan seiast å vere gjennomgåande for kampanjen. Dei vil altså overbevise lesaren om at han eller ho må opne auga for desse krisene.

Eksempel 6, *description*:

Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene (Glemte Kriser 2014, 2014).

I dette utdraget kan ein argumentere for at dei ønskjer å skildre det som faktisk skjer i dei aktuelle krisene. Dette kan seiast å vere ei levande skildring og eit forsøk på å få lesaren til å føle det som vært skildra.

Eksempel 7, *narration*:

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag

På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen (Glemte Kriser 2014, 2014).

Med denne introduksjonen freistar dei altså å tidfeste ei spesifikk krise. Eksempelvis kunne ein her nytta seg av eit samla tall av kor mange kvinner det gjeld. "Kvar dag" vert ein effektiv frase fordi den kan knytast til noko som skjer no, noko som skjedde i går og noko som vil skje i mange dagar framover.

Dette er trekk som ein kan finne i tekster som på ein eller annan måte kan seiast å argumentere. Teksta til leger uten grenser argumenterer nemleg for at det nettopp er desse krisene som er akutte og som ikkje får merksemd av media. Då vil altså teksta har ein intensjon. At teksta har ein intensjon kan igjen knyttast opp mot dei omgrepa eg har tatt føre meg her. Dei *informerer*, *argumenterer*, *skildrar* og *fortel* om desse krisene.

Eksempel 8, *retorisk struktur*:

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene (Glemte Kriser 2014, 2014).

Dette utdraget er henta frå introduksjonen til lista over dei ti gløymde krisene som vert presenterte lenger nede på sida. Her kan ein argumentere for at den vidare teksta komplementerer det som kom fram av biletet. Dette fordi den kan seiast å konkludere med at

ein etter å ha lukka auga, må opne dei på nytt for å igjen bry seg om dei som er ramma av dei aktuelle krisene. Ein kan altså argumentere for at ein del av den retoriske strukturen på framsida av denne kampanjen går ut på at biletet og introduksjonsteksta komplementerer kvarandre. Ein slik kombinasjonsstruktur kan også seiast å vise til det som kan seiast å vere den underliggande konklusjonen eller entymemet eg tidlegare definerte som «*Eg lukkar auga, eg bryr meg altså ikkje om andre menneske*». Slik vert altså denne avsluttande setninga i introduksjonen kraftig forsterka. «*Derfor må vi åpne øynene*» vert altså det dei ønskjer å argumentere for at lesaren må gjere. Ein har altså ført bevis for at me lukkar auga og vil no overbevise lesaren om at ho må *opne auga*.

Når det gjeld sjølvve teksta, så består den av ein hovudtittel med namn på kampanjen, ein kort ingress eller introduksjon og ei liste over dei ti krisene med tilhøyrande tittel og ein kort ingress. Desse titlane fungerer også som hyperlenker som leier lesaren direkte inn på ein artikkel som går djupare inn på det temaet som tittelen og ingressen kort skildrar.

8.1.3 Elocutio: stil og uttrykk

Kan eksempelvis bruk av appellformene *ethos*, *pathos* og *logos* ha noko å seie for om ein lesar vert ramma av compassion fattig eller ikkje? Det verkar sannsynleg at ein overdriven bruk av *pathos* kanskje er truande til dette. Men, kan det same seiast om overdriven bruk av *ethos* og *logos* også? Slik eg ser det, så kan ein kanskje knyte bruken av *pathos* opp mot *negative formuleringar* og *identifikasjon*. *Ethos* og *logos* kan på si side knytast opp mot *mengd informasjon* og *maktesløyse*. Eg ønskjer altså å knyte desse nøkkelorda opp mot dei ulike appellformene. Når ein analyserer denne teksta, vil ein sjå at appellformene på mange måtar står saman med *stilen* og *uttrykket* den befattar seg med.

Omgrepet compassion fatigue er bygd opp av ordene medkjensle og utmattelse, i alle fall om me omset det direkte utan å tenke på korleis omgrepet gjer seg best på norsk. Det første ordet seier altså noe om kjensler eller følelsar. Det ligg derfor tett opptil omgrepet *pathos*. Det å nytte seg av *pathos* for å få fram eit argument kan til somme tider gå ut på å vekke folks medkjensle for den aktuelle saka.

Sontag (2003) freistar i si bok *Regarding The Pain of Others* å skildre det forholdet me har til bilete av menneske som lid. Eitt av dei orda ho bruker i denne boka, som også Höijer (2004) tek føre seg i *The Discourse of Global Compassion: The Audience and Media Reporting of Human Suffering*, er *pity*. Dette ordet kan seiast å veret relevant i samband

compassion fatigue. Compassion freistar som nemnt å skildre at ein har medkjensle med nokon, men også eit ønske om å hjelpe. *Pity* eller medynk, på si side, kan skildrast annleis.

Sontag (2003) seier det slik:

Pity can entail a moral judgement, as Aristoteles maintains, pity is considered to be the emotion that we owe only to those enduring undeserved misfortune» (s. 63).

Höijer (2004) er også inne på det same:

Global compassion is considered to be morally correct in the striving for cosmopolitan democracy, and the international community condemns 'crimes against humanity (s. 513).

Men sjølve omgrepet kan sporast heilt tilbake til Luc Boltanski og Hannah Arendt.

Compassion, in other words, was discovered and understood as an emotion or a sentiment, and the sentiment which corresponds to the passion of compassion is, of course pity. Pity may be the perversion of compassion, but its alternative is solidarity... But pity, in contrast to solidarity, does not look upon both fortune and misfortune, the strong and the weak, with an equal eye; without the presence of misfortune, pity could not exist, and it therefore has just as much vested interest in the existence of the unhappy as thirst for power has a vested interest in the existence of the weak (Arendt, 1963, s. 88-89).

Det å føle genuin medkjensle med nokon er ikkje nødvendigvis noko alle opplever. Det vil variere frå person til person. Men, med å knyte opp dei retoriske apellformene til kodeorda *negativ informasjon, mengd informasjon, identifikasjon og handling-maktesløyse* vil eg freiste å trekke linjer mellom korleis retorikk og utforminga av eit argument kan verke inn på om respondentane opplever ei form for compassion fatigue. Dersom compassion er, om me støttar oss til Arendts definisjon, ein sterk følelse som har noko å gjere med engasjement og medkjensle, så vil det vere interessant å sjå på det i lys av retorikken. Eksempelvis kan ein seie at det vil vere nyttig for ein humanitær organisasjon å vekke medkjensle fordi det fører til engasjement. Engasjement kan bety potensielle nye givarar til organisasjonen, feltarbeidarar, frivillige og andre former involvering. I det heile tatt kan det tyde at fleire ønskjer å involvere seg i arbeidet til organisasjonen. Difor kan det seiast å vere lurt av ein organisasjon å framkalle compassion framfor pity. Pity, slik Arendt definerer ordet, er perversjonen av

compassion. Dette kan tolkast som medkjensle utan engasjement. Ein føler med dei som har det vondt, men engasjerer seg ikkje for at dei som har det vondt skal få det betre. Dersom ein organisasjon ønskjer at folk involvere seg i det arbeidet han gjer, vil det å framkalle pity, gjennom den retorikken dei fører, vere eit feilsteg.

For å knytte compassion fattigue saman med dei kodeorda eg har valt, freistar eg altså å nytte meg av retorikken og i særskild grad dei tre apellformene som bindeledd. I den store samanhengen vil det altså seie at eg med dette freistar å knytte publikums reaksjonar på gløynde kriser og retorikken som Leger uten grenser fører i denne kampanjen, opp mot kvarandre.

8.1.4 Appellform: ethos, pathos og logos

Ethos kan seiast å vere karakterens appell. Ein søkjer altså, ved å nytte seg av ein ethosappell, å styrkje truverd det rundt si eiga sak, sin person eller sin karakter. For ein naudhjelpsorganisasjon vil eit brot på karakterstyrke eller truverde potensielt vere fatalt for korleis folk oppfattar han. Det kan få konsekvensar både for potensielle donasjonar og den tilgangen dei har til faktiske kriseområde.

In some settings the ethos of a speaker is sufficient to sustain a case. Greek speakers enhanced their ethos by establishing their practical wisdom (phronesis), good will (eunoia), and worthy moral character (arete). Creating the illusion that a speaker possessed practical wisdom, good will, and worthy character was difficult in a city-state in which the audience and the speaker were neighbours. With the advent of an electorate of millions and a country spanning oceans, direct experience of the character of a speaker is unattainable for most of those called on to judge public discourse (Jamieson, 1988, s. 240).

Eksempel 9, *ethos*:

Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år (Glemte Kriser 2014, 2014).

Dette eksempelet er henta frå introduksjonen til dei ti gløynde krisene. Her kan det på mange måtar argumentarast for at Leger uten grenser søkjer å styrkje sin eigen *ethos* gjennom å presisere at dei over lengre tid har forsøkt å gjere verda merksam på dei gløynde krisene.

Anders Johansen snakkar i si bok *Talerens troverdighet* om å skildre nytten av å bygge ein sympatisk og tillitsvekkande karakter (Johansen, 2002, s. 30).

Sammen med den saklige argumentasjon (logos) og den følelsesmessige affekt (pathos), var kommunikasjon av en sympatisk og tillitsvekkende karakter de ressurser taleren kunne mobilisere for å overbevise en forsamling (Johansen, 2002, s. 30).

Ved å mobilisere *ethos* i denne konteksten distanserer Leger uten grenser seg frå det dei meiner er dei krisene som samfunnet gløymer og som me lukkar auga for. Legar uten grenser har, som dei sjølve seier, «*snakket ut og ropt høyt*» om desse krisene over lengre tid og har difor inga skuld eller ansvar for at dette har skjedd. I denne retoriske situasjonen kan dette oppfattast som eit bevisst grep for å styrkje truvedet lesaren har til organisasjonen og det faktum at desse ti krisene er gløynde, men i alle fall ikkje av Legar uten grenser.

Om ein nyttar seg av ein *pathos* – appell, er det ofte for å vekke dei sterke følelsane hjå dei ein freistar å overbevise. Dersom det eksempelvis gjeld ei sak som at ein naudhjelpsorganisasjon har eit akutt behov for pengar, så er det klart at det vil vere nyttig å vekke medkjensle hjå folk. Det kan potensielt generere pengestøtte tilbake til organisasjonen.

Fedrene på Eidsvoll hadde sans for det patetiske. Dette ordet, som i dag har ensidig nedsettende betydning, ble den gang brukt i rosende vendinger: Den «patetiske» tale var - liksom den «salvesfylte», i prestelig sammenheng - egnet til å vekke den sterke sinnsbevegelse som måtte til for virkelig å overbevise (Johansen, 2002, s. 120).

Eksempel 10, *pathos*:

Guinea: Bunnløs helsekrise

Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag (Glemte Kriser 2014, 2014).

Dette er ikkje to setningar som nødvendigvis heng direkte saman. Det at «*Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge*» inneber mykje meir enn det at «*hvert tiende barn dør før sin femårsdag*». Det vil sjølvsagt ha noko å seie for vaksne også, kvinner og menn, ungdommar og eldre. Det at dei dreg fram barn under fem år kan vere eit forsøk på framkalle sterke følelsar hjå lesaren, fordi barn som regel er uskuldige offer når slike kriser råkar. Andersen (1995) seier i si bok *I retorikkens hage* at *pathos* er noko mennesket vert utsatt for, altså affekter (*affectus*) (s. 34). På norsk oversetjer vi gjerne ordet

med «følelsar» eller «emosjonar» (Andersen, 1995, s. 34). Då kan vi altså seie at lesaren her vore utsett for ein emosjonell appell. Eksempelvis er gjerne ordet «femårsdag» noko mange assosierer med fødselsdag eller fødselsdagselskap. Det at eit barn dør før det får feira sin femte fødselsdag, kan vere ein sterk emosjonell appell. Nettopp fordi det kan seiast at det skildrar kontrastane mellom noko som som for oss har positive assosiasjonar, men som i denne konteksta vert nytta for å skildre noko som er negativt.

Logos – appellen talar til fornufta. Om ein skal trekkje logosappellen inn i ein samanheng som befattar seg med naudhjelpsorganisasjonar, så kan ein eksempelvis tenkje seg til at det vil vere føremålstenleg å presentere eit faktuelgt grunnlag for organisasjonens engasjement. Leger uten grenser må eksempelvis også kunne appellere til publikums fornuft når dei skal forsvare kvifor dei har valt seg nettopp desse ti krisene. På same måte må dei også appellere til fornufta om dei skulle relansere denne lista, og kome med ti nye kriser.

Det greske ordet logos betegner i retorikken den rasjonelle delen av en talers apell og bevisføring, men det betyr også fornuft, tanke og tale [...] Hensikten med en slik tale, funksjonen den skulle utføre, var naturligvis å sørge for frikjennelse eller minst mulig straff" (Kjeldsen, 2014, s. 15).

Eksempel 11, *logos*:

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag

På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen (Glemte Kriser 2014, 2014).

Med denne setninga kan ein seie at dei nyttar seg av ein logisk slutning for å fremje eit poeng. Kvifor må «en av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede»? Jo, fordi «nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen». Det vart altså presentert eit problem og ei årsaksforklaring. Difor kan ein i dette tilfelle seie at ein søker å appellere til lesarens fornuft. Det er fornuftig å tenkje at grunnen til at så mange kvinner må føde utan kvalifisert hjelp, nettopp er at landet dei bur i, manglar eit skikkeleg helsevesen.

8.1.5 Oppsummering: compassion fattigue - mengde informasjon, negative formuleringar, identifikasjon og handling - maktesløyse

Denne kampanjen har, som nemnt, ein relativt enkel komposisjon. Dei visuelle verkemidla er enkle og dei skrik ikkje etter merksemd. Det same kan seiast om teksta. Korte fraser i samspel med tittel i raud skrift. Det er i det heile tatt ein gjennomgåande enkel og minimalistisk framstilling i denne kampanjen. Det samsvarer også på mange måtar med Leger uten grenser sin offentlege profil. Det er sakene og prosjekta som står i sentrum og det å informere om det arbeidet dei utfører.

Etter å ha analysert denne kampanjen er det som skil seg ut, ikkje nødvendigvis bruken av retoriske verkemiddel som eksempelvis tropar og figurer som kjem fram. Ein kan sjølvstapt finne slike verkemiddel, men dei kan ikkje seiast å vere framtrédande nok til å kunne definerast som berande for argumentasjonen som kjem fram av teksta. Det som derimot kan seiast å vere det viktigaste retoriske aspektet ved denne teksta, er retorisk struktur, appellform og retorisk situasjon.

Denne kampanjen ber preg av å ha fokus på fakta eller skildringar av faktuelle tilhøve. Men, fakta vil ikkje alltid vere nøytrale eller objektive. Leger uten grenser sit her på definisjonsmakta. Dei har valt ti kriser, utifrå sine kriterium eller definisjonar på kva ei akutt krise er, og kome fram til at det er desse ti krisene, ikkje ti andre kriser, som er dei mest prekære og som får minst merksemd av media. Det er her den retoriske situasjonen oppstår. Ein annan organisasjon kunne lista opp ti andre kriser og i eit slikt scenario ville eksempelvis ein retorisk situasjon eller argumentasjon mellom to partar kunne oppstå. Ein måtte då altså ha forsvart sit val av kriser overfor ein motpart. Ein kan også seie at lesarane i denne samanhengen kan sjåast på som ein motpart, med eigne meiningar om kva kriser som høyrer heime på denne lista.

Dei fakta som kjem fram av denne teksta, kan difor ikkje seiast å vere hundre prosent nøytrale eller objektive. Dei er ein del av den argumentasjonen Leger uten grenser fører for å overtyde lesaren om at det faktisk er desse krisene som krev at me opnar auga for kriser som er gløymde av media.

Dersom ein vedkjenner seg denne premissen, så kan ein diskutere den potensielle effekten dette kan ha i møte med ein lesar.

Mengde informasjon, negativ informasjon, identifikasjon og avmaktsfølelse:

Det verkar kanskje som ein sjølv motsigande påstand å hevde at denne nettsida, trass i si minimalistiske utforming og oppbygging, inneheld betydelege mengder informasjon. Sjølv om det er korte og konsise setningar, som i stor grad baserer seg på fakta frå dei ulike krisene, så inneheld dei likevel mykje informasjon som ein potensiell lesar må ta innover seg. For det første så rammar desse krisene eit utruleg stort tal menneske. Så godt som alle ingressane knytt til dei ulike krisene set seg føre å skildre situasjonen ved å talfeste kor mange menneske som er ramma. Dersom ein skulle rekna ut kor mange menneske som er ramma av dei ulike krisene som er presenterte på denne sida, så ville det talet verte utruleg høgt. Denne mengda av informasjon som ligg latent i teksta, kan for mange verte *mykje*. Det vert vanskeleg å skaffe seg oversikt og det kan potensielt framkalle ein avmaktsfølelse hjå lesaren der han eller ho ikkje forstår det faktiske omfanget av katastrofen. Ei slik avmaktskjensle kan igjen leie til compassion fatigue. Mengda informasjon kan altså vere av betydeleg storleik sjølv om det i utgangspunktet er ei kortfatta og avgrensa setning.

Men mengda informasjon i seg sjølv kan ikkje seiast å vere åleine om å potensielt kunne framkalle compassion fatigue i denne samanhengen. Det er ein kombinasjon mellom fleire ulike element. Mengde informasjon har mykje å seie, men mengda *negativ* informasjon er også viktig. Tidlegare lanserte eg påstanden om at fakta eller faktisk informasjon, i denne samanhengen, ikkje kan kallast nøytrale eller objektive på grunn av Leger uten grenser sin posisjon som definisjonsmakt. Dersom dette er ein retorisk situasjon der ein vedgår at Leger uten grenser argumenterer for at desse krisene er dei som treng merksemd heller enn andre, så vil fakta kunne nyttast som eit underbyggande verkemiddel for argumentasjonen eller appellforma. Fakta kan difor framkalle både positive eller negative kjensler, sjølv om dei i utgangspunktet, i seg sjølve, kan kallast nøytrale eller objektive skildringar av faktiske tilhøve. Eit relevant tankeeksperiment kan difor vere å tenke seg at du bryt foten. Foten din er broten, det er noko alle vedkjenner seg. Det er eit faktum. Men, dersom ein nyttar seg av at det at foten er knekt, altså det faktum, i ein situasjon som potensielt kan vere retorisk, så kan dette faktumet altså verte ein del av ein argumentasjon. Ein kan eksempelvis nytte seg av det at foten er knekt for å få sympati hjå andre eller medkjensle, altså pathos. Ein kan også nytte det for å generere truverde rundt sin eigen karakter. Ein påstand som eksempelvis at ein braut

foten fordi ein kjempa for at fotballaget skulle få den siste scoringa som gjorde at det vann kampen, kan nyttast i ein argumentasjon for å styrkje truverdet til eins eigen karakter, altså ethos. Difor er det høveleg å diskutere dei fakta som Leger uten grenser her presenterer, som potensielle verkemiddel for å framkalle negative eller positive reaksjonar hjå lesaren.

Dei fleste av dei korte ingressane inneheld altså betydelege mengder informasjon som potensielt kan ha negativ eller positiv effekt hjå ein lesar. I denne samanhengen kan ein argumentere for at mykje av informasjonen vil kunne ha negativ effekt. Dette er eit resultat av at mengda vert tyngande.

At eit menneske døyr, vil for mange framkalle negative kjensler. At mange tusen menneske døyr vil også for mange framkalle negative kjensler. At mange millioner menneske døyr vil også kunne gjere det same, men etterkvart som tala vert høgare og årsakene fleire, så vil ein etterkvart kunne misse oversynet. Det å misse oversynet kan føre til at ein ikkje lenger greier å identifisere seg med dei akutelle ofra og det kan føre til ei kjensle av avmakt eller av å vere handlingslamma. Det er så mange skjebner at ein ikkje veit kvar ein skal byrje, ei heller kven ein skal føle medkjensle med. Kven har det vondast, kvar er det viktigast at eg engasjerer mine følelser, kva skal eg gjere? Dette kan seiast å vere problemstillingar som lesaren potensielt kan generere dersom dei kjem inn på denne nettsida.

Store delar av denne kampanjen går med på å fortelje kva det er som skjer. Noko som i seg sjølv kan seiast å vere bra fordi det er openbert at me treng meir informasjon om desse krisene for å kunne hjelpe. Men det kan også utløyse denne avmaktskjensla fordi forma eller strukturen, slik den står fram, kan seiast å vere repeterande. Størsteparten av kampanjen går altså med på å presentere negativt lada informasjon. Ein får ikkje presentert noka løysing før ein går inn på enkeltartiklane, og i desse artiklane kjem presentasjonen av kva Leger uten grenser faktisk gjer heilt nedst. Det kan argumentarast for at dette er eit bevisst grep frå Legar uten grenser dersom ein tenkjer seg at dei ikkje vil framheve, herleggjere eller fokusere for mykje på sin eigen innsats. Dette er sjølv sagt eit veldig heiderleg motiv, men det kan gjere at folk får ei oppfatning av problema som uløyselege. Med lite fokus på kva som kan gjerast kan det, i ein retorisk situasjon, verke som om Leger uten grenser også innser at situasjonen er uoverkommeleg.

Dette kan grunnast i omgrepet retorisk situasjon. Leger uten grenser er ein organisasjon dei fleste kjenner til. Ikkje alle har inngåande kjennskap til nøyaktig kva det er Legar uten grenser gjer, men dei fleste har ei viss forutintatt oppfatning av arbeidet

organisasjonen utfører. Mange veit altså at Legar uten grenser arbeider i land og med oppgåver som er vanskelege og der tap av menneskeliv er noko som skjer dagleg. Dersom ein møter organisasjonen med ei slik forutinntatt holdning, så kan det i visse tilfelle verke endå meir trykkande at Leger utan grenser ofte fokuserer på problemet heller enn sitt eige arbeid i denne teksta. Under avsnittet «*Hva gjør Leger uten grenser*» presiserar dei, som tidlegare nemnt, kva dei gjer i samband med den aktuelle krisa eller i det aktuelle området. Denne forma vert repetert i alle artikkane på denne nettsida. Den positive faktuelle informasjonen om kva organisasjonen faktisk gjer for å få bukt med den akutelle krisa, kjem altså heilt til slutt, etter at ein potensiell lesar har måtta kome seg gjennom betydelege mengder negativ informasjon. Det kan i verste fall føre til at lesaren, grunna mengda negativ informasjon, ikkje kjem langt nok til å få lese om det positive før dei vært ramma av compassion fattigue.

På grunn av det omdømmet eller den forutintatte holdninga publikum kanskje har, kan den faktuelle informasjonen, som i utgangspunktet framstår nøytralt, bidra til å forsterke eit negativt inntrykk av situasjonane organisasjonen opererer i. Det å lette på trykket ville kanskje i denne situasjonen hatt stor påveringskraft, sidan organisasjonen faktisk utfører eit utruleg viktig arbeid, og ei tidlegare presisering av dette ville kanskje bidratt til at lesaren ikkje så fort vert ramma av compassion fattigue.

8.2 Protocol analysis/tenke-høgt-lesingsstudie

8.2.1 Introduksjon av studiet, framgangsmåte ovanfor respondentar og tekniske problemstillingar

I denne studien har eg hatt samtalar med totalt sju respondentar. Opptaket av samtalen med respondent nr. 1 gjekk dessverre tapt, og difor vil denne gjenngjevinga ta utgangspunkt i mine eigne notatar frå intervjuet og denne samtalen vil bli gjenfortalt i form av ei samanhengande tekst. Den kan i dette tilfellet seiast å fungere som ein skildring av korleis samtalan gjekk føre seg.

Dei resterande intervjuane eksisterer både på opptak og i transkribert form. Transkripsjonane er lagt ved til slutt.

Det å engasjere seg i ei tekst vil for mange vere vanskeleg. Ord vil aldri kunne skildre verken samfunn eller natur slik me opplever det gjennom sansane våre. Men ord kan likevel

gjere sterkt inntrykk på oss og i kombinasjon med visuelle inntrykk kan det verke inn på korleis me tenkjer.

Introduksjon:

Alle respondentene i denne studien fekk den same introduksjonen til emnet. Det var samansett av ei kort praktisk forklaring av korleis ein gjennomfører ein tenke-høgt-lese-studie og eit lite utval korte spørsmål som kan seiast å ha vore relevant for temaet, utan å vere leiande for tankegangen til deltakarane.

Eksempelvis gjekk fleire av dei første spørsmåla ut på å kartlegge respondentanes forhold til og engasjement i naudhjelpsorganisasjonar. Dette for å blant anna kunne skaffe informasjon om den aktuelle respondenten kanskje hadde vore borti liknande pressekampanjar eller den faktiske kampanjen som studien dreia seg om.

Dette er spørsmåla respondentane vart stilte i byrjinga av samtalen:

- 1. Kva er ditt forhold til naudhjelpsorganisasjonar?*
- 2. Kjenner du til nokon naudhjelpsorganisasjonar som har etablert seg/held til i Norge?*
- 3. Kan du nemne nokon?*
- 4. Bidreg du med økonomisk støtte til nokon organisasjonar?*
- 5. Er du tilknytt nyheitsbrev,og/eller nyttar du deg av pressemateriale som organisasjonen sjølv produserer?*
- 6. Les du dei (JA/NEI)?*
- 7. Kvifor (JA/NEI)?*
- 8. Korleis framstår desse?*

For å kome nærast mogleg den umiddelbare reaksjonen til respondentane er også samtalanane delt inn i ulike mellomfasar. Dette fordi eg ikkje ønskte å forklare alle sidene ved studien med ein gong og for å kunne bryte ned samtalen i nokre korte avbrekk av omsyn til respondentane sitt behov for små pausar. Desse pausane er lagde opp slik:

1. pause: Kort pause og introduksjon av neste del. Denne pausen er lagd inn etter at dei innleiande spørsmåla er ferdige. Respondenten får då vite at det er Leger uten grenser sin kampanje Glemte Kriser han eller ho skal lese. Respondenten får også forklart korleis dei skal gå fram når dei gjennomfører tenke-høgt-lesings-studien av framsida.

2. *pause*: Kort pause og introduksjon av neste del. Denne pausen er lagd inn etter at respondenten har lese gjennom framsida. Her er det også lagt inn rom for at respondenten kan kome med generelle kommentarar til det dei nettopp har lese. Respondenten vél artiklar utifrå det dei syntest verka mest interessant då dei las gjennom framsida. Respondenten får også forklart korleis dei skal gå fram når dei gjennomfører tenke-høgt-lesings-stuidet av artiklane.

3. *pause*: Kort pause. Denne pausen er lagd inn etter at respondenten er ferdig med å lese ein av artiklane. Her er det også lagt inn rom for at respondenten kan kome med generelle kommentarar til det dei nettopp har lese.

Etter den tredje pausen varierer talet på resterande pauser frå respondent til respondent, men det var stort sett ingen som hadde behov for ytterlegare instruksar etter dette. Difor varierer talet på pauser etter kor mange artiklar den aktuelle respondenten klarte å lese gjennom innanfor den tilmålte tida. Nokre kom seg berre gjennom ein, medan andre kom seg gjennom tre. Tre artiklar var også det taket eg hadde sett for talet på artiklar respondentene kunne lese. Dette fordi det ville tatt for lang tid for respondentane å gå gjennom alle artiklane på sida, noko som potensielt kunne hatt noko å seie for resultata av studien. Eksempelvis kunne det fort resultert i eit stort tidspress og at respondentane anten pressa på for å bli ferdige eller svarte kort som eit resultat av måtte kommentere på for mykje tekst.

Lengda på intervjuet varierer ganske mykje. Ideallengda eg hadde sett for meg på førehand, var 45 - 60 minutt, men det var respondentar som både gjekk over og under den tilmålte tida. Grunnen til at nokre vart kortare, hadde årsak i praktiske tilhøve som eksempelvis at respondenten ikkje dukka opp til avtalt tid. Grunnen til at nokre varte lengre, var at relevant informasjon nokre gongar dukka opp mot slutten av intervjuet og det ville vere synd å stanse opptaket berre for å halde seg innafør tidsramma.

Tekniske problem oppstod også undervegs. Blant anna fekk eg problem med lyden undervegs i avspelinga av filmen under samtalen med to av respondentane. Det resulterte i at me måtte stanse avspelinga og hoppe over dette punktet i samtalen.

Når det gjeld atgjeving av samtalane, har eg valt å skrive dei om til nynorsk i ei munnleg form. Dette har eg i hovudsak gjort for å verne identiteten til respondentane. Men eg har også gjort dette fordi eg ønskjer at språket i studien skal ha betre flyt.

Video:

Som nemnt var det ikkje alle respondentane som fekk sett videoen. Eg har difor valt å ikkje vektlegge denne som eit av hovudelementa ved analysen. Dette fordi det rett og slett ikkje var alle som fekk sett den, og det kan difor ikkje forsvarast å la den vere gjeldande for ein analyse av korleis folk opplevde nettsida. Men, som det kjem fram av tekstanalysen, er det likevel relevant å behandle den som eit potensielt retorisk verkemiddel som underbygger den argumentasjonen Leger uten grenser fører. I tekstanalysen behandla eg den som eit *bilete* noko som også vil vere tilfellet i høve til respondentane. Det vil difor også vere relevant å trekke den inn i ein vidare diskusjon av temaet mot slutten av denne analysen.

Framsida:

I denne studien har eg valt å legge mest vekt på korleis publikum har opplevd framsida. Dette er eit bevisst val, noko eg også presiserte i arbeidet med tekstanalysen, fordi dette er det første inntrykket respondentane får av denne kampanjen. Gjennom mitt metodeval, der den umiddelbare responsen er det ein freistar å finne fram til, vil det å komme nærast mogleg eit reelt førsteinntrykk vere viktig. Difor har eg fokusert på denne delen av kampanjen i analysen. Eg har også nytta meg av artiklane, men i dei tilfellene er det utelukkande for å sjå etter tekstleg respons som kan seiast å vere relevant i samband med retorikk og compassion fatigue.

Compassion fatigue:

Det er sånn så når du les det så forstår du det og så gjer du deg, reflekterer du over det, men samtidig så, eg kan ikkje, urk, eg kan ikkje ta det innover meg, men du forstår det og du fattar det og... (Resp. 3, s. 22).

I løpet av dei samtalaneg har utført i samband med denne studien, kan ein finne fleire døme på at retorikk og multimodal retorikk kan ha noko å seie for om lesaren vert ramma av compassion fatigue eller ikkje. I denne studien kjem det kanskje klårast fram gjennom den retoriske situasjonen og apellforma som vert nytta i den argumentasjonen Leger uten grenser fører. Bilete og tekst kan bidra til korleis respondenten oppfattar og reagerer på retorikken og om dei tolkar den som positiv eller negativ.

Nokre av respondentane gav allereie i byrjinga, under dei innleiande spørsmåla, uttrykk for følelsar som kan tolkast i lys av teorien om compassion fatigue. «*Mykje*» er eit

ord som går igjen hjå fleire. Dette ordet vart av mange nytta både som eit forsøk på å skildre mengda informasjon på nettsida, men også som eit forsøk på å skildre sine egne følelsar. Det å føle så mykje at det kanskje blei nødvendig å bevisst lukke ute inntrykk, kan seiast å ha gått igjen hjå fleire av respondentane. Under følgjer eit sitat frå ein respondent som allereie i byrjinga av samtalen kan seiast å, til ein viss grad, ha vore ramma av compassion fatigue. Dette sitatet fungerer som eit eksempel på kva som kan tolkast som teikn på compassion fatigue i reaksjonane til respondentane.

På spørsmål om kva respondentens forhold til naudhjelpsorganisasjonar var, svara eksempelvis ein av respondentane slik:

Mhm, eh, eg syns at dei er veldig nødvendige, trur eg. Eh, men eg syns det er litt trist at det er nødvendig. Og eg veit vel, eg har kanskje eit litt sånn ambivalent forhold til det å bidra sjølv. Fordi, eg klarar egentlig ikkje heilt å forsvare det å ikkje gjøre det, samtidig som det kjennest som ein drope i havet på ein måte (Resp. 6, s. 2).

Dei fleste respondentane gav inntrykk av at dei følte at informasjonen som vart presentert på sida, var sannferdig eller at dei ikkje såg nokon grunn til å tvile på den. Dette kan på mange måtar seiast å vere eit interessant aspekt. Dersom respondentene meiner at dette er informasjon som dei ikkje tviler på, kunne informasjon då også vært tvilsam og kva ville det hatt å seie for Leger uten grenser?

Det viser også at nokre av respondentane hadde forutintatte haldningar til slikt stoff. Denne reaksjonen kom fram under dei innleiande spørsmåla, altså før sjølve protokollanalysen hadde byrja. Likefullt er det eit sitat som skildrar at det er ein viss grad av *maktesløyse* i følelsane til denne respondenten. Det ser ein klårast i sitatet «...samtidig som det kjennest som ein drope i havet på ein måte».

8.2.2 Samtale med respondent 1

Dette kapitlet vil som nemnt fungere som ein illustrasjon av korleis samtalsituasjonane i dette studiet gjekk føre seg. I utgangspunktet gjer eg dette fordi opptaket av denne samtalen gjekk tapt. Det vil difor ikkje vere mogleg å knytte dette intervjuet opp mot analysen via direkte sitat. Men trass i dette kom det likevel fram mykje interessant som kan nyttast i denne samanhengen. Notata mine frå denne samtalen vil difor vere det som ligg til grunn. Utifrå dette har eg skrive ein tekst som stegvis skildrar korleis eg

gjennomførte desse samtalane. Framgangsmåten har vore lik med alle respondentane og eg vil difor nytte meg av samtalen med Respondent 1 til å gje ei generell skildring av korleis desse situasjonane arta seg.

Respondent 1 byrja med å opne nettsida. Ho kommenterte deretter korleis ho opplevde struktureringa og komposisjonen av nettsida, biletebruk og plassering. Ho var særst positiv til at nettsida ikkje hadde for mange komponentar og at det var ein enkel og minimalistisk komposisjon. Etter nokre kommentarar rundt dette gjekk ho vidare til å sjå videoen.

Eg ba henne også om å, undervegs, merke seg dei artiklane ho umiddelbart følte at ho ville gå inn på og å velje tre av desse.

Etter å ha sett videoen gjekk ho vidare til å lese dei ulike avsnitta som følgjer nedover framsida av denne kampanjen. Desse kommenterte ho ved kvart avsnitt. Då ho hadde lese fleire avsnitt, kom ho også med kommentarar som tydde på at ho byrja å verte blasert eller kjenne apati i høve til den informasjonen som vart presentert i kvart avsnitt. Dei første krisene ho las om, verka meir inn på henne, men mot slutten vart svara hennar kortare og ho meinte at det vart litt mykje informasjon og at «*det er så mykje liding i verda at det er vanskeleg å ta alt innover seg*».

Ho valde artiklane om Tsjad, Pakistan og Mauritania. Desse las ho i si eiga rekkefølge, som enda opp med at ho las dei slik kronologien kjem fram av nettsida. Ho grunna dette valet med at det var enklare for henne, i høve til sine eigne interesser, å sjå på artiklar som såg ut til å skildre ekstrem naud som eit resultat av sosio-politiske tilhøve. Her bemerkta ho også at det var «*tyngre*» for henne, følelsesmessig, å setje seg inn i informasjon som omhandla eksempelvis sjukdom og naturkatastrofar. Dette fordi ho meinte det påverka kjenslene hennar i større grad og at det var enklare når ein kunne skulde på «*mennesket*» heller enn «*naturen*».

I artikkelen om Tsjad påpekte ho først at bilete og komposisjon av overskrift, ingress og bilete ikkje var «*heilt som vanleg*». Det kom etterkvart fram at det var biletet som utløyste dette. Ho meinte at det var positivt at ein kunne sjå «*relativt normale*» menneske på bilete sjølv om artikkelen skildrar eit alvorleg tema. Ho diskuterte denne framstillinga og nemnde at «*sjølv sagt hadde dei det nok vondt*», men det var positivt at bilete ikkje var så ekstremt.

Etter kvart som ho las avsnitta, byrja ho å skildre ein slags «*følelsesmessig mur*» eller «*ein beskyttande vegg*». Ho meinte dette var ein måte å takle den sterke budskapen på og at

det hjelpte henne å takle vissa om at så mange menneske er ramma av alvorlege kriser. Ho byrja også å peike på konkrete avniss i teksta der ho følte det meir enn andre stader. Ho peikte også ut avsnitt der ho ikkje følte det like sterkt og gav ved fleire tilfelle uttrykk for det ho følte. I dei tilfella der ho sjølv meinte at ho kjende seg blasert, gav ho likevel uttrykk for at samvitet hennar pressa henne til å føle noko. Men ho meinte at det var «*nødvendig*» for henne å føle seg blassert for å på ein eller annan måte verne seg sjølv mot å verte for affektert.

Etter at ho hadde lese gjennom artikkelen, kommenterte ho på den generelle komposisjonen av artikkelen og korleis ho følte bilete hang saman med teksta. Ho konkluderte med at bilete var bra, men at det ikkje hang heilt saman med det som vart presentert i teksta. Dette var noko ho også kommenterte seinare og gjekk delvis tilbake på etterkvart som ho las dei to andre artiklane.

Den andre artikkelen ho las, var artikkelen som omhandlar Pakistan. Den umiddelbare reaksjonen på komposisjonen i denne artikkelen var ikkje så positiv som i den førre. Ho kommenterte at biletet her var «*meir klassisk*». Ho meinte at ho kunne sjå «*dei tilhøva folk levde under*» i biletet. Fargane og ansiktsuttrykka til dei som var til stades såg dystrare ut her enn i det førre. Men, som det kom fram etterkvart, likte ho «*komposisjonen*» og samspelet mellom tekst og bilete betre i denne artikkelen enn i den førre.

I denne artikkelen kommenterte ho også, ved spesifikke avsnitt, når ho følte at ho setje opp ein «*beskyttande vegg*» for seg sjølv og når ho ikkje gjorde det. I byrjinga presiserte ho at dette var noko ho hadde samvitskvalar for å gjere, men etterkvart såg ho forbi dette og peikte på faktiske avsnitt og formuleringar som fekk henne til å føle at det var nødvendig å verne seg. Ho ytra fleire stader eksempelvis «*dette har eg sett før*», «*dette var ei normal framstilling*» eller «*dette liknar litt på framstillinga i media*».

Som eit resultat av dette byrja ho å diskutere bilete i den førre artikkelen. Ho freista å beskrive at, sjølv om biletet i denne artikkelen samsvarte meir med teksta, så likte ho eigentleg det andre og konteksta som vart konstruert der, betre. Dette leidde ho inn på at ho kunne tenkt seg at «*media*» viste fleire bilete av folk som tilsynelatande ikkje var påverka av ekstrem naud. Ho freista lenge å setje ord på dette, og nytta seg av handrørsler i eit forsøk på å skildre ei slags likevekt. I frykt for å leie henne avventa eg med å kome med eit forslag til kva ord ho kunne skildre dette med, men kom til slutt med eit framlegg om at det var ordet «*variasjon*» ho var ute etter. Dette ordet var ho einig med ville vere passande og førte til at ho kunne tenkt seg ei meir «*varierande framstilling i media*». Her reagerte ho også på det høge

talet på flyktningar og uttrykte at «*det var utruleg mange*». Etter å ha sagt dette bemerkta ho at desse tala gjorde at ho igjen følte seg litt blasert, fordi «*det var så mykje*».

Fleire stader kommenterte ho at ho ville ha ei «*årsak*» eller ei «*forklaring*» på kvifor tilhøva var slik som dei var. Når det på eit tidspunkt vart presentert i artikkelen at ein del av denne «*årsaka*» var ein sosio-politisk konflikt, kommenterte ho at «*gjærne skulle ha sett eit kart*».

Når ho til slutt kommenterte på den generelle komposisjonen av artikkelen, meinte ho at komposisjonen av denne artikkelen var betre enn i den førre. Men ho var likevel ikkje positiv til val av bilete, som ho meinte at på mange måtar også bidrog til at ho setje opp den «*beskyttande veggen*» mot innhaldet og informasjonen som artikkelen presenterte. Her byrja ho også å legge merke til gjennomgåande komposisjonen av teksta i artiklane.

Til slutt las ho artikkelen om Mauritania. Den umiddelbare reaksjonen hennar på den visuelle komposisjonen var her særst positiv. Ho gav uttrykk for at det var eit «*veldig fint bilete*». Ho skildra dei ulike komponetane i biletet med ord som «*blå himmel*» og «*murfarga sand*». Her, slik som i artikkelen om Tsjad, kommenterte ho at ein ikkje umiddelbart kunne «*sjå at noko var gale*» og at dette igjen var positivt. Her kommenterte ho også at komposisjonen mellom ingress og tittel gjekk meir overeins.

Også i denne artikkelen kommenterte ho ved spesifikke avsnitt at ho følte seg blasert og apatisk andsynes den informasjonen som vart presentert. Ho drog også fram avsnitt som ho meinte var særst positive og interessante. Her forstod ho den samanhengande komposisjonen i artiklane. Dette uttrykte ho ved å seie at ho likte «*den siste delen av artiklane*». Her reagerte ho også på det store talet, men meir positivt enn i artikkelen om Pakistan.

Den generelle komposisjonen «*likte ho godt*». Eit bilete som «*ikkje var for ekstremt*», men som samstundes viste ein faktisk flyktningeleir var positivt. Ho drog også fram at denne kontrasten påverka henne positivt.

Dette referatet av samtalen med respondent 1 fungerer i denne samanhengen som ei skildring av korleis møte med mellom forskar og respondent har gått føre seg. Grunna manglande opptak vil det ikkje vere mogleg å analysere denne samtalen på same måte som dei andre, men det kjem likevel fram informasjon som er interessant. Denne samtalen kan seiast å fungere som ein introduksjon, fordi respondenten reagerer på delar ved teksta på same måte som dei andre, men i dette tilfelle er det illustrert ved å presentere det i ei kontekst i

form av eit referat. Dette gjev eit overordna innsyn i forløpet av desse samtalane og ein kan kanskje sjå korleis svar eller holdning utviklar seg i høve til ei tidslinje. Den viser også korleis interaksjonen mellom *forskar* og *respondent* har gått føre seg. Som eg definerte i teoridelen av dette studiet har ein viktig premis for desse samtalane vore at forskaren til tider skal vere delaktig og kome med spørsmål.

Noko som står seg fram er korleis det etter kvart kanskje verkar som om respondenten gradvis vert ramma av compassion fatigue. Dette kan ein vurdere dersom ein ser på i kor stor grad ho nyttar seg av skildringa «*ein beskyttande mur*». Dette uttrykket kom fram medan ho las framsida, og det dukkar også opp seinare i samtalen. Når dette uttrykket først kjem fram så skildrar ho til ein viss grad kva ho føler, men etter kvart går ho over til å skildre meir tekniske og komposisjonsrelaterte tankar. Dette gjer ho i kombinasjon med at ho nyttar seg av dette omgrepet. Ein kan då spørje seg om compassion fatigue er noko som kan ramme dersom ein person over lengre tid vært utsatt for store mengder negativ informasjon.

Dette er kanskje ein tendens, noko som også kjem fram av dei resterande intervju, og som eg vil argumentere for i analysen av dei. Det å verte utsett for slik informasjon over lengre tid, kan også til ein viss grad sjåast på i samanheng med mengde informasjon. Ein kan eksempelvis argumentere for at ved å utsetje nokon for denne typen materiale, i ein slik situasjon, vil krevje ein viss kognitiv innsats av respondenten. Det vert altså mykje informasjon, rett og slett fordi det krevst av metoden at respondenten tenkjer gjennom all den informasjon han/ho vert utsett for. Det kan på mange måtar kallast ei kognitiv øving, der assosiasjonar og minne også kan seiast å vere ein del av den informasjonen respondenten prosesserer. Ein kan ikkje på nokon måte stadfeste dette som handfast empiri, men det er like fullt eit interessant aspekt å ta med seg vidare inn i analysen. Det fungerer i alle fall som ein peikepinn på at det nok er fleire ting som spelar inn på korleis respondentane reagerer på denne teksta enn berre det som faktisk står der.

8.2.3 Mengde informasjon

Mengde informasjon har vore ein av analysekategoriane eg har nytta meg av i denne studien. Eg nyttar meg av denne for å freiste å konkretisere ein kodekategori for det respondentane reagerte på som «*mykje*» i teksta. Det vil altså sei stader i teksta der respondenten kom med kommentarar til teksta som freista å skildre ei viss mengde av noko.

Denne kategorien freistar å avdekke om *mengda informasjon* i denne teksta kan framkalle ein reaksjon hjå respondentane.

Slik det kom fram av samtalen med respondent1, kan det verke som at mengda informasjon i denne kampanjen har verka inn på respondentane. Respondent 1 snakka mykje om det at ho følte at «*det blei mykje*» for henne. Dette er i utgangspunktet ikkje einstyddande med at det nettopp er mengda i seg sjølv ho snakkar om, men også mengde inntrykk, assosiasjonar og identifikasjon. Altså, mengda bearbeiding som krevst av lesaren for å setje seg inn i den informasjonen som er presentert i teksta. Det som kom fram av desse samtalanane var at ein kan sjå tilfelle av begge delar. Både mengde informasjon i seg sjølve, men også i mengda bearbeiding som trengst for å ta til seg denne informasjonen.

Dette er nokre døme på korleis somme av respondentane reagerte. Både ved å skildre korleis mengda informasjon påverka dei direkte, men også gjennom lesing over tid og difor sitat som kan seiast å skildre ei utmattande kjensle som oppstod etterkvart hjå respondenten.

Då kjem vi tilbake til barnedødelegheit då og det med tre hundre gangar mindre enn på helse er jo, eh, eit tal som eg ikkje kan ha nokon referanse til det heller. Sjølv om det sikkert er heilt riktig (Resp. 4, s. 10).

Her kan igjen sjå ein tendens til at det er noko med denne argumentasjonen, eller den retoriske situasjonen som den vert lesen i, gjer at respondenten ikkje tviler. Respondenten anerkjenner den faktuelle informasjonen slik den kjem fram av teksta, utan å tvile på sanningsinnhaldet. I følgjande sitat, som er eit framhald av denne kommentaren, kan ein kanskje seie at mengde informasjon har framkalla ein reaksjon.

Ja. Altså det er eit veldig stort tal og sånn konkret kva det vil seie, har ikkje eg nokon formeining om (Resp. 4, s. 10).




Begge desse kommentarane knyter seg til følgjande del av teksta på nettsida.

Guinea: Bunnløs helsekrise
Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag.

Lassa: Dødelig blødningsfeber rammer hundretusener
Hvert år dreper lassafeber 5000 mennesker i Vest-Afrika. Det finnes ingen vaksiner, og dagens medisiner er altfor dyre for de fattige som rammes.

Kala azar: Feberen som dreper 30.000 hvert år
Den dødelige sykdommen som først og fremst rammer fattige har utdaterte medisiner og smertefull behandling.

En av tre har ingen lege å gå til
Hvert år dør 13 millioner mennesker av smittsomme sykdommer, fødselskomplikasjoner og underernæring. De fleste dødsfallene kunne vært unngått med tilgang på helsehjelp.


Postadresse:
Postboks 8813 Youngstorget
0028 Oslo
Org.nr.:NO 977 097 495

Pressevakta 45 25 29 95 (Ikke SMS)

Besøksadresse:
Hausmannsgate 8, 0188 Oslo
For gaver til Leger Uten Grenser, ring tlf: 08898
Innsamlingskonto: 50100547500
epost@legerutenegrensener.no
Resepsjon: 23 31 86 00 (09:00 - 16:00)

[Om oss](#)
[Kontakt oss](#)
[Tilbakemeldinger](#)

Figur 11: Framside 5 (Glemte kriser 2014, 2014).

Guinea: Bunnløs helsekrise

Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag (Glemte Kriser 2014, 2014).

I denne setninga er det mange formuleringar som på ein eller annan måte freistar å talfeste noko. Det framstår som faktisk informasjon og sannferdig, men det kan likevel verke uoversiktleg nettopp fordi mengda av slike talbaserte formuleringar kan seiast å krevje ei viss kognitiv innsats av respondenten. I sine vidare kommentarar i samband med denne setninga, kan det argumenterast for at nettopp mengda informasjon resulterer i at respondenten ikkje greier å ta innover seg omfanget av krisa.

**sukkar tungt, brukar lang tid* Akkurat den setninga eller dei setningane er sånn, det har eg ingen referansar i det heile, så det blir på ein måte litt tomt kanskje (...) Eg kommenterer på det, men eg kan ikkje, eg føler ikkje noko der og då (Resp. 4, s. 10).*

Ein annan respondent freista å skildre noko som kanskje kan vere litt av den overordna problematikken og det kom også som ein reaksjon på desse setningane.

Det som eg trur er problemet er at når du, når du kjem litt ned på lista så blir det så mykje etterkvart at du, eh, sluttar, at du tenker ikkje over ting på same måte rett og

slett, etter ei lita stund (...) Eh, så eigentleg, det betyr ikkje at det har mindre rett på merksemd eller noko sånt, men det blir kanskje, veldig masse informasjon (Resp. 6, s. 8).

Ein kan argumentere for at respondentane her kanskje ikkje klarar å setje alle desse talfesta skildringane inn i ei kontekst. Desse to setningane støttar seg, som nemnt, på å talfeste eit visst tal på menneske som er ramma av den aktuelle krisa. Men, det kan likevel seiast å vere forenklingar av dei faktiske tala. Dersom ein skulle ha visst dei nøyaktige talet på ramma menneske så måtte ein ha vist eit forhold mellom det faktiske folketalet i dette landet og dei som er ramma. Som retorisk figur kan dette samanliknast med det å vise ein del framfor heilskapen. Setninga «*Kvart tiande barn dør før sin femårsdag*» kan i denne samanhengen seiast å representere eit spesifikt tal. Den kunne eksempelvis vore erstatta med «*X barn dør før sin femårsdag*». I seg sjølv er ikkje dette noko som nødvendigvis kan kritisera, sidan det kan bidra til å gjere det lettare for lesaren å setje informasjonen i perspektiv. Men, i denne setninga er det ikkje berre ein, men fleire slike forenklingar. Dette er noko som kan ha gjort at desse setningane, for denne respondenten, kjendest «*tomme*». Det kvantifiserbare talet vert ikkje presentert, berre kvantifiseringane. Ein kan kanskje seie at desse to setningane er for generelle.

Ein av dei andre respondentane hadde ein liknande reaksjon. Den kom ikkje på nøyaktig same plass, men i setninga føre. Ein kan likevel argumentere for ein samanheng. Begge desse krisene er av dei som kjem nedst på sida og respondentane har i begge tilfella kome over halveges i sin lesing av nettsida. Begge nyttar seg også av kvantifiseringar.

Multiresistent tuberkulose smitter 1400 mennesker hver dag

Den dødelige sykdommen er motstandsdyktig mot vanlige tuberkulosemedisiner. Bare én av fem får behandlingen de trenger (Glemte Kriser 2014, 2014).

**sukkar tungt* Æsj, det, det er sånn som er så mykje... når du ser det sånn som det der så er ein jo ikkje klar over, grensene av kor veldig omfang det er (Resp. 3, s. 9).*

Dette er eit viktig sitat som underbygger litt av det eg freista å skildre i det førre avsnittet. Her seier respondenten at «*når du ser det sånn som det der så er ein jo ikkje klar over, grensene av kor veldig omfang det er*». Respondenten seier sjølv at ho ikkje forstår omfanget. Denne setninga nyttar seg også av ei kvantifisering for å skildre situasjonen. Ein kan ikkje seie sikkert om det er mengda kriser eller kvantifiseringa i setninga som leie ho til å

reagere slik, men det er likevel interessant å sjå slike reaksjonar i samband med to setningar som på same måte freistar å forenkle budskapet ved å setje ein del framfor heilskapen. Eit relevant spørsmål å stille ville kunne vere kor mange «én av fem» eigentleg er? Dette reknestykket er noko som er opp til lesaren å finne ut av. Setninga presiserer at det er 1400 menneske som er smitta og at berre ein femdel av desse får den behandlinga dei treng. Men det faktiske talet får ein ikkje greie på utan å rekne ut kva ein femtedel av 1400 vil vere.

Vidare kjem ho med ein kommentar som kan seiast å skildre det omfanget som informasjonen på nettsida faktisk befattar seg med. Altså, mengda av assosiasjonar og tolkingar som må til for å kunne forstå omfanget.

Ja. Kva skal eg, kva skal vi i Noreg pøse på med milliardar for å bygge opp, når dei med pennestrøket riv det ned igjen sjølv? I borgerkrigar og spetakkel. No vart eg litt sånn stygg og, men eg ser jo at dei stakkars barna som dør, dei stakkars mødrene med store barneflokkar, kan jo ikkje hjelpe for at konge og statsminister og president i landet deira øydelegg for dei. Det er jo ikkje deira, eg, eg ser, eg ser den (Resp. 3, s. 9).

Her er respondenten inne på korleis situasjonen i den store samanhengen ter seg. Det er sjølv sagt vanskeleg å setje seg inn i ein slik situasjon utan tilstrekkeleg informasjon. Her kan det kanskje seiast at det er den latente informasjonen i setninga som speglar seg i kommentaren. Mengda informasjon kjem ikkje klart nok fram gjennom ei slik generalisering. Det kan kanskje føre til at respondenten ikkje klarar å forstå omfanget. Dersom ein skal kunne forstå ei generalisering eller kvantifisering så er det viktig at ein får presisert kva den står for. Ein må altså kunne sjå korleis den er meint å skildre faktiske tilhøve. Dersom det ikkje er tydeleg for respondenten, kan det, slik som i desse tilfella, vere noko som gjer at ein misser oversikta, slik som respondentane her til ein viss grad kan seiast å gjere.

Ein annan respondent var også inne på noko som kan relaterast til dette. Det kom etter at ho hadde lese gjennom framsida og hadde gått inn for å lese ein av artiklane ho hadde valt å lese. På spørsmål om respondenten hadde eit positivt eller negativt inntrykk av teksta svara ho slik.

Altså, jo, altså positivt på den måten at det her er jo, altså, type sånn problem som eg engasjerar meg i då, og det er viktig og sånn, då er det lettare å ta det inn over seg (...) Altså den, eh, faktaen som ein les, for ein har ei interesse, eller at ein orkar å ha

eit engasjement, for det kjennast som det ligg nærare, altså det her ligg nærare meg enn, enn seksti tusen random personar i langt unna, altså det er så mange som berre er der liksom (Resp. 5, s. 11).

Det at respondenten her seier at «*det er så mange som berre er der*» kan seiast å vere relevant for diskusjonen kring talfestinga. Utifrå dette sitatet kan ein tolke det slik at respondenten på mange måtar ser på mengda som noko som påverkar henne negativt. Ein kan knytte dette opp mot compassion fattigue i måten ho seier det på. «*Det er så mange som berre er der*» kan kanskje vitne om ei kjensle av avmakt i høve til at det kan vere vanskeleg å forstå omfang når ein generaliserer.

8.2.4 Negativ informasjon

Ein annan kategori eg har nytta meg av i analysen er *negativ informasjon*. Denne koden freistar å avdekke om det er informasjon i denne teksta som nokre av respondentane reagerer negativt på. Dette vil altså seie informasjon som på ein eller annan måte får respondenten til å reagere ved eksempelvis å seie «*denne setninga likte eg ikkje*», «*dette likte eg ikkje*» eller andre kommentarar som kan tolkast som ein negativ reaksjon. Altså, spesifikke ord, setningar eller framstillingar som får respondenten til å reagere negativt.

Dei fleste respondentane fann som regel ting i teksta dei ikkje likte. Men, spørsmålet er korleis dette kan påverke om dei endar opp med å bli ramma av compassion fattigue eller ikkje. Noko som kan argumenterast for, er at ein negativ reaksjon hjå respondenten gjerne var ein utløysande faktor. Respondenten kunne difor først reagere negativt på ei setning eller eit avsnitt, for så å i sin respons til etterfølgjande avsnitt gje teikn på ein viss grad av compassion fattigue.

Nei, eh, eh, fekk i alle fall meg på sporet på det, orda menneskejakt, nedslakting og hundre tusener på flukt. Eh, eg veit ikkje om uttrykket «å lette på øyelokkene», eh, reagerte kanskje litt negativt på akkurat det uttrykket då (Resp. 2, s. 5).

Mhm. Eg tenker jo nesten at vi faktisk er vant til det, eh, humanitære helvete på jord også. Eh, at kanskje det blir nemnt i media, men fortsatt så lever vi jo bare livet med å høre om det og ikkje, treff ikkje følelsene så veldig ofte. Dessverre, eller kanskje sånn må det vere for at folk skal kunne leve liva sine (Resp. 6, s. 6).

Ja, for no kjem det inn, då kjem det inn i fjernsynet og då liksom «å gurimalla». Så er det sånn at du sitt «å stakkars dei» og så, går det forbi og du gløymer det. Du kan ikkje, du kan ikkje absorbere alt, fordi du har ikkje, nei (...) Eg klarar ikkje ta alt inn for eg føler eg har meir enn nok med det så (...) Eg syns at me letter på augelokkene, men det er berre at me kan ikkje, me kan ikkje klare å (...) Er eg naiv, men eg syns at vi åpner øynene? (Resp. 3, s. 6).

Desse reaksjonane er henta frå samtalar med tre ulike respondenter, som alle omtala det same utsnittet frå introduksjonsteksta på framsida.

Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis.

Som i Den sentralafrikanske republikk.

Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år.

Få eller ingen har brydd seg.

Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene.

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene.

Glemte kriser:

Tsjad: forventet levealder 51 år
Sykdommer som enkelt kunne vært behandlet dreper hundretusener i Tsjad, hvor de fleste lever uten leger, medisiner og helsehjelp.

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag
På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen.

Figur 12: Framside 2 (Glemte kriser 2014, 2014).

Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene.

I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

Derfor må vi åpne øynene (Glemte Kriser 2014, 2014).

Her kan ein kan ein argumentere for at respondentane til ein viss grad blir presentert overfor ei anklage i teksta. Teksta presiserer at «vi» må opne auga, lesarane vært altså stilt overfor eit klagemål om at dei lukkar auga for akutte kriser. Dette er på mange måtar ei velmeinande anklage, det kan argumenterast for at det er meininga at lesarane skal gå i seg sjølve og vurdere om dei gjer nok eller engasjerer seg nok for dei menneska desse krisene rammar. Men, slik det kjem fram av reaksjonane til mine respondentar, kan det verke som om at dette kjennest som kritikk. Det kjem kanskje klårast fram i det første og i det siste sitatet. Begge respondentene reagerer negativt på eit sitat som kan seiast å kritisere deira personlege engasjement. Frå avsendar si side er nok ikkje intensjonen å anklage andre for å engasjere seg for lite, men det kan i værste fall føre til at folk vert indignerte og føler at deira gode intensjonar vert kritiserte. Desse negative reaksjonane er knytt opp mot det som står som introduksjonstekst på framsida. Etterkvart som desse respondentane las vidare på framsida kom det kommentarar frå alle som kan tolkast i lys av compassion fatigue. Då kan ein argumentere for at ei tidleg utløyising av negative reaksjonar i teksta, kan ha vore med på å leie fram til tilfelle av compassion fatigue.

Under følgjer nokre sitat frå dei same respondentane. Desse kommentarane kjem etter at dei har lese seg gjennom introduksjonen og er i gang med presentasjonen av krisene:

*Ja, det er jo og sånn nyheiter som ein kjenner frå u-land, generelt, men at det er, her er det knytta til Guinea, sånn ja. Bunnløs helsekrise, det er jo eit kraftig uttrykk då, då må jo på ein måte Guinea, sånn som eg tolker det, vere ein av dei landene kor det er gale, kor det er aller værst *humrer* (Resp. 2, s. 10).*

Men så får eg litt sånn, kva skal eg seie, sånn kunnskaps, litt sånn dumt kunnskapsperspektiv og då fordi, for kvart land eg les om så byrjer eg å tenkje «hmm, kor var det henn no igjen, åja der, og kva var bakgrunnen, åja, åja, så det landet har konflikt og det har ikkje», og det, bare blir heller sånn nysjerrig heller enn medliden då? Fordi at, det er jo litt forskjell på land i Afrika også då, så derfor er det litt interessant å vite korleis land som har komt, liksom har, eh, beregne kva land som ikkje har det og sånn, men, eh, eg føler liksom at, ja, altså, eh, eh, eg kan godt vite alt det her, men det, eh, eg kunne lett lest ned den sida uten problem, eg bare merka at dei første par avsnittene sånn «wow, så mange, så fælt», men no er det sånn «mhm, mhm, mhm» (Resp. 6, s. 9).

No har det jo alltid vore sånn... off, eg... eg er ikkje snill no, men eg meiner det har alltid vore sånn at nokon plassar i verden har det mykje verre enn oss (...) Ja altså det er det, men det er ikkje min og din feil, og eg og du kan ikkje, kan ikkje, eh, vi skulle, vi burde og eh, Men det går ei grense for kva... (Resp. 3, s. 7).

Dersom føremålet med denne kampanjen er å generere engasjement hjå publikum, så kan ei slik formulering potensielt verke negativt fordi den kan oppfattast som kritikk. Dette kan også knytast til ein diskusjon rundt compassion fatigue, fordi det kan generere ein tanke hjå publikum om at det krevst så ufatteleg mykje og i tillegg til dette så skal altså engasjementet ein allereie har kritisert for å vere for snevert.

Vidare i desse samtalane kan ein sjå at to av respondentane har kome på sporet av det at det kan bli for mykje informasjon. Om dette skuldast den negative reaksjonen i forkant kan ikkje seiast sikkert, men det er i alle fall ein tendens hjå alle dei akutelle respondentane i dette tilfellet.

Så er det jo på ein måte, kor mykje klarar ein å ta inn og, av kriser då. Det er jo ein enorm moglegheit no når det gjeld å få nyheiter (...) Eh, og det er enormt mykje, mange aktørar som pressar på om vår merksemd. Så, så blir jo, ein kamp om å få merksemda og, og midlane ein brukar må kanskje, ja, bli sterkare og sterkare, eller meir og meir i augefallande (Resp. 2, s. 6).

Å, å, å, no har eg berre å forholde meg til det eg les, fjernsynet, det eg ser på fjernsyn og les i avisene, men eg syns at, utan å vere sjølvgod, at me åpner augene. At me er der (...) Noreg er eit rikt land og Noreg hjelper, når du høyrer kva ho Erna og Gro og alle har gitt og kva dei... så synest eg me er flinke! Eg synest me er flinke, eg synest me er snill og flink eg (Resp. 3, s. 6).

I begge desse sitata freistar kanskje respondenten å skildre kvifor dei reagerte negativt og siktar til media som årsaker til dette. Begge freistar kanskje, på kvar sin eigen måte, å sjå dette i samanheng med mediemangfaldet. «Mange aktørar som pressar på om vår merksemd» og «det eg ser på fjernsynet og les i avisene» er utsegner som kjem opp. Den eine respondenten er likevel meir emosjonelt engasjert enn den andre, og kjenner kanskje nettopp på kjensla av å vere klagd for å ikkje engasjere seg nok. Gjennom heile denne delen argumenterer ho for at ho syns at «me er flinke» og at «me er snill og flink». Teksta har altså engasjert denne respondenten, men det er ikkje nødvendigvis eit positivt engasjement.

Ein annan respondent kan seiast å reagert negativt ved rett og slett å ytre at det for han ikkje var noka gløymd krise, men noko han følte at han visste om.

*Vel, altså, det er ikkje det at det er ei gløymd krise, vi veit jo kanskje at den er der (...)
Eg trur dei fleste er klar over at den Sentralafrikanske Republikk ikkje akkurat er ein
hyggeleg stad å vere. Eh, og no har jo dei mast som berre pokker dei der Hollywood-
stjernene om korleis Sentralafrika og Darfur og alt det der, så me veit jo at det er ei
krise der nede (Resp. 7, s. 4).*

Det er fleire eksempel på negative reaksjonar hjå respondentane vidare i teksta. Ofte kjem det i samband med ord eller omgrep som til ein viss grad kan seiast å fungere som skildrande for krisesituasjonen som vert omtala. Eg har argumentert for at faktisk informasjon ikkje kan seiast å vere objektiv i denne samanhengen. Mange av respondentane reagerte likevel positivt på det dei kalla ei nøktern og faktabasert framstilling.

*Nei, altså, det er, det er ikkje noko anna enn det same som var i stad. Dei held det
veldig sakleg og veldig nøkternt, prøver å unngå, så langt i alle fall, å komme med
følelsesspekteret (Resp. 7, s. 11).*

Like fullt kan det seiast at desse positive inntrykka av teksten, samla sett, kan ha skapt negative reaksjonar. Det kan altså argumentarast for at sjølv om noko av den faktuelle informasjonen i denne teksta framstår positivt for lesaren, så bidrar den, i ein større samanheng, til eit negativt inntrykk. Dette fordi compassion fattigue er består av mange komponentar. Det er i denne samanhengen at dei fire orda negativ informasjon, mengde informasjon, identifikasjon og handling - maktesløyse vert gjeldande og på mange måtar vil ein person som er ramma av compassion fattigue, kunne vise teikn til alle desse. Det kan altså seiast å vere ein kompleks tilstand som består av fleire ulike element. Vidare kan ein altså knyte negativ informasjon opp mot mengde informasjon.

Ein av respondentane peikte ut eitt av problema som kan oppstå i samband med dette. Det at organisasjonane må leve i takt med det såkalla informasjonskravet publikum har, at ein heile tida må kome med ny informasjon, nye inntrykk og nyheiter. Dette er eit ideal som mange nyheitsmedia kan seiast å vere tilhengarar av. Til å byrje med freistar respondenten å illustrere kva ho meiner om denne setninga. Dette er, slik som dei føregåande sitata, også knytt til utdraget frå teksta presentert i eksempelet over.

*Eh, ja. Eh, nei, altså, dei vil jo på ein måte at eg skal (*ler*) bli veldig lei meg og engasjere meg i dei sakane som dei driv, altså det er jo, altså det går jo på at det er mange ting som, eh, ikkje når, ja, ikkje når folk, men de engasjerer seg også på en måte (Resp. 5, s. 6).*

Dette kan tolkast som ein negativ reaksjon. Ved å uttrykke at «dei vil» freistar ho kanskje å seie noko om at «dei» ønskjer å få meg til å bli lei meg. Det kan kanskje seiast at ho føler seg pressa til å bli lei seg av teksta. Vidare grunnar ho på kvifor det kan vere slik. Her freistar ho kanskje å seie noko om dette informasjonskravet, spesielt kanskje i siste del av sitatet.

*Det er ikkje, kva er det som er akkurat no som, for det finns jo eit når og eit etter i ei sånn krise, altså det finns jo ei opptakt til at det blir ein innbyrdes krig og så finns det jo eit etter også *humrer*. Og det er jo gjerne det som er problemet for organisasjonar, at det er vanskeleg å engasjere folk når det ikkje er ei direkte krise (...) Ja, no når alt er ferdig liksom. Gå vidare til neste krise (Resp. 5, s. 6).*

Her søker ho kanskje å skildre at det er ein tendens til å fokusere på ekstreme kriser og naud i media som gjer at ein gjerne overser desse gløynde krisene. At når ei krise ikkje lenger er slåande nok, så mister media interessa. Men, er det noko som kan kallast krisenes nyheitskriterier? Media sit på definisjonsmakta, kva er deira definisjon av ei akutt krise eksempelvis samanlikna med ein organisasjon som Leger uten grenser sine? Dette sitatet reiser interessante spørsmål ved den informasjonskulturen me lever i.

8.2.5 Identifikasjon

Identifikasjon er eit viktig omgrep i studiet av fenomenet compassion fatigue, difor er identifikasjon også ein kategori eg har nytta. Dersom respondenten ikkje maktar å identifisere seg med informasjonen i ei tekst, så kan det vere ein av grunnane til at han eller ho vert ramma av compassion fatigue. Ein må også sjå på det som eit retorisk verkemiddel som potensielt kan utnyttast av ein avsendar.

Fleire av respondentane snakka om at det var vanskeleg å setje seg inn i situasjonen til dei desse krisene ramma. Det å identifisere seg med nokon som lever i ein så ulik kvardag som ein sjølv, vil, forståeleg nok, vere vanskeleg for dei fleste. Det var også variasjon i kva for kriser dei ulike respondentene meinte dei kunne identifisere seg med.

Eitt eksempel på korleis identifikasjon kan seiast å kunne framkalle compassion fattighe kan ein sjå i samtalaen med denne respondenten. Her les respondenten framsida, og etter at han har lese fleire avsnitt som omhandlar kriser han ikkje har høyrte om før, så kan ein kanskje sjå at det vert vanskeleg for han å klare å identifisere seg med den aktuelle informasjonen.

*Ja, det er jo og sånn nyheiter som ein kjennar frå u-land, generelt, men at det er, her er det knytta til Guinea, sånn ja. Bunnløs helsekrise, det er jo eit kraftig uttrykk då, då må jo på ein måte Guinea, sånn som eg tolker det, vere ein av dei landene kor det er gale, kor det er aller værst *humrer* (...) Lassa forbinn eg ikkje noko med. Er det ein by, område? (...) Eh, det var jo heilt nytt for meg. Lassa har eg altså ikkje høyrte om... (...) Ja, det er det same som over, totalt nytt for meg dette. Eh, og nå byrjar det jo å bli mykje *humrer*, mykje sånn elendigheit her på sjukdomsområdet. Eh, men eg trur jo og når eg les dette, at det absolutt er viktig og få det fram, sjølv om me snakka tidlegare om at det er, det kan vere mykje elendigheit, for mykje elendigheit å fordøye for den jevne, jevne mediebrukar. (...) Eh, men så er det jo det at, sånn som meg, som er spesielt opptatt av vest-Afrika eller Mali, eh, når då du har nokon du kjenner der, du har ein relasjon der borte og sånn vil det jo vere. Noen har relasjonar til ulike problemområde og ulike område, så ein, viss ein vil engasjere seg så er det jo på ein måte fleire moglegheiter, så, ja, det må jo berre fram (Resp. 2, s. 10-11).*

I dette tilfelle kommenterar altså respondenten på noko som kan seiast å vere tilknytt identifikasjon. Han har ingen kjennskap til sjukdommane Lassafeber og Kala Azar (den andre sjukdommen omtala på nettsida), og det vert difor vanskeleg å identifisere seg med situasjonane i desse tilfella for han. Han seier sjølv at det vert mykje på sjukdomsområdet. Men mot slutten argumenterer han mot si eiga utsegn og forklarar at det i hans tilfelle kanskje er lettare å forstå enn for andre, fordi han har «*ein relasjon til problemområdet*». Han har tidlegare i samtalen fortalt om eit prosjekt skulen han arbeider på, har i samband med eit afrikansk land, og dette kan det verke som om han nyttar seg av som eit haldepunkt. Det kan vera ein måte å identifisere seg med situasjonen på, sjølv om identifikasjonen ikkje nødvendigvis kjem direkte inn under desse krisene.

Respondenten som i dette tilfelle er omtala, var den einaste av deltakarane i studiet som kunne nemne ei klar fysisk tilknytning til eit av det kriseråka områdene. Nokre bidrog med stønad til organisasjonar og nokre hadde fadderbarn, men hadde ikkje direkte band til dei akutelle krisene.

For mange var det å identifisere seg med denne informasjonen vanskeleg. At identifikasjon er noko som er viktig for å forstå ein krisebodskap, kjem tydeleg fram gjennom desse samtalane. Det var stader i teksta der respondentane både identifiserte seg med situasjonen og hadde vanskar med å gjere det. Ein må sjølv sagt ha i bakhovudet at dette kan ha si årsak i andre ting enn det spesifikke ved teksta, som eksempelvis kulturelle konvensjonar, men ein kan likevel sjå at det er visse aspekt ved teksta som kan seiast å argumentere på ein slik måte at det verka inn på om respondentane identifiserte seg med saka eller ikkje.

Eg, eg, kan ikkje, kan ikkje ta det inn. Fordi at, det, det er liksom, vel er alt kome nærare no, før var ein tur frå Ostafjorden (lokalt stedsnavn) til byn (Bergen), det var ei amerikareise, no er det jo, men likevel så er det så langt vekke at eg klarar ikkje å (...) Det er vanskelig å, å fatte (Resp. 3, s. 15).

Denne kommentaren kom etter at den aktuelle respondenten hadde sett videoen på nettsida. Det at alt har kome «nærare» og at det er så «vanskeleg å fatte» kan tolkast som eit forsøk på skildre at det nettopp er vanskeleg å identifisere seg med slike kriser. Sjølv om det har kome nærare så er det framleis så ulikt at det vært vanskeleg å setje seg sjølv inn i den aktuelle konteksta.

Eit meir konkret døme på mangel på identifikasjon, kan ein sjå hjå denne respondenten. Respondenten er i dette tilfellet tydeleg prega av kjensler. Her kan det argumenterast for at han faktisk plasserer seg sjølv i konteksta til dei som er ramma, men held likevel tilbake og seier at dette er noko han ikkje ønskjer.

Kommentaren er knytt til eit utdrag frå teksta i artikkelen *Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land*.

Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land



Vold og konflikt driver mennesker fra hjemmene sine nordvest i Pakistan. Internflyktingene mangler mat, helsetjenester og tak over hodet.



Figur 13: Artikkel: Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land (Glemte kriser 2014, 2014).

Lenger ned på sida under mellomtittelen *Kan ikke reise hjem* står det følgjande:

Kan ikke reise hjem.

I 2009 nådde talet på det internt fordrevne i nordvest et foreløpig toppunkt med 3 millioner. Mange av disse har siden returnert hjem, men vedvarende ustabilitet, ødeleggelse av hus og manglende gjenoppbygging av tjenester og infrastruktur hindrer mange i å reise tilbake (Glemte Kriser 2014, 2014).

Ja. Det er forsåvidt ein repetisjon av noko av det som er sagt tidligare, men, eh, her er det meir fokus på det å reise heim (...) Og, altså det å ikkje reise heim er og at huset heime plutsleg skulle forsvinne er jo heilt utenkeleg. Og eg, ja. No er det kanskje slik at eg ikkje ønskjer å tenkje på det då, kva, setje meg inn i det scenarioet som faktisk ville skje dersom huset heime i Porsgrunn plutsleg forsvant, det hadde, hadde ikkje vore så greit (Resp. 4, s. 20).

Det kjem klart fram av reaksjonen til respondenten at denne delen av teksta var noko som påverka kjenslene hans. Han let skildringa gå inn over seg og set ho også inn i sin eigen kontekst ved å samanlikne det med det «å ikkje reise heim og at huset heime plutselig skulle forsvinne». Dette kan seiast å vere eit teikn på ein identifikasjon og ei kognitiv samanlikning med sin eigen kontekst. Men i det følgjande avsnittet kjem det også fram at dette kanskje er noko han ikkje ønskjer å tenke på. Han ønskjer kanskje ikkje å ta inn over seg denne samanlikninga. Dette samsvarer med mykje av det som er skrive om compassion fatigue, nemleg det å medvite stenge ute noko fordi ein ønskjer å unngå å verte affektert.

Identifikasjon kan også gå på det visuelle. Eit døme kan vere den første reaksjonen til ein respondent som las artikkelen *Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt*. Dette var den umiddelbare reaksjonen til respondenten då han gjekk inn på nettsida og knyttar seg først og fremst til bildet som følgjer med artikkelen:



The image is a screenshot of a news article. On the left is a navigation menu with items: Tsjad, Fødselshjelp, Pakistan, Vaksinemangel, ► Mauritania, Multiresistent tuberkulose, Guinea, Lassafeber, Kala azar, Legemangel. The main title is 'Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt'. Below the title are social media sharing icons for Facebook, Twitter, Email, Blogger, and a 'Like' button with a count of 11. The text below the title reads: 'Over 60.000 maliere har flyktet fra vold og konflikt til nabolandet Mauritania. Nå lever de under livsfarlige og uverdige forhold i ørkenen.' Below the text is a photograph of a woman sitting on the ground under a makeshift tent made of white fabric in a desert setting. A caption above the photo reads: 'PÅ FLUKT: Konflikt i Mali har drevet titusener på flukt til nabolandet Mauritania. FOTO: Nyani Quarmyne/Leger Uten Gr'. The photo shows a woman in a brown headscarf sitting on the sand, with a metal bowl and other supplies nearby. The background shows a vast, flat desert landscape under a clear blue sky.

Figur 14: Artikkel: Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt (Glemte kriser 2014, 2014).

Vel biletet gjer meg eigentleg ingenting (...) Fordi at det her kan jo vere sånn som dei lev i det området uansett (...) Det er ingenting som seier, seier meg noko med akkurat det biletet her, at det er ein prekær situasjon (Resp. 7, s. 10).

Vidare følgde han opp, på spørsmål om «*han ikkje følte at biletet illustrerete saka*», med følgjande kommentar:

Det kan godt vere det gjer det, men det kan godt vere, og eg trur på det, at det er tatt frå ein sånn, altså, når ein ser på sånn dokumentarar frå området som ein då ser at den situasjonen ser meir eller mindre normal ut då, så vil ikkje seie at dette her biletet her skrik til meg som at «her skjer det noko veldig, veldig farlig, akkurat no» (Resp. 7, s. 10).

Det som kanskje kjem klårast fram av desse kommentarane, er at respondenten ikkje ser ein samanheng mellom informasjonen i teksta og biletet i artikkelen. Om det grunnar seg i funksjonen til biletet som ein illustrasjon av teksta, kan ikkje seiast sikkert, men det er i alle fall noko ved dette som gjer at respondenten reagerer. Dersom dette biletet er meint å skulle illustrere forferdelege forhold på flukt, vil ein kunne argumentere for at det kanskje ikkje illustrerer informasjonen på ein ordentleg måte. Eksempelvis kan ein seie at biletet er visuelt slåande eller vakkert. Kombinasjonen av eit vakkert bilete med ei tekst som skildrar forferdelege forhold kan vere noko av det som får denne respondenten til å reagere og seie at «*dette biletet gjer meg eigentleg ingenting*». Biletet illustrerer ikkje saka godt nok, men representerer heller ein kontrast til teksta for respondenten.

8.2.6 Handling - Maktesløyse

Som kategori fungerer handling - maktesløyse som definerande for om respondenten er ramma av compassion fattig eller ikkje. Nærare forklart går det på om kommentaren til respondenten skildrar ei kjensle av å ikkje kunne sjå korleis eit problem kan løysast og om sitata kan tolkast som teikn på at dei er trøytte av å føle *medkjensle*.

I denne kampanjen er det, som eg tidlegare har nemnt, fokus på å formidle *problemet*, altså informasjon som vedkjem eller skildrar dei ulike krisene. Det einaste forslaget til løysing av problema kjem alltid i det siste avsnittet i kvar artikkel. For å kome seg fram til dette må ein altså først lese gjennom ei betydeleg mengde informasjon som ikkje tilbyr noko framlegg til korleis ein kan få bukt med desse krisene.

Alle respondentane uttrykte at det var vanskeleg å lese så mykje negativ informasjon, og utan eit framlegg til løysing verka det for mange som om desse problema var uoverkomelege.

Dei følgjande sitata skildrar denne tendensen hjå respondentane:

Ja, ja, eg har på ein måte lest Dostojevski, eg veit at livet er helvete og eg har lest Tolstoj, med krig skjer overalt og me vert skoten i fillebiter og spørsmål om tid før alle menneske er død liksom. Eg har fått med meg den delen allereie (Resp. 7, s. 25-26).

Ja, eg trur det, og så kan eg kjenne litt sånn at «ja, okei, eg forstår at det er veldig mykje her», men korleis hjelper den eine hundringsen som eg hadde gitt, altså det er jo, korleis, korleis, altså (Resp. 5, s. 8).

Det er sikkert heilt rett. Eh, eg trur jo og Leger uten grenser må oppleve det same då, som, som mange av dei som skrik opp om klimaet. Eh, folk, eh, ser ikkje ut som om dei bryr seg, dei ser ikkje, det går inn på dei, men så på ein eller annqn måte så fører det ikkje til handling (Resp. 2, s. 5).

Eh, altså, eg har kome langt nok ned no til å, at eg egentlig er overbevist om at «ja verden er ein grusom stad» og, eh, vi treng å fremje ting og dei har det betre, eg føler at no er eg overbevist og eg treng ikkje eigentleg noko meir informasjon, eg treng, eg treng vel kanskje å vite kva dei vil frå meg, eller noko sånt (Resp. 6, s. 8-9).

Eg meiner at desse sitata skildrar ei avmaktskjensle hjå respondenten. Ei kjensle av at det å engasjere seg ikkje vil hjelpe, at «verden er ein grusom stad» eller at det berre er eit spørsmål om tid «før alle menneske er døde». Ei slik avmaktskjensle kan kome av at det nettopp er den negative informasjonen som er i fokus på denne nettsida. Under er eit eksempel på korleis desse artiklane framstår for den som les nettsida.

Denne artikkelen står, slik som tidlegare eksempel, som eit døme på samtlege artiklar på denne sida. Struktur og utforming er identisk, noko ein ser dersom ein vender tilbake til det tidlegare artikkelksempellet frå tekstanalysen *Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land*. Artikkelen det dreiar seg om er *Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag*. Det var også fleire av respondentane som bestemte seg for å lese denne:

Tsjad

► Fødselshjelp

Pakistan

Vaksinemangel

Mauritania

Multiresistent tuberkulose

Guinea

Lassafeber

Kala azar

Legemangel

Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag

17

På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen.



Figur 15: Artikkel (1 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (Glemte kriser 2014, 2014).

FØDSELSHJELP: Mangel på fødselshjelp kan føre til mødredødelighet, spedbarnsdødelighet eller livslang invaliditet for kvinner som får alvorlige fødselsskader. FOTO: Yasuyoshi Chiba/Leger Uten Grenser

Talsperson
Kart

I Norge er en barnefødsel som oftest en kilde til udelt glede. Men mange andre steder i verden er risikoen høy for at graviditeten eller fødselen koster den vordende moren livet.

I Afrika sør for Sahara føder 50 prosent av kvinnene uten kvalifisert hjelp.

Farlig fødsel

I 2013 døde 289.000 kvinner i forbindelse med svangerskap og fødsel. De aller fleste av dødsfallene kunne vært unngått.

De fleste mødredødsfall skyldes enten utrygge aborter, høyt blodtrykk under graviditeten, fødselskomplikasjoner som alvorlig blødning under fødsel, eller infeksjon etter fødsel. 99 prosent av alle fødselsrelaterte dødsfall skjer i lavinntektsland. Kvinner som bor på landsbygda og yngre kvinner er mest utsatt.

Ikke nok jordmødre

Hovedproblemet er mangel på kvalifisert helsepersonell, spesielt i avsidesliggende områder. Mangel på klinikker og riktig utstyr for å unngå fødselskomplikasjoner, gjør situasjonen enda vanskeligere. Dette kan få farlige konsekvenser, som mødredødelighet, spedbarnsdødelighet eller livslang invaliditet for kvinner som får alvorlige fødselsskader.

Under naturkatastrofer, konflikter og andre akutte krisesituasjoner blir helsevesenet både svekket og overbelastet. I tillegg kan mennesker bli drevet på flukt og miste all tilgang til medisinsk hjelp. I slike situasjoner, uten tilgang til keisersnitt, medisiner og kvalifisert hjelp, er det ekstra farlig å føde. For både mor og barn kan resultatet bli skadet, sykdom eller død.

Tsjad, Den sentralafrikanske republikk, Guinea, Pakistan og Afghanistan er blant landene som er hardest rammet av høy mødredødelighet. Sierra Leone er verst stilt av alle, med en mødredødelighet på 1100 dødsfall per 100.000 levendefødte.

Figur 16: Artikkel (2 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (Glemte kriser 2014, 2014).





Til sammenlikning er mødredødeligheten i Norge fire dødsfall per 100.000.

Et av FNs tusenårsmål er å innen 2015 redusere dødeligheten blant gravide og fødende kvinner med tre firedeler i forhold til 1990-nivået. Mødredødeligheten er nærmere halvert siden 1990, men det er fortsatt langt igjen. Av alle tusenårsmålene er dette lengst unna å bli oppfylt.

Hva gjør Leger Uten Grenser?

Leger Uten Grenser har svangerskapskontroller og fødselshjelp i så å si alle våre prosjekter verden over. Vi gir fødselshjelp, utfører keisersnitt og gir helsehjelp til mødre og spedbarn før, under og etter fødsel. I Sierra Leone og Burundi har vi også gjort forskning som viser at ambulansetjeneste og akuttobstetriske tjenester kan redusere mødredødeligheten i ressursfattige områder med hele 74 prosent.

Vil du vite mer?

Postadresse:
Postboks 8813 Youngstorget
0028 Oslo
Org.nr.:NO 977 097 495

Besøksadresse:
Hausmannsgate 8, 0188 Oslo
For gaver til Leger Uten Grenser, ring tlf. 08898
Innsamlingskonto: 50100547500
epost@legerutengrenser.no
Resepsjon: 23 31 88 00 (09:00 - 18:00)

Om oss
Kontakt oss
Tilbakemeldinger

Pressevakta 45 25 29 95 (Ikke SMS)

Figur 17: Artikkel (3 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (Glemte kriser 2014, 2014).

Avmaktskjensla kan ein sjå i fleire av intervjua. Oftast når respondenten las framsida, men også etter å ha lese seg gjennom eksempelvis halvparten av ein av artiklane. Desse reaksjonane kom både som uttrykk for sterke kjensler, gjerne som eit uttrykk for å vere oppgitt. Oppgitt over seg sjølv, andre menneske eller samfunnet. Men kjenslene kan ikkje seiast å ha vore ein positiv reaksjon på det som stod i teksta.

Dette må seiast å vere definerande for compassion fatigue. Her kan det nettopp argumenterast for at respondentane ikkje orkar å ta innover seg meir, i desse tilfella har det blitt for mykje.

Til dømes kan ein sjå det i måten den eine av respondenten seier «*korleis hjelper den eine hundringen som eg hadde gitt*». Er respondenten her så oppgitt at ho ikkje ser korleis det at ho engasjerer seg skal kunne hjelpe? Det kan i alle fall verke som at respondenten i dette tilfelle ikkje greier å sjå at hennar handling kan føre til endring, jamvel om ho vél å bidra økonomisk.

Ein kan sjå av desse intervjua at det, i høve til teksta, verka som om det var omtrent halvveges gjennom framsida at dette kom klårast fram og etter at samtalen hadde vart ei stund. For å illustrere dette vil eg her dra fram eit eksempel frå framsida og nokre eksempel der samtalan har vart ei stund.

Multiresistent tuberkulose smitter 1400 mennesker hver dag
Den dødelige sykdommen er motstandsdyktig mot vanlige tuberkulosemedisiner. Bare én av fem får behandlingen de trenger.


Figur 18: *Framsida 6 (Glemte kriser 2014, 2014).*

Guinea: Bunnløs helsekrise
Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag.

Lassa: Dødelig blødningsfeber rammer hundretusener
Hvert år dreper lassafeber 5000 mennesker i Vest-Afrika. Det finnes ingen vaksiner, og dagens medisiner er altfor dyre for de fattige som rammes.

Kala azar: Feberen som dreper 30.000 hvert år
Den dødelige sykdommen som først og fremst rammer fattige har utdaterte medisiner og smertefull behandling.

En av tre har ingen lege å gå til
Hvert år dør 13 millioner mennesker av smittsomme sykdommer, fødselskomplikasjoner og underernæring. De fleste dødsfallene kunne vært unngått med tilgang på helsehjelp.

 Postadresse: Postboks 8813 Youngstorget 0028 Oslo Org.nr.:NO 977 097 495 Besøksadresse: Hausmannsgate 6, 0186 Oslo For gaver til Leger Uten Grenser, ring tlf: 08898 Innsamlingskonto: 50100547500 epost@legerutengrenser.no Resepsjon: 23 31 86 00 (09:00 - 18:00) Om oss Kontakt oss Tilbakemeldinger Pressevakt 45 25 29 95 (Ikke SMS)

Figur 19: *Framsida 5 (Glemte kriser 2014, 2014)*

Her var det fleire av respondentane som byrja å vise teikn til compassion fatigue. Dei følgjande sitata er reaksjonar på nettopp denne delen av framsida.

Nei, veit du kva, eg klarar ikkje å gå å tenke på det kvar dag. Det, som sagt, du får så mykje inn at, nokon seier det går inn eit øyre og ut det andre, men i mange tilfelle går det berre hus forbi. Det går ikkje inn og ut eingong. Det går berre rett forbi (...) Du kan ikkje fordøye all elendigheita (Resp. 3, s. 7).

Eh, eg, eg synast det er så mykje å ta inn over seg når ein les sånne, altså fakta, at det blir litt sånn «jaja», eh, det blir så store tal... (Resp. 5, s. 6).

Det var også tydeleg at det var tyngande for folk mot slutten av samtalan. Her svarer ein respondent på følgjande måte på spørsmålet om ho kunne seie noko om heilskapen i

artikkelen ho nettopp hadde lese. Artikkelen det dreiar seg om er *Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land*.

Ja, eh, det var, dei forklarte jo på ein måte litt, dei fortalde om situasjonen og kva Leger utan grenser, situasjonen med eit spesielt fokus på fattigdom og sykdom, så fortalde dei om kva Leger utan grenser gjer, eh, men eg føler ikkje at eg har lært så mykje meir om Pakistan eller om kvifor ting er som dei er der, sånn at, det gir meg kanskje ikkje så mykje viss eg skulle tenkt på, kva kan vi gjere for å gjere at verden vert ein betre stad då. Du, eg føler at dei, dei som spesielt jobbar med sånne, eh, på ein måte, eh, eh, skuffar vatn frå ein båt med hol i, på ein måte (Resp. 6, s. 18).

Her ser ein igjen eit eksempel på at respondenten reagerer på at problemet eller informasjonen om problemet blir for omfattande. Dette dreg ho vidare inn i ein generell betraktning «å skuffe vatn frå ein båt med hol i».

Ein annan respondent reagerte på denne måten. Reaksjonen kom etter at respondenten hadde lese avsnittet *Økt risiko* frå artikkelen *Vaksinemangel tar liv i kriser*:

Økt risiko, lavere dekning

Totalt dør over én million barn av lungebetennelse hvert år og diaré sykdommer tar livet av rundt 760.000 barn. I 2012 døde 122.000 mennesker av meslinger, de fleste var barn under fem år (Glemte Kriser 2014, 2014).

Nei (?), eg, det er jo store tal tenkjer eg (...) Som døyr av, altså dei døyr av, dette er jo sjukdommar som er, barnesjukdommar som me skal gå gjennom? (Resp 2., s. 19-20).

Vaksinemangel tar liv i kriser



I akutte humanitære kriser er det ikke vold og skader som tar flest liv, men smittsomme sykdommer som meslinger, lungebetennelse og diaré.



Figur 20: Artikkel: Vaksinemangel tar liv i kriser (Glemte kriser 2014, 2014).

Vidare, på spørsmål om det aktuelle avsnittet var vanskeleg å relatere seg til, svara han slik:

Ja, kanskje det blir, korleis skulle ein, eg tenkjer jo liksom, ja dette vert statistikk. Korleis skal ein få sprita dette her opp med bilete? Eh, altså, kor mange døy av meslingar i Noreg (...) Kor mange døy av lungebetennelse? Kunne, kunne ha vore sånn enkle skjema med masse menneskefigurar. Kor mange vert smitta, kor mange døy, ulik farge, sant (...) Noko sånt hadde, eh, kanskje vore vel så godt formidlingsmessig då (...) Eh, for du les dette «ja, det er mykje, sant», klarar me å forestille oss det? Det, det er jo svære tal! Hundre og tjuetotusen menneske med meslingar? (Resp. 2, s. 19-20).

Dersom ein freister å sjå dette i samanheng, er det relevant å trekke inn mengde informasjon. På begge desse stadia i prosessen med å lese denne nettsida, kan ein argumentere for at det er ved to punkt ein ser at respondentane vert ramma av compassion fatigue. Det første punktet kjem altså når dei har lese om fleire av krisene på framsida. Det andre punktet kjem etter at

dei har lese seg gjennom ein eller fleire artiklar. Slik eg har argumentert for tidlegare, inneheld framsida mykje informasjon og dette vert igjen relevant når ein knyter det direkte til respondentens compassion fatigue. Det er altså etter at respondentane har vorte utsette for store mengder negativ informasjon, at graden av compassion fatigue hjå respondentane byrjar å stige.

8.2.7 Oppsummering

Denne studien peikar på at mengde informasjon og mengden negativ informasjon er faktorar som kan framkalle compassion fatigue hjå ein lesar. Mangel på identifikasjon og ein kjensle av avmakt eller å vere handlingslamma, er også faktorar som til slutt, slik det kjem fram av denne studien, kan vera med på å forklare reaksjonane hjå respondentane. Compassion fatigue er, slik eg har argumentert for det i denne studien, ein tilstand som oppstår hjå ein mottakar som har måtta prosessere store mengder informasjon. Mottakaren vert som eit resultat av dette blasert overfor denne informasjonen og har vanskeleg for å engasjere seg i den argumentasjonen som kjem fram av informasjonen. I denne studien kan ein sjå at informasjonen respondentane vart utsette for, førte til ein viss grad av compassion fatigue. Dette gjeld spesielt for den delen av informasjonen som appellerer til kjenslene hjå lesaren. Dersom avsendar gong på gong freistar å engasjere følelsane til mottakaren, kan dette utløyse ei avmaktskjensle hjå lesaren. Men dette gjeld også den delen av informasjonen som kan seiast å vere faktabasert og informativ. Det ein i utgangspunktet vil kalle nøytrale fakta genererte i fleire tilfelle negative reaksjonar hjå respondentane. Til dømes kan den retoriske situasjonen denne kampanjen vert lesen i, vere ein av grunnane til dette. Det kan også sjåast i samanheng med mengda informasjon. Di meir fakta eller inngående informasjon respondenten var tvunga å ta inn over seg, di høgare vart graden av compassion fatigue. Respondentane i denne studien reagerte spesielt på dette og det vart tydeleg etterkvart som informasjonen på framsida vart presentert. Framsida inneheld store mengder informasjon som kan seiast å vere negativ. Denne negative informasjonen er nytta i ein argumentasjon som freistar å appellere til følelsane hjå lesaren. Etter at respondentane hadde lese framsida, vart det for dei fleste vanskeleg å engasjere seg allereie halvveges gjennom artiklane om dei ti krisene. Dette var også noko som ein til dels kunne sjå i teksta og i næranalysen av denne. Her argumenterte eg for at Leger uten grenser sin retorikk, fleire stader, nytta seg av pathosappellar og at mengda informasjon var stor. Desse appellane, og mengda i seg sjølv, vart også i stor grad oppfatta av respondentane. Ikkje nødvendigvis medvite, det vil altså seie

at dei sannkjende retorikken i avsnittet, men gjennom kjenslemessige responsar på budskapet. Pathosappellane som står klårast fram i denne kampanjen, er retta inn mot respondentane si *medkjensle* for dei som er ramma.

Ved denne delen av studien har eg freista å vise til respondentane sine reaksjonar saman med illustrasjonar frå konkrete stader i teksta. Ein kan difor sjå eksempel på bilete som er sett i samanheng med det respondentane har sagt. Slik som respondentane har reagert viser det seg kanskje klårast at det er mengda informasjon som kanskje er viktigast å ta med seg vidare i diskusjonen. Ein kan kanskje skildre desse reaksjonane som eit teikn på ein kognitiv overbelastning. Det er rett og slett så mykje informasjon at respondentane, ikkje maktar å få oversikt. Dersom ein i tillegg dreg inn dei andre faktorane som negativ informasjon, identifikasjon og handling – maktesløyse, så er det belegg for å konkludere med at deltakarane i denne studien vart ramma av compassion fatigue under samtalanene. Ein kan då sjå føre seg at mengda informasjon er den overordna utløysaren, medan graden av negativitet, mangel på identifikasjon og kjensla av å vere handlingslamma forsterkar og underbyggjer denne verknaden. Fleire av respondentane har, slik eg har vist, kome med kommentarar som freistar å skildre *mengda*. Når ein ser at fleire respondentar, på kvar sin måte, skildrar dette i samband med at det dei reagerer negativt på noko, er det i aller høgste grad relevant. Ein ser også at *mengda* kan relaterast *til emosjon*. Nokre av sitata eg viste til i analysen, kan her nyttast til å skildre dette.

(...) Eh, for du les dette «ja, det er mykje, sant», klarar me å forestille oss det? Det, det er jo svere tal! Hundre og tjuetotusen menneske med meslingar? (Resp. 2, s. 19-20).

Eh, eg, eg synast det er så mykje å ta inn over seg når ein les sånne, altså fakta, at det blir litt sånn «jaja», eh, det blir så store tal... (Resp. 5, s. 6).

Ja, eg trur det, og så kan eg kjenne litt sånn at «ja, okei, eg forstår at det er veldig mykje her», men korleis hjelper den eine hundringsen som eg hadde gitt, altså det er jo, korleis, korleis, altså (Resp. 5, s. 8).

**sukkar tungt* Æsj, det, det er sånn som er så mykje... når du ser det sånn som det der så er ein jo ikkje klar over, grensene av kor veldig omfang det er (Resp. 3, s. 9).*

Desse sitata viser at fleire respondentar nytta ordet *mykje* i sine skildringar av den same teksta. Dersom ein tek opp at diskusjonen om *mengde* som den overordna faktoren i dette tilfellet, så er det relevant å spørje seg om *kva det er som er så mykje og kor mykje det faktisk*

er. Det eg har freista å argumentere for i denne studien, er altså at svaret på desse to spørsmåla er *mengda informasjon* og at det *faktisk er mykje informasjon i denne kampanjen*. Den emosjonelle appellen har som intensjon å vekke *medkjensle* hjå lesaren, og set ein dette i kombinasjon med *mengda informasjon*, er det nok eit argument til forsvar for at det vert *mykje* for respondentane. Det er altså mykje informasjon og fokus på emosjonelle appellar som kan sjåast på som årsaker til dette.

Mange hadde også tankar på førehand om kva dei trudde informasjonen argumenterte for. Dette var som regel at Leger uten grenser ville freiste å engasjere dei, gjerne til å yte ei form for økonomisk støtte. Dei forventa at informasjonen på denne nettsida på ein eller annan måte ville søkje å overtyde dei gjennom å tale til kjenslene deira.

9.0 Konklusjon

I denne studein har eg søkt å finne fram til korleis publikum oppfattar retorikken i kampanjen *Glemte kriser*. Slik det kom fram av problemstillinga, var ønsket å finne fram til korleis folk oppfattar budskap og argumentasjon i ein konkret pressekampanje lansert av organisasjonen Leger uten grenser.

Dette har vore ein metodisk kombinasjonsstudie. Eg har difor sett på dei konkrete retoriske funksjonane og verkemidla i kampanjen gjennom ein tekstanalyse, for så å kombinere denne med ein resepsjonsstudie. Når ein ser på korleis folk *oppfattar* retorikk, vil det vere naturleg og sjå på *reaksjonar*. Reaksjonane på denne kampanjen var ganske tydelege hjå dei fleste respondentane. Alle kan seiast å ha vist teikn til compassion fatigue. Dette ser ein altså gjennom korleis dei på kvar sin måte reagerte på den teksta dei vart presenterte for. Nokre viste det særst tydeleg, medan andre viste teikn til det etter kvart. Om ein skal argumentere for ein fellesnemnar for kva som framkallar compassion fatigue, vil det vere *mengde informasjon*. Gjennom studien har det vorte meir og meir klart at det er nettopp *mengda informasjon* i denne kampanjen som førte til at respondentane vart ramma av eller fekk forsterka sin tilstand av compassion fatigue. Det er sjølvsagt også viktig å nemne den *emosjonelle appellen*, men det interessante ved dette studiet er nemleg at det viser seg at mengda informasjon også er ein viktig faktor. Ein overdriven bruk av *pathos* eller *emosjonelle appellar* er allereie vel etablert som ein faktor som ligg til grunn for tilstanden *compassion fatigue*. Det går fram i mykje av den forskinga som tek føre seg omgrepet.

I tekstanalysen ser ein dette gjennom korleis retorikken er strukturert. Fokuset ligg på å få fram mest mogleg informasjon på kortast mogleg spalteplass. Ein kan seie at det overordna målet er å informere. Det er også noko som kan seiast å kome fram av introduksjonen. Den retoriske grunnstrukturen i denne kampanjen er å argumentere for at me gløymer desse krisene. Den vert innleidd av ei kort tekst som som argumenterer for at *me lukkar auga*. Vidare får me presentert dei *ti krisene me lukkar auga for*. Den retoriske situasjonen som då oppstår mellom *avsendar* og *mottakar* kan seiast å ta form som ei *bevisføring* for det underliggande argumentet om at me lukker auga. Nokre av respondentane oppfatta dette som kritikk. Det kan kanskje forklarast med bruken av «vi» i den introduserande teksta.

Når ein ser på reaksjonane til respondentane, kan ein seie at alle viser teikn til compassion fatigue. I høve til framsida ser ein det klårast når respondentane hadde *lese eit stykke*. Dette må sjåast i samanheng med den kognitive prosessen lesaren går gjennom på same tid. Ein kan, utifrå denne studien, argumentere for ein tilstand av *kognitiv emosjonell overbelastning*. Dette kan ein sjå i samanheng med compassion fatigue. Fleire respondentar sleit, etterkvart som dei las, med å identifisere seg og ta inn over seg informasjonen. Den like strukturen i presentasjonen kan ha ført til at det var vanskeleg for dei å skilje mellom dei ulike krisene.

Eit anna aspekt kan også vere korleis informasjonen på nettsida er formulert. Den introduserande delen av denne teksta er formulert som eit slags klagemål og det førte i nokre tilfelle til at respondentane faktisk kjende seg personleg kritisert. Det kan spekulerast i om dette gjorde dei mindre mottakelege for resten av informasjonen på nettsida. Den retoriske strukturen i denne teksta dreide seg i stor grad om å presentere den *negative informasjonen* først.

Det har vore viktig for denne studien at tekstanalysen sin funksjon skulle peike på konkrete stader i teksta der det var sansynleg at respondentane skulle reagere på ein måte som kunne relaterast til ein tilstand av compassion fatigue. Gjennom tekstanalysen kom det fram at dette kunne verte tilfelle på framsida og spesielt i presentasjonen av dei ulike krisene. Etter å ha analysert ein del av presentasjonen vart det klart at mengda informasjon er betydeleg, sjølv om tekstmengda i seg sjølve var avkorta.

Inne i artiklane var det større mengder tekst. Informasjonen var meir inngåande og forklarande enn dei korte ingressane på framsida. Det som gjorde seg gjeldande i artiklane,

var vektinga mellom den *negative informasjonen* og den *positive informasjonen*. Den positive informasjonen, slik det skulle framstå i teksta, kom til slutt i kvar einaste artikkel. Difor vart det viktig å finne ut om respondentane også merka seg dette og at dei, etterkvart som dei las artiklane, kunne siterast på at det vart *mykje negativ informasjon*.

Det sentrale perspektivet med denne delen av studien var altså følgjande. Ein måtte kunne vise til stader i teksta der det var sannsynleg at respondenten kom til å reagere gjennom tekstanalysen. Dette skulle ein vidare kunne avkrefte eller bekrefte gjennom responsstudiet og gjennom reaksjonane til respondentane. Ein kan altså seie at denne studien freistar å forklare korleis publikum oppfattar retorikken i kampanjen på bakgrunn av retorisk teori og gjennom utprøving av desse ved respondentane sine reaksjonar. Difor kjem ein tilbake til spørsmålet om me kan seie noko om korleis publikum oppfattar retorikken. Ein kan ikkje seie at det i alle tilfella kom spesifikke kommentarar til om eit avsnitt var retorisk eller ikkje. Respondentane kan heller ikkje seiast å ha sannkjent sjølve retorikken i kvart einaset avsnitt. Men gjennom reaksjonane fekk ein innblikk i oppfatningane deira om teksta. Det er på denne måten ein må sjå denne studien. Reaksjonane seier altså noko om korleis dei oppfattar og forstår det som kjem fram av teksta.

Ein kan altså bekrefte to hovudtrekk. Det første vil vere at respondentane *reagerte på retoriske verkemiddel i teksta*. Det andre vil vere at respondentane, gjennom desse reaksjonane, *viste klare teikn til compassion fatigue*.

I desse dagar har Leger uten grenser oppdatert nettsidene sine og dei gløynde krisene for 2015 er no klare. Avslutningsvis er det spanande og sjå at årets framside har eit ganske annleis utgangspunkt enn det hadde i 2014. Introduksjonsteksta baserar seg eksempelvis på eit intervju med naudhjelpskordinator *Lindis Hurum* og har ikkje ein like klår *retorisk struktur* (Glemte kriser 2015, 2015). Det verkar også som om det i denne omgang kjem klårare fram av teksta at det i hovudsak er *redaktører og journalister* som må endre fokus i media og ikkje *den som les dette*, slik nokre av respondentane reagerte på i dette studiet (Glemte kriser 2015, 2015).

10.0 Diskusjon

Denne studien kan knytast direkte til ein diskusjon om mediasamfunnet i Noreg. Ikkje fordi respondentane på nokon som helst måte representerer ei generalisering av ein tendens eller ein del av befolkninga, men fordi det seier noko om korleis nokre personar har reagert på

ei tekst som inneheld informasjon om problem i verda som det vert rekna som viktig å få fram. Det at folk i mi undersøking eksempelvis nemner ulike medieinstitusjonar i Noreg som noko dei sett i samanheng med negative framstillingar av naud, gjev i seg sjølve grunnlag for å diskutere dette emnet vidare.

Dersom ein skulle kalla dette ein *brukarstudie*, der respondentane sine reaksjonar og vurderingar hadde som føremål å bidra til endringar i Leger uten grenser sin kampanje, er det relevant å tenke at dette ikkje er noko dei åleine kan hanskast med. Det krev ein større diskusjon rundt medias rolle i samfunnet og korleis nettopp media vél å framstille alvorlege humanitære kriser.

10.1 Aktualitet

I byrjinga av studien introduserte eg dei to pressekampanjane Theas bryllup og Smurfs PSA. Dette gjorde eg fordi desse er relevante i ein diskusjon om tilstanden til mediasamfunnet i dag, og fordi dei illustrerer korleis mange naudhjelpsorganisasjonar prøver å nå fram med sine budskapar. Theas bryllup er det norske eksempelet på kor langt ein ser seg nøydd til å gå for å framkalle ein reaksjon hjå lesaren. Det kan verke som om ein må provosere folk for å tvinge fram ein rekasjon og gjere folk engasjert. Undervegs i kampanjen Theas bryllup, før det hadde vorte avslørt at dette var ei arrangert merksemdskampanje for å kaste lys over fenomenet barnebruder, var det mange og sterke reaksjonar mot jenta og denne bloggen. Smurfs PSA på si side skapte også sterke reaksjonar då den i si tid vart send på belgisk fjernsyn. Det er klart at compassion fatigue er noko som naudhjelpsorganisasjonane strevar med å arbeide seg rundt. Elles ville ein ikkje nytta seg av slike ekspressive kampanjar slik som Unicef og Plan Norge gjorde i desse tilfella. Men kan det eigentleg seiast å vere *organisasjonane* sitt *ansvar* å finne ein *kur* for compassion fatigue hjå publikum? Er det dei som må finne oppskrifta på korleis ein skal klare å engasjere folk i nok eit land, ein kultur eller eit folk som er råka av ei forferdeleg katastrofe? Er det publikum som må overtydast eller er det media? Leger uten grenser sin kampanje freistar å gjere media merksame på desse krisene. I eit ideelt samfunn ville dette kunne føre til at nettopp media er dei som får auga opp og ser nærare på problemet. Leger uten grenser kan ikkje ta på seg ansvaret åleine for å opplyse den generelle befolkninga, det ansvaret ligg også på media. Slik står det i dei generelle vilkåra PFU (Pressens faglege utval) har utforma for § 1 *Pressens samfunnsrolle* (2015) i *Vær varsom – plakaten* Under § 1.2 står det:

§ 1.2 Pressen ivaretar viktige oppgaver som informasjon, debatt og samfunnskritikk. Pressen har et spesielt ansvar for at ulike syn kommer til uttrykk (Vær varsom – plakaten, 2015).

På nettsidene til PFU finn ein også relevante rettningslinjer for det ansvaret som pressa har under *Prinsipputtalelser fra PFU* (presse.no, 2015). Her finn ein følgjande tolkning av *Vær varsom – plakten* og *Tekstreklameplakaten*.

Ved større ulykker eller katastrofer har mediene et klart informasjonsansvar, og en åpenbar rett til å bringe reaksjoner på hendelsen (presse.no, 2015).

I det etiske regelverket til pressa finn ein altså eit grunnlag for å argumentere for at formidling av kriser eller humanitære katastrofar verkeleg er noko media også har eit ansvar for. Men ikkje berre eit ansvar, dei har også ein sjølvsgd *rett* til det. Dei har både ansvar og rett til å informere oss og å hjelpe oss med å forstå.

Ein av respondentene sa følgjande, noko som kan seiast å være sær relevant for denne diskusjonen.

Eg forstår absolutt alt, men så samtidig så tenkjer eg at, guri, eg kan ikkje gjere... det kan eg, eg er rik, men kor skal du byrje? Og kor, kor, kor monna det i den store samanhengen. Sånn er det eg kjenner på (Resp. 3, s. 11).

Kven er det som egentleg skal hjelpe oss med å forstå «...kor det monna i den store samanhengen»? Leger uten grenser jobbar hardt for alle dei som er råka i dei områda dei opererer i. Dersom dei i tillegg til dette skal ha hovudansvaret for å hjelpe oss med å forstå både omfang, kva stoda er og kvar me må rette fokus, så vil det gå utover det arbeidet dei utfører i felt. Ein kan ikkje gjere alt sjølve, media har også eit ansvar.

10.2 Compassion fatigue og vinkling i media

Dersom ein skal knyte denne studien opp mot dei generelle media, så meiner eg at det vil vere relevant å trekke han inn i ein debatt rundt medieteorien kring *vinkling* og *framing*. Mengde negativ informasjon kan nettopp knytast til det at det er media som bestemmer kva som skal vere på framsida. Er det dei positive eller negative fakta som skal takast med? Har dette noko å seie for det redaksjonen meiner har størst nyheitsverdi eller størst salspotensial?

I dagens kommersielle nyheitssamfunn, der salet av nyhende, klikksaker og annonseplass er viktig for at medieinstitusjonane skal kunne overleve, kan det argumenterast for at det er dei ekstreme og umiddelbare krisene som får spalteplass. Det er ikkje dei krisene som nødvendigvis treng mest merksemd, men derimot dei som genererer flest klikk i ei nettavis. Men dei krisene som vert omtala i denne kampanjen, er jo også ekstreme. Dei er kanskje ikkje like spektakulære fordi dei krev ei viss forståing av sosiopolitiske og kulturelle tilhøve. Det er kriser som, å sjå til, ikkje har byrjing eller slutt. Eit område som eksempelvis har vore ramma av konflikt og uro i fleire år, vil krevje eit større kognitivt engasjement av ein lesar enn til dømes om ein naturkatastrofe råkar eit område som ikkje nødvendigvis er kjent for sosio-politiske eller kulturelle problem frå før.

Som eit bidrag til denne debatten om fokus i media er det relevant å på ny trekkje inn nokre av synspunkta til *Elisabeth Eide*. Som nemnt i introduksjonen, tek hennar artikkel *Journalisten og De der nede* (1999) opp interessante perspektiv som godt kan nyttast i denne diskusjonen. Ho seier at *elendigheitsreportasjar* kan vere heilt på sin plass, men spørsmålet er om det i høveleg grad vært supplert av det motsette (Eide, 1999, s. 17). Dersom ein altså ser føre seg at den relative *mengda elendigheitsreportasjer* er større enn *mengda ordinærreportasjer* frå eit aktuelt land eller område. Ein ser også føre seg at dette har noko å seie både for om publikums reaksjon eller oppfatning av reportasjesubjektet er negativ. Kan ein norsk medieinstitusjon, på bakgrunn av det som kjem fram av *Vær varsom plakaten*, verkeleg stå inne for at dette er heilt i tråd med det presse-etiske idealet om at media har eit «*informasjonsansvar*»? Og vil ikkje dette også stå i kontrast til det som står i § 1.2 om at «*Pressen har et spesielt ansvar for at ulike syn kommer til uttrykk*»? Det er sjølvsagt at ein må kunne rapportere frå akutte kriser, men ein må også gjere sitt for å jamne ut overvekta av elendereportasjane. Om ein tek opp att teorien om *framing*, kan ein diskutere om det er i vinkling og utval av nyhende at endringa kan gjerast. Ein kan argumentere for at ei *elendigheitsvinkling* må møtast av ein *ordinær vinkling* for at ein «*journalist frå det rike Europa kan kome til eit stadium der ho snakkar på vegne av andre (slik dei heile tida gjer) på ein måte som gir meining (i tydinga ikkje-hierarkisk, fri for kolonianismens og nykolonianismens spor) for dei andre, der nede* (Eide, 2001, s. 24)»?

11.0 Kjelder

LITTERATUR:

Andersen, Ø. (1995): *I retorikkens hage*. Oslo, Universitetsforlaget.

Arendt, H. (1963): *On Revolution*. London, Penguin Books Ltd.

Atkinson, M. (2005): *Our Masters' Voice – The Language and Body Language of Politics*. New York, Routledge.

Barthes, R. (2009): *Den gamle retorikken*. Oslo, Spartacus forlag A/S.

Bengtsson, M. (2014): *For borgeren, tilskueren eller den indviede? En praksisorientert retorisk kritikk af avisens politiske kommentarer*. Ph.d.-avhandling, Københavns Universitet, Det Humanistiske Fakultet.

Birdsell, D. S., Groarke, L., Guest Editors (2007): *Outlines of a Theory of Visual Argument. Argumentation and Advocacy*, 43 (vinter og vår), s. 114-123.

Boltanski, L. (1999): *Distant Suffering – Morality, Media and Politics*. Cambridge, Cambridge University Press.

Boltanski, L. (1999): *Taking Sides*. Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A., Murdock, G. red. *The Public Sphere III* (2011). London, SAGE Publications Ltd, s. 359-375.

Brooks, C., Warren, R. P. (1972): *Modern Rhetoric – Shorter Third edition*. New York, Chicago, San Fransisco, Atlanta, Harcourt Brace Jovanocih, Inc.

Brummett, B. (2006): *Rhetoric in Popular Culture – Second Edition*. 2. utg. California, London, New Dehli, Sage Publications, Inc.

Bryman, A. (2012): *Social Research Methods*. 4. utg. Oxford, New York, Oxford University Press, Inc.

Chouliaraki, L. (2013): *The Ironic Spectator: solidarity in the age of post-humanitarianism*. Cambridge, Polity Press.

Eide, E. (1999): Journalisten og «De der nede» (Vesten og resten). *Nordicom Information* [Internett] , 1999, 4, s. 9-19. Tilgjengeleg frå:

<http://www.nordicom.gu.se/sites/default/files/kapitel-pdf/12_009_020.pdf> [Lest 25. september 2014]

Eide, E. (red.) (2001): *De der nede – Reportasje utenfor allfarvei*. 2. utg. Kristiansand, IJ-forlaget.

Eide, T. (2006): *Aristoteles*. Oslo, Vidarforlaget A/S.

Eide, T. (2004): *Retorisk leksikon*. Oslo, Spartacus forlag AS.

Ericsson, K. A., Simon, H. A. (1993): *Protocol Analysis – Verbal Reports as Data, Revised Edition*. Cambridge, Massachusetts, London, England, Massachusetts Institute of Technology.

Graber, D. A. (2001): *Processing Politics: Learning from Television in the Internet Age*. 4. utg. Chicago, The University of Chicago Press.

Gentikow, B. (2005): *Hvordan utforsker man medieerfaringer? – Kvalitativ metode*. Kristiansand, IJ-forlaget.

Gripsrud, J., Moe, H. (2010): *The Digital Public Sphere*. Gøteborg, Nordicom.

Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A., Murdock, G. (red.) (2010): *The Idea of the Public Sphere*. Plymouth, Lexington Books (Rowman & Littlefield Publishers, Inc.).

Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A., Murdock, G. (red.) (2011): *The Public Sphere III*. London, SAGE Publications Ltd.

Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A., Murdock, G. (red.) (2011): *The Public Sphere IV*. London, SAGE Publications Ltd.

Hatfield, K. L., Hinck, A., Birkholt, M. J. (2007): Seeing The Visual Argumentation: A Rhetorical Analysis of Unicef Belgium's Smurf Public Service Announcement. *Argumentation and Advocacy*, 43 (vinter og vår), s. 144-155.

Höijer, B. (2004): *The Discourse of Global Compassion: The Audience and Media Reporting of Human Suffering*. I: Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A., Murdock, G. red. *The Public Sphere III* (2011). London, SAGE Publications Ltd, s. 375-397.

Jakobsen, G. D. (2008): *Verdensbilder og selvbilder: norske bistands- og misjonsorganisasjoners bilder av Afrika: en studie av Røde Kors og Norsk Luthersk Misjonssambands tekster om Kenya og Etiopia 1980-1985 og 2000-2005*. Akademisk avhandling, Universitetet i Oslo.

Jamieson, K. H. (1988): *Eloquence in an Electronic Age – The Transformation of Political Speechmaking*. New York, Oxford University Press, Inc.

Johansen, A. (2008): *Talerens troverdighet – Tekniske og kulturelle betingelser for politisk retorikk*. Oslo, Universitetsforlaget.

Kjeldsen, J. (2014): *Hva er retorikk?* Oslo, Universitetsforlaget.

Kjeldsen, J. (2013): *Retorikk i vår tid*. Oslo, Spartacus forlag A/S.

Kjeldsen, J. (2011): *Tale med bilder – tegne med ord. Det visuelle i antik retorik og retorikken i det visuelle*. Oslo, Spartacus forlag.

Moeller, S. D. (1999): *Compassion fatigue – How the Media Sell Disease, Famine, War and Death*. New York, Routledge.

Pernot, L. (2005): *Rhetoric in Antiquity*. Washington D.C., The Catholic University of America Press.

Smith, V. J. (2007): Aristotle's Classical Enthymeme and The Visual Argumentation of the Twenty-First Century. *Argumentation and Advocacy*, 43 (vinter og vår), s. 114-123.

Sogn, C. G. (2012): *Journalister og ideelle organisasjoner : en kvalitativ analyse av relasjonen mellom journalister og informasjonsmedarbeidere i ideelle organisasjoner*. Akademisk avhandling, Universitetet i Oslo.

Sontag, S. (2003): *Regarding the Pain of Others*. London, Penguin Books Ltd.

Warnick, B. (2007): *Rhetoric Online*. New York, Peter Lang Publishing, Inc.

Wess, R. (1996): *Kenneth Burke – Rhetoric, Subjectivity, Postmodernism*. Cambridge, Cambridge University Press.

Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K., Larsen, L. O., (2007): *Metodebok for mediefag*. 3. utg. Bergen, Fagbokforlaget.

NETTSTADER:

Leger utan grenser (u.d., 2014) *Glemte kriser 2014* [Internett] Leger utan grenser.

Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Lest 15. oktober 2014]

PLAN Norge (u.d., 2014) *Theas bryllupsblogg* [Internett] PLAN Norge. Tilgjengeleg frå:

<<http://theasbryllup.blogg.no/>> [Lest 15. oktober 2014]

Store norske leksikon (u.d., 2014) *Store norske leksikon* [Internett] Store norske leksikon.

Tilgjengeleg frå <<https://snl.no/>> [Lest 12. september 2014]

FIGURAR:

Figur 1: Smurf Public Service Announcement (2014) [internettfoto/skjermdump] Tilgjengeleg frå:

<https://www.google.no/search?q=smurf+public+announcement&espv=2&biw=1366&bih=667&source=lnms&tbm=isch&sa=X&ved=0CAYQ_AUoAWoVChMI2-y37ti6xwIV54NyCh3fvg3N#tbm=isch&q=smurfs+unicef+&imgsrc=pJT0csIE_7NsUM%3A> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 2: Theas bryllup (2014) [internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeligg frå:

<<http://theasbryllup.blogg.no/>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 3: Framside 1 (2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 4: Framside 2 (2014), *Figur 10: Framside 2* (2014) og *Figur 12: Framside 2* (2014)

[Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 5: Framside 3 (2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 6: Framside 4 (2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 7: Artikkel (1 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land og
Figur 13: Artikkel: Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land (2014)
[Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Pakistan-15-millioner-tvunget-p%C3%A5-flukt-i-eget-land>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 8: Artikkel (2 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land
(2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Pakistan-15-millioner-tvunget-p%C3%A5-flukt-i-eget-land>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 9: Artikkel (3 av 3): Pakistan: 1,5 millioner mennesker tvunget på flukt i eget land
(2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Pakistan-15-millioner-tvunget-p%C3%A5-flukt-i-eget-land>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 11: Framside 5 og Figur 19: Framside 5 (2014) [Internettfoto/skjermdump].
Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 14: Artikkel: Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt (2014)
[Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Mauritania-Forferdelige-forhold-maliere-p%C3%A5-flukt>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 15: Artikkel (1 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (2014)
[Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Svangerskap-og-f%C3%B8dsel-dreper-800-kvinner-hver-dag>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 16: Artikkel (2 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Svangerskap-og-f%C3%B8dsel-dreper-800-kvinner-hver-dag>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 17: Artikkel (3 av 3): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag (2014) [Internettfoto/skjermdump]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Svangerskap-og-f%C3%B8dsel-dreper-800-kvinner-hver-dag>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 18: Framside 6 (2014) [Internettfoto/skjermdump] Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

Figur 20: Artikkel: Vaksinemangel tar liv i kriser (2014) [Internettfoto/skjermdump] Tilgjengeleg frå: <<http://www.legerutengrenser.no/Glemte-kriser/2014/Vaksinemangel-tar-liv-i-kriser>> [Hentet 21. oktober 2014].

VEDLEGG:

Sidetala som det er referert til i sjølve oppgåva vil ikkje stemme overeins med dei sidetala samtalane har i vedleggsdelen. Den som les dette må difor sjå bort frå dei sidetallene som står *i denne delen av dokumentet* og nytte seg av dei som er presisert i *studien*.

Samtale med respondent nr. 2, 09.01.2015.

INNLEIANDE SPØRSMÅL:

I: Ja, då kan vi jo først begynne med noen helt standard ting då, eh, med navn og yrke og utdanning og alder og, ja, bosted, kanskje?

R: Ja, (eige namn), født i 1948, lærar, eg jobbar som lærar og har vore telegrafist og studert antropologi, sosialantropologi, bor på (heimstad) i (heimstad), det e vel det å sei.

I: Ja.

R: Ja.

I: Er det høgskule eller universitetutdanning?

R: Eh, eg har høgskole og universitetsutdanning.

I: Ja.

R: Lærarhøgskolen og Universitet i Bergen.

I: Mhm, ja. Så lurar eg på om du har noen erfaringer med, eh, eg kan rett og slett bare bla den opp for eg har noen spørsmål her, viss eg finner det igjen då, det er litt rotete her, skal vi se.

I: Kva er ditt forhold til nødhjelpsorganisasjoner?

R: Nei det prøver eg å støtta, eg støtta Kirkens nødhjelp med fast bidrag, eh, og Leger uten grenser. Eh, har veldig sympati for det arbeidet de drive.

I: Mhm.

R: Eh, fleire enn dei då.

I: Ja. Ja, eh, kjenner du til nødhjelpsorganisasjoner som har etablert seg eller holder til i Norge?

R: Ja, dei eg nevnte e jo, eh, Kirkens nødhjelp e jo norsk, Leger uten grenser e vel ein norsk avdeling av en global, eh, har du, eh, ka det heite, norsk folkehjelp, du har jo, ja, du har jo mange egentlig, eh, det e noe som heite, ja det her SOS-barnebyer og fleire, eg komme ikkje på navnet på alle...

I: Nei.

R: ...Redd barna, Røde kors, eh, ja du har fleire.

I: Mhm.

R: Og eg bidrar jo med økonomisk støtte til...

I: Ja.

R: ...to av de då.

I: Mhm. Er du tilknyttet noe sånn nyhetsbrev eller bruker noe presse materialet som organisasjonen

selv produserer?

R: Eg får jo tilsendt fra Kirkens nødhjelp og spesielt sende jo Leger uten grenser en del då, men eg, ja, eg kikka litt over det, men eg lese det ikkje godt.

I: Nei.

R: Prøva å arkivere noe av det.

I: Ja. Eh, har du noen sånn spesiell grunn til at du velger å...

R: Neida.

I: ...nei, det er mer bare, ja, sånn det, sånn det e?

R: Det, jada, altså det e, eg har ikkje bedt om å få da.

I: Nei.

R: Så eg har ikkje brukt tid på å følge med, eg syns de gjør en god jobb, sånn utifra det...

I: Ja.

R: ...eg kjenne te de.

I: Ja.

R: Og syns de framstår så seriøst jobbande då og på en måte prøve å utvikle seg utifra ting som de blir kritiserte på og så, og det var jo sist i nyhetene no, var det ett eller annet så det gjaldt Kirkens nødhjelp så de innrømte at de ikkje var god nok på, utan at eg huska akkurat ka det va.

I: Ja.

R: Eh, ja.

I: Kordan, har du noen sånn formening om kordan de framstår i, i media? Disse organisasjonene?

R: Ja, eg syns de framstår veldig profesjonelt.

I: Ja.

R: Ja.

I: Mhm.

R: Tillitsvekkande.

I: Ja. Okei, ja. Då kan vi rett og slett gå på, siden då.

INNLEIANDE SPØRSMÅL FERDIG, 4.16 min.

MELLOMFASE: Her vert respondenten forklart korleis ho skal gjennomføre tenke-høgt-lese-delen av studiet. Dette er ein kort instruksjon/forklaring (intervjuer instruerer). Eg har instruert alle

respondentane på same måte (for likast mogleg utgangspunkt) og vil difor gjengje dette i studiet i staden for å gjennta denne instruksjonen i kvar enkelt transkripsjon.

LESING AV NETTSIDE (Framsida) TEK TIL VED 7.04 min.

R (Les): Denne videon skal du se med øynene lukket.

R (Kommenterer): Ja, ok, det var jo, *humrer*, den var jo litt tøff då.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eg hørte en fotograf som sa at han såg best når han hadde auene lukka, men no skal me se den filmen?

I: Ja. Då skal du få den her og så bare fortsetter du med å prate høyt mens du, mens du ser den.

R (Kommenterer): Ja, okei.

I: Skal vi se om vi har noe lyd her då. At det ikkje blir så grusomt høyt, men, eh, høres det greit ut?

R (Kommenterer): Eg høre ingenting forløpig. Ja, okei.

SER VIDEO 7.52 min.

R (Kommenterer): Skal eg gjør det altså *sikter til henvisningen om å se filmen med lukkede øyne*? (7.59 min)

I: Mhm.

R (Kommenterer): Skal, skal eg lukka auene? (8.11 min)

I: Ja, det kan du.

I: Så kommenterer du litt underveis.

R (Kommenterer): Dette var forferdelig vanskelig å forestille seg. (8.31 min)

R (Kommenterer): Det var heilt umulig å forestille seg syns eg. (9.01 min)

R (Kommenterer): Dette ble liksom bare som en fortelling som blir lest, eg, eg klare ikkje å forestille meg sjølv inn i dei situasjonane, rett og slett altså. (9.38 min)

I: Nei.

R (Kommenterer): Ja eg må gjør det. (10.20 min)

R (Kommenterer): No ser me han ein gong te? (10.45 min)

I: Ja. Det kan du.

SER VIDEO PÅ NYTT 10.55 min.

I: Kommenter bilder og bruk av tekst og alt sånt. Om det passer sammen eller. (11.05 min)

R (Kommenterer): Ja. (11.10 min)

R (Kommenterer): Nei, eg syns jo det e bra, eh, kontrast mellom vår virkelighet og deiras. (11.53 min)

I: Mhm.

R (Kommenterer): Det hjelpe jo meg å forestille det i, i, i min virkelighet då. (12.04 min)

I: Mhm.

R (Kommenterer): Syns det var tøft at, eh, de forsvinne ut av bildet. (12.13 min)

I: Mhm.

R (Kommenterer): Kjempebra kont, satt opp mot kverandre. (12.27 min)

I: Mhm.

R (Kommenterer): Altså syns, nå e eg, det e heilt utrolig at dei her bildene, på en måte, klare å gjør det så eg ikkje klarte sjølv aleine, når eg lukte augene igjen. (12.41 min)

R (Kommenterer): Nei eg syns det var veldig virkningsfullt eg. (13.27 min)

I: Ja?

R (Kommenterer): Skal me lesa nedover her nå eller?

I: Ja, eg kan bare pause så kan du.

MELLOMFASE: Her vert respondenten forklart korleis ho skal gjennomføre tenke-høgt-lese-delen av studiet. Dette er ein kort instruksjon/forklaring (intervjuer instruerer). Eg har instruert alle respondentane på same måte (for likast mogleg utgangspunkt) og vil difor gjengje dette i studiet i staden for å gjennta denne instruksjonen i kvar enkelt transkripsjon.

LESING AV NETTSIDE (Framsida) TEK TIL VED 14.02 min.

R (Les): Vi har aldri tidligere hatt så god tilgang på nyheter og mulighet til å dele informasjon som vi har i dag. Med all den informasjonen tilgjengelig, er det forunderlig mye vi ikke vet om mennesker som lider i stillhet i årevis.

R (Kommenterer): Ja, det e jo heilt enig i og, eh, var sist i går på eit møte i Bergen om klima, formidling av klimakrisen og det var blant annet Bergens Tidende, som sa at dei skreiv mye godt om klima, men eg kommenterte jo at viss de hadde kutt ut å skrive så mye sport, med begrunnelsen at de heller ville prioritere stoff om klima...

I: Mhm.

R (Kommenterer): ...så hadde det vært en vekker for folk og, eh, det kunne en jo sagt her også. Kutt ut sport, en del av sporten, med begrunnelsen skriv meir om dei glemte krisene.

I: Ja.

R (Kommenterer): Det er den umiddelbare reaksjonen då.

I: Ja.

R (Les): Som i Den sentralafrikanske republikk. Leger Uten Grenser har snakket ut og ropt høyt om den vedvarende humanitære krisen, ustabiliteten og den totale mangelen på et skikkelig helsesystem i landet i mange år. Få eller ingen har brydd seg.

R (Kommenterer): Det e sikkert heilt rett. Eh, eg trur jo og Leger uten grenser må oppleve det samme då, som, som mange av dei som skrik opp om klimaet. Eh, folk, eh, ser ikkje ut som om de bryr seg, de ser ikkje, det går inn på de, men så på ein eller annen måte så føre det ikkje til handling.

R (Les): Det er først når den humanitære krisen utvikler seg til et humanitært helvete på jord, med menneskejakt, nedslaktninger og hundretusener på flukt, at media og folk begynner å lette på øyelokkene.

R (Kommenterer): Eh, ja, eh, når det komme til det punktet vi, som folk føle de kan gjør noe, for eksempel bli med å sende inn penger til ein konto eller et eller annet som skjer på, eh, ja, og kor nordmenn og europearar er involvert, sånn som tsunamikrisen, eh, då involvere en seg i hvert fall. Noen gjør det jo direkte i nødhjelp organisasjonar, andre med å gi penger då.

I: Ja. Ka syns du om sjølve liksom formuleringen då? Teksten og måten den er framstilt på?

R (Kommenterer): Nei, eh...

I: God eller dårlig måte?

R (Kommenterer): ...eh, fekk i hvert fall meg på sporet på det, ordene menneskejakt, nedslaktning og hundre tusener på flukt. Eh, eg vett ikkje om uttrykket å lette på øyelokkene, eh, reagerte kanskje litt negativt på akkurat det uttrykket då.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, at folk begynne å reagere og å bry seg. Eh, tenke eg.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Men, men det har ofte og med at det involvere noen av våre...

I: Mhm.

R (Kommenterer): ...då får det så mye mer oppmerksomhet.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh.

R (Les): I år står ikke Den sentralafrikanske republikk på lista, men det gjør ti andre kriser som pressen, politikerne og folk flest lukker øynene for.

R (Kommenterer): Eh, ja.

R (Les): Derfor må vi åpne øynene.

R (Kommenterer): Så e det jo på en måte, kor mye klare en å ta inn og...

I: Mhm?

R (Kommenterer): ...av kriser då.

I: Ja?

R (Kommenterer): Det e jo en enorm mulighet nå når det gjeld å få nyheter.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, og det e enormt mye, mange aktører som presse på om vår oppmerksomhet. Så, så blir jo, en kamp om å få oppmerksomheten og, og midlene en bruke må kanskje, ja, bli sterkare og sterkare, eller meir og meir i øyefallende.

I: Ja.

R (Kommenterer): Eh, og så skjer det så mye dramatisk og, så ikkje e direkte kriser, men som, som og denna here, angrepet i Frankrike og på det, på det satiremagasinet.

I: Ehm, er det noko som føles, kan føles slitsomt?

R (Kommenterer): Eg tror absolutt det blir mye for folk. For, for folk må, eh, føle behov for å stenge noe ute rett og slett.

I: Mhm. Kordan føler du at noe sånt som det her påvirker deg?

R (Kommenterer): Nei eg, eh, eg, eh, har sikkert samme beskyttelsesbehovet, men, men eg e litt, blir litt nysjerrig på ka Leger uten grenser vett om kas kriser som ikkje e framme i media.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, så, for, på meg vekke det litt interesse altså, det gjør det.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, og, det *humrer*, det må jo fram fordi om det er mye, det må jo det altså.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Ja. Skal med bla litt opp så lese eg glemte kriser då.

I: Ja.

R (Les): Glemte kriser: Tsjad...

R (Kommenterer): Her og syns eg det en luftig, eh, layout her så det e lett å få oversikt. Korte setningar og avsnitt.

R (Les): ...Tsjad: forventet levealder 51 år.

R (Kommenterer): Ja, eg, eg har jo, eh, litt kjennskap til forholdene i Mali. Skulen vår har ein vennskapsskule i Mali. Og har jo snakkt litt om Mali då og at forventa levealdre har vært førtifem og har vore stigande dei siste åra, så Tsjad e jo ikkje så langt frå Mali, det ligg jo i Saelbeltet.

I: Mhm.

R (Les): Sykdommer som enkelt kunne vært behandlet dreper hundretusener i Tsjad, hvor de fleste lever uten leger, medisiner og helsehjelp.

R (Kommenterer): Ja, det e jo egentlig kjent då, men, eh, men at det her e knyttet til Tsjad spesielt e jo, tror eg veldig greit, Tsjad e jo eit land som nesten aldri e i media. Sett det litte granne i forbindelse med den islamistaksjonen i nord-Mali, så då kom det noen styrker frå Tsjad.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Som deltok, i FN-styrkene. Det e vel den eineste gongen, siste årene Tsjad har vore i nyheitene.

I: Ka syns du om setningen?

R (Kommenterer): Setningen syns eg e grei.

I: Ja? Noe du reagerer på?

R (Kommenterer): Neida.

I: Altså.

R (Kommenterer): Hvor de fleste lever uten leger, altså når du lese sånt så tenke du på kor mange titusen som leve uten leger, de fleste lever uten leger, medisener, helsehjelp, det, det må det jo være veldig få legar.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Veit ikkje om tallfesting hadde vore bedre, me har vel ein lege per tusen i Norge, e det ikkje sånn?

I: Mhm.

R (Kommenterer): Og så, når en ser sånne forholdstall så, så e jo det, eh, men hvor de fleste i landet eller noe sånt, flertallet av befolkningen lever uten grenser om det hadde vore betre.

I: Ja.

R (Les): Svangerskap og fødsel dreper 800 kvinner hver dag. På verdensbasis må én av tre kvinner føde uten lege eller jordmor til stede. Nesten alle bor i land uten skikkelig helsevesen.

R (Kommenterer): Ja, dette og har eg jo egentlig hørt om, eh. Umiddelbart så tenke eg kanskje til, eh, e detta en glømt krise? Men, men det kan jo være at eg har lest meir om Afrika enn gjennomsnittsnordmannen, i og med at me har den vennskapsskolen i Mali.

I: Mhm. Her noe du reagerer på eller?

R (Kommenterer): Nei, eh.

I: Eh, fin formulering, greie setninger?

R (Kommenterer): Ja.

I: Mhm. Kan eg bare pause deg litt her?

R (Kommenterer): Ja.

PAUSE I OPPTAKET VED 23.27 min.

R (Les): Pakistan: 1,5 millioner tvunget på flukt i eget land. Vold og konflikt driver mennesker fra hjemmene sine nordvest i Pakistan. Internflyktningene mangler mat, helsetjenester og tak over hodet.

R (Kommenterer): Ja, eh, veldig kontant og god informasjon, direkte syns eg og det, for meg så virker dette meir konkret enn det generelle bildet eg har av Pakistan som et problematisk land. Så dette må eg sei at eg ikkje visste, at det var så mye internflyktningar.

I: Mhm.

R (Les): Vaksinemangel tar liv i kriser. I akutte humanitære kriser er det ikke vold og skader som tar flest liv, men smittsomme sykdommer som meslinger, lungebetennelse og diaré.

R (Kommenterer): Eh, ja, det var jo og ein veldig konkret og kraftig påminnelse.

I: Mhm?

R (Kommenterer): Eh, og då begynne ein med ein gong å tenke på liksom vaksinemangel, koffor skulle det være det? Det skulle jo være tid å få fram vaksiner når det humanitære kriser.

I: Mhm.

R (Les): Mauritania: Forferdelige forhold for maliere på flukt. Over 60 000 maliere har flyktet fra vold og konflikt til nabolandet Mauritania. Nå lever de under livsfarlige og uverdige forhold i ørkenen.

R (Kommenterer): Javel, det og var nytt. Eg visste at det var flyktningar i nabolandet, eh, som ønsket å vende hjem då, til Mali, når det forhåpentligvis stabiliserer seg, men at de levde under livsfarlige og uverdige forhold i ørkenen i Mauritania, det hadde eg ikkje, det har eg ikkje hørt noen plass altså.

I: Nei. Ka syns du om formuleringen her? Kordan teksten er her?

R (Kommenterer): Nei, eg syns den e veldig grei og enkel og grei den, e han ikkje det då?

I: Mhm.

R (Kommenterer): Sekstitusen maliere, eg har jo lest tall som e fleire hundre tusen så e på flukt frå nord-Mali og i Niger og Tsjad og, men eg visste vel og at det var noen i Algerie, Mauritania, men nå lever de under livsfarlige og uverdige forhold i den ørkenen. Ja, greit formulert det.

R (Les): Multiresistent tuberkulose smitter 1400 mennesker hver dag.

R (Kommenterer): Oi. Det var litt sånn pang...

I: Mhm.

R (Kommenterer): ...opplysning syns eg.

I: Ja?

R (Kommenterer): fjorten hundre mennesker hver dag det e jo mye, då blir det liksom, kor mange då.

R (Les): Den dødelige sykdommen er motstandsdyktig mot vanlige tuberkulosemedisiner. Bare én av fem får behandlingen de trenger.

R (Kommenterer): Ja, då går eg utifra at dette e på verdensbasis. Då får du selfølgelig spørsmålet om kor, kor, ja, kor e detta mest akutt?

I: Er det noe du savner i teksten?

R (Kommenterer): Ja, kanskje en liten, noe opplysninger om det då. Men det er jo bare sånn, vett jo om at tuberkulose har blusset opp igjen eller kan være en sykdom som komme via innvandring då. Men, men, eh, tallene her og hver dag, var jo litt kraftig kost syns eg.

R (Les): Guinea: Bunnløs helsekrise. Guinea bruker tre hundre ganger mindre på helse per innbygger enn Norge. Hvert tiende barn dør før sin femårsdag.

R (Kommenterer): Ja, det e jo og sånn nyheter som en kjenner fra u-land, generelt, men at det e, her e det knyttet til Guinea, sånn ja. Bunnløs helsekrise, det e jo et kraftig uttrykk då, då må jo på en måte Guinea, sånn som eg tolke da, være ein av dei landene kor det e gale, kor det e aller værst *humrer*.

I: Ja. E det en litt generell, føler du liksom at dette er en litt generell beskrivelse kanskje?

R (Kommenterer): Høg barnedødelighet tenke eg jo på som, eh, som generelt i mange land i Afrika ja. Men, tre hundre ganger mindre på helse enn per innbygger i Norge det er jo slåande formulering då, som vise kor minimalt dei bruke på helse tenke eg.

I: Mhm.

R (Les): Lassa: Dødelig blødningsfeber rammer hundretusener.

R (Kommenterer): Lassa forbinn eg ikkje noko med. E det en by, område?

R (Les): Hvert år dreper lassafeber 5000 mennesker i Vest-Afrika. Det finnes ingen vaksiner, og dagens medisiner er altfor dyre for de fattige som rammes.

R (Kommenterer): Eh, det var jo heilt nytt for meg. Lassa har eg altså ikkj hørt om. Eh, det finnes ingen vaksiner og dagens medisiner er altfor dyre. Når det gjelder det med dyre medisiner og vaksiner så, så komme eg faktisk, det som eg tenke på då e, reagere på med detta, assosierer med detta det e jo selfølgelig, ein av kontaktpersonane i Mali, en farmasøyt som har jobba med å utvikle vaksiner fra plantemedisin og, og plantemedisindoktorer eller heksedoktorer då i Mali. Det, det har det sist eg snakke med han i fjor, så hadde de utvikla sju vaksiner, utifrå den lokale kunnskapen i Mali.

Eh, sånn som det e med, det med vaksiner og, eh, ka ska ein sei? Å være uavhengig av store vestlige patentordningar på medisiner, det e kjempeviktig, så kanskje en sånn nyhet som dette absolutt viktig å få fram og, og detta med, eh, både medicin og vaksiner då, som, eh, som, noe som skal være tilgjengelig for alle og, og minst mulig sånn privat kapitalistisk kontroll på.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, kjempeområde, å jobba på.

R (Les): Kala azar: Feberen som dreper 30.000 hvert år. Den dødelige sykdommen som først og fremst rammer fattige har utdaterte medisiner og smertefull behandling.

R (Kommenterer): Ja, det e det samme som over, totalt nytt for meg detta. Eh og nå begynne det jo å bli mye *humrer*, mye sånn elendighet her på sjukdomsområdet. Eh, men eg tror jo og når eg lese detta at det absolutt viktig og få det fram, sjølv om me snakke tidligare om at det e, det kan være mye elendighet, for mye elendighet å fordøye for den jevne, jevne mediebrukar.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, men så e det jo det at, sånn som meg, som er spesielt opptatt av vest-Afrika eller Mali, eh, når då du har noen du kjenne der du har en relasjon der borte og sånn vil det jo være. Noen ha relasjoner til ulike problemområder og ulike områder, så en, viss en vil engasjere seg så er det jo på en måte fleire muligheter, så...

I: Mhm.

R (Kommenterer): ...ja, det må jo bare fram.

I: Ja.

R (Les): En av tre har ingen lege å gå til. Hvert år dør 13 millioner mennesker av smittsomme sykdommer, fødselskomplikasjoner og underernæring. De fleste dødsfallene kunne vært unngått med tilgang på helsehjelp.

R (Kommenterer): Detta e og sånn generelt då på global basis, men det går jo på, på utbygging av helsevesen.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Og tilgang til helsegoder.

I: Ja.

R (Kommenterer): Eh, og, tenke jo umiddelbart på koffor pokker kunne ikkje meir penger gått til det enn til opprustning. Eh, ja.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Men det e jo, det blir jo en sånn generell, eh, altså detta e ein av tre, ein av ti glemte kriser, generell beskrivelse av for lite helsevesen generelt i verden, utbygt.

I: Ja.

R (Kommenterer): Ja, det var det eg hadde.

KOMMENTARAR TIL FRAMSIDA TEK TIL VED 33.49 min.

I: Ja. Ka tenker du no då, når du har lest, eller kordan føler du deg?

R (Kommenterer): *ler* Kordan eg føle meg?

I: *ler*

R (Kommenterer): Nei det e jo, det blir jo mye, men eg føle meg og opplyst. Altså her var en god del som eg ikkje visste om...

I: Mhm.

R (Kommenterer): ...eh, og noe som eg visste litt om og som eg fekk, bare via desse korte setningane, litt meir konkret kunnskap om.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Så, så det e jo med på å utvida bildet en har då av verdens tilstand.

I: Ja. Ka syns du på en måte om teksten som...

R (Kommenterer): Nei eg syns at tekstane var greie og forstå, det var lite sånn, vet ikkje om det var noe her som kunne missforståast, liksom ka ord en velger og sånn, eg syns det var, det var greit stort sett eg. Eh, for min del. Sammenlikningar, eller bruk av tall, var jo ikkje, der det var brukt var det jo opplysningar og ein av tre har ingen lege å gå til, ja.

I: Er det sånn at du husker på alt du har vært igjennom?

R (Kommenterer): Hvert år går tretten millioner mennesker. Ja, eh, huskar dei ti punktene?

I: Ja.

R (Kommenterer): Nja, veit ikkje om eg hadde klart å gjenngi de uten, eh, uten å sett, eh, det tror eg ikkje eg hadde klart, men det var jo noen sykdommer som eg ikkje hadde hørt om. Og detta med, med kvinner som dør i fødsel, eh, og detta med manglande medisiner og vaksine.

LESING AV NETTSIDE (Framsida) AVSLUTTA VED 35.48 min.

MELLOMFASE: Respondent vel artiklar. Her vert også respondenten forklart korleis ho skal gjennomføre tenke-høgt-lesesinga av artikkelen. Dette er ein kort instruksjon/forklaring (intervjuer instruerer). Eg har instruert alle respondentane på same måte (for likast mogleg utgangspunkt) og vil difor gjengje dette i studiet i staden for å gjennta denne instruksjonen i kvar enkelt transkripsjon.

LESING AV NETTSIDE (Artiklar) TEK TIL VED 36.20 min.

LESING AV EN AV TRE HAR INGEN LEGE Å GÅ TIL TEK TIL VED 36.20 min.

R (Les): En av tre har ingen lege å gå til. Hvert år dør 13 millioner mennesker av smittsomme sykdommer, fødselskomplikasjoner og underernæring. De fleste dødsfallene kunne vært unngått med tilgang på helsehjelp. Både smittsomme sykdommer og ikke-smittsomme sykdommer tar unødig livet av millioner av mennesker hvert år.

R (Kommenterer): Ja, eh, på en måte så, eg kjenner jo te Leger uten grenser, mange kjenne jo te det, og når du får logoen og det opp der så e det jo på en måte tillitsskapande tenke eg.

I: Mhm. Farger og sånn?

R (Kommenterer): Eh, nei, fargane treng jo ikkje vær meir fargerike enn dei e her.

I: Nei.

R (Kommenterer): Eh, tenke eg, og så, ja.

R (Les): Mangel på helsepersonell er en av hovedårsakene til at store deler av verdens befolkning ikke får den medisinske hjelpen de trenger.

R (Kommenterer): Forholdet mellom tekst og bilde her, eh, her ser det jo ut som det e ein pasient som e i hvert fall i eit sykehus. Og, og det bildet treng jo ikkje vise at det e mangel på Legar. Sjølv om det ikkje e ein lege på bildet. Så syns eg på en måte, tenke eg at, eh, okei kunne bildet vore enda meir strippa for, eh, for fasiliteter.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, ja, det ser jo ut som denne pasienten e i ein situasjon kor han blir tatt hånd om. Eh, men det, eh ja. Det e det eg umiddelbart tenke på då.

I: Kva følelser får du på en måte av bildet liksom? Tenker du at det er positivt at han hjelp eller?

R (Kommenterer): Ja, ja, ja. Jada, det gjør eg. Det er ein som i hvert fall e tatt vare på, men selvfølgelig når du forholder det opp mot teksten så, så tenke du deg då han kunne kanskje klart seg bedre då hvis han hadde fått legehjelp, men han e i hvert fall tatt hånd om.

I: Føler du at det, samsvarer bildet godt med teksten?

R (Kommenterer): Nei, kanskje det e det eg etterlyser litt då.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, at, eh, hadde han vært i en annen setting enn noe som liknar på eit sjukehus her eller det hadde vore flere pasienter uten sykesøstre og, og legar på bildet, uten, her ser det ut som om han har ett eller annet intravenøst, eh. Eh, eg ser jo meir for meg et bilde med masse pasienter altså, som ligge uten noe bandasje eller noen ting liksom.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Eh, hadde vore ein betre illustrasjon for å underbygge det poenget med at det e legehjelp som manglar.

I: Ja.

R (Kommenterer): Eller ein Lege, sånn som du ser litt fra Gaza, kor de, kor de, altså det, ja. Det ser jo så håpløst ut *VIKTIG*.

I: Mhm.

R (Kommenterer): Det går jo ikkje ann å rekke over alt *VIKTIG*.

I: Nei.

R (Kommenterer): Nei, men, men det e jo en annen type krise då. Skal me bla ned?

R (Les): Verden mangler over fire millioner helsearbeidere. På verdensbasis finnes det kun 35 helsearbeidere per 10.000 innbyggere. I Norge har vi til sammenligning 185 leger og sykepleiere per 10.000 innbyggere.

R (Kommenterer): Ja det og e kjempebra syns eg. Sammensetning av, av situasjonen, fordelingen.

R (Les): En tredjedel av verdens befolkning har ikke tilgang på helsetjenester fordi områdene de bor i mangler helsearbeidere.

I: Ja. Kordan reagerer du noe?

R (Kommenterer): Det e jo himla sterkt! Ein tredjedel av verdens befolkning. Det e jo kjempemye. Og då tenke du, eh, her må jo en skikkelig innsats te, tenke du. Her e eit område som må virkelig satses på , og det du høre mest om nå e jo det at kvite helsearbeidarar som blir smitta av Ebola.

I: Mhm.

